

Årsrapport 2023



Foto: Jan-Petter Dahl, TV 2

VISJONEN VÅR

TRYGG OG FRAMTIDSRETTA

VERDIANE VÅRE

Ansvar

Me har evne til å sjå, mot til å handla
Me ser og forstår heilskapen
Me er opne og direkte i samhandlinga

Engasjement og optimisme

Me er løysingsfokuserte og aktive
Det me vil, det søker me å få til
Me er i utvikling

Gjensidig respekt

Me kjenner kvarandre, og eg betyr noko
Alle skal ha reell medverknad på eigen
arbeidssituasjon
Tilsette skal sikrast deltaking i
avgjerdsprosessar

LEVEREGELEN VÅR

Me skal gjera kvarandre gode

gjennom å:

- yta service
- gi og ta imot tilbakemeldingar
- dela kunnskap og ferdigheiter
- heia fram gode idéar

«Me byggjer det gode i oss, når me gjer det gode ikring oss»

Arne Garborg

Innhald

Kommunedirektøren si innleiing.....	6
Framlegg til vedtak.....	7
Forklaringar.....	7
1 Samfunnsøkonomisk utvikling.....	8
1.1 Internasjonale og nasjonale utviklingstrekk	8
1.2 Krigen i Ukraina og flyktningar	8
1.3 Folketalsutvikling.....	9
1.4 Næringsutvikling.....	10
2 Økonomiske hovudtal	12
2.1 Driftsrekneskapen.....	12
2.2 Finansforvaltning	16
2.3 Balanse per 31.12.2023	17
2.4 Økonomiske nøkkeltal.....	21
3 Folkehelse.....	22
4 Tenester	26
4.1 Hovudtal per tenestekområde.....	26
4.2 Oppvekst.....	26
4.2.1 Økonomi.....	26
4.2.2 Rapportering om tiltak 2023	27
4.2.3 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Oppvekst	33
4.2.4 Utfordringar framover	45
4.3 Helse og velferd	47
4.3.1 Økonomi.....	47
4.3.2 Rapportering om tiltak 2023	48
4.3.4 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Helse og velferd	48
4.3.5 Utfordringar framover	57
4.4 Samfunn	58
4.4.1 Økonomi.....	58
4.4.2 Rapportering om tiltak 2023	58
4.4.3 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Samfunn	60
4.4.4 Utfordringar framover	69
4.5 Stabstenester.....	71

4.5.1 Økonomi.....	71
4.5.2 Rapportering om tiltak 2023	71
4.5.3 Vurdering og oppsummering av driftsåret for stabstenester	72
4.5.5 Utfordringer framover	76
5 Kommunen som arbeidsgivar.....	77
5.1 Rapportering om tiltak 2023	77
5.2 Vurdering og oppsummering av driftsåret	77
5.3 Utfordringer framover	83
6 Investeringar.....	85
6.1 Administrasjon og fellesprosjekt.....	86
6.2 Skular og barnehagar.....	87
6.3 Helse og velferd	88
6.4 Kulturbygg og kulturanlegg	89
6.5 Idrett og friluftsliv	90
6.6 Veg og parkanlegg	91
6.7 Vatn, avløp og renovasjon.....	92
6.8 Tomtesal.....	93
7 Brukartilfredsheit og tilbakemeldingar	94
8 Status politiske vedtak og planstrategi	98
8.1 Restanseliste politiske vedtak.....	98
8.2 Status Planstrategi 2020-2023	102
Planhierarki	103
8.3 Rapportering på Klima- og miljøplan 2023-2033	103
9 Nøkkeltal	105
9.1 Oppvekst.....	105
9.2 Helse og velferd	110
9.3 Samfunn	115
9.4 Administrasjon	121

Kommunedirektøren si innleiing

Geopolitisk uro påverkar Noreg i større grad, særleg i lys av den pågåande krigen i Europa. I løpet av året tok Time imot 122 flyktningar – færre enn året før, men langt fleire enn tidlegare år. Året har vore prega av høg inflasjon og hyppige renteaukar. Dyrtida krev meir av alle, også av Time kommune. Tenester til fleire skal løysast med avgrensa ressursar, både personell og pengar.


Økonomisk har 2023 vore eit krevjande år med netto driftsresultat på 26,4 millionar kroner og 1,4 % av driftsinntektene. Til samanlikning var netto driftsresultat 74,5 millionar kroner og 4,2 prosent av driftsinntektene i 2022. Disposisjonsfondet er redusert frå 12,9 % av driftsinntektene til 10,4 % i 2023. I 2023 har driftsinntektene auka med 7,7 % medan utgiftene har auka med 11,2 %. Skatteinntektene vart reduserte med 3,3 %. Rentene har stige gradvis ut over i året og renteutgiftene vart dobbelt så høge som i 2022.

Tenesteleveransane er pressa. Samla meirforbruk i tenesteområda er på 52,4 millionar kroner. Oppvekst har auka lønnskostnader knytt til rapporterte tiltak retta mot elevar med lovpålagt rett til spesialpedagogisk og tilpassa opplæring. Helse og velferd sitt meirforbruk skuldast ein stor auke i tenester grunna auka behov for tenester i heimen etter sjukehusopphald. Kinoen oppnår framleis ikkje ønska driftsnivå og volatile straumprisar gjennom året saman med vintervedlikehald er årsaker til meirforbruk i Samfunn. Kommunedirektøren er uroa over dei siste års meirforbruk og har initiert eit omfattande arbeid for å halda budsjetttrammer for 2024.

Sjukefråværet var på 7,5 % og er eitt prosentpoeng lågare enn året før. Arbeidet med sjukefråværsoppfølging har høg prioritering, noko som viser igjen når ein samanliknar sjukefråværestalet med andre kommunar i fylket.

Folketalet auka med 0,7 % i 2023 mot 2,2 % i 2022 og er lågare enn veksten på landsbasis på 1,1 %. Flytteoverskotet er på 48 personar i Time, og ville vore negativt utan busetting av flyktningar.

Kommunedirektøren ønsker å trekka fram innsatsen som vert gjort av medarbeidarane i Time kommune, i ei tid med brukarvekst og dyrtid, og takkar alle for innsatsen i driftsåret 2023.



Trygve Apeland
kommunedirektør

Framlegg til vedtak

1. Driftsrekneskapen for 2023 vert godkjent.
2. Investeringsrekneskapen for 2023 vert godkjent.
3. Årsrapporten for 2023 vert godkjent.

Forklaringar

KOSTRA-tala i statistikkdelen er foreløpige tal for 2023. Me samanliknar utviklinga i ein del utvalde nøkkeltal for Time med kommunane Hå, Klepp, Sandnes og kommunegruppe 7. Me tek atterhald om at det kan vera nokre feilkjelder i talmaterialet sidan kvalitetssjekka tal frå SSB først kjem i juni 2024.

Rekneskap for 2023 vert lagt fram i eige dokument «Rekneskap 2023». Dette viser kommunen sitt offisielle rekneskap og inneheld hovudoversikter for drifts- og investeringsrekneskapen, balansen og forklarande noter til rekneskapen. Alle notereferansar i årsrapporten viser til rekneskapsdokumentet.

Årsrapporten skal gjera tydeleg greie for i kva grad tiltaka i økonomiplanen er utførte. Alle tiltak frå økonomiplanen har fargekodar som viser om tiltaket er utført (grønt/U), delvis utført (gult/D), eller ikkje utført (raudt/I). Delvis utførte tiltak og ikkje utførte tiltak vert kommenterte. Utførte tiltak vert i hovudsak ikkje kommenterte.

1 Samfunnsøkonomisk utvikling

1.1 Internasjonale og nasjonale utviklingstrekk

2023 var prega av krig i Europa og geopolitisk uro fleire stadar i verda. I motsetning til året før har energiprisane stabilisert seg, men på eit høgare nivå enn før. Fjoråret var prega av høg inflasjon og hyppige renteaukar. Aktiviteten i norsk økonomi har lege under trend-veksten. Det har gjennom året vore eit relativt høgt press i arbeidsmarknaden, samtidig som arbeidsløysa har vore aukande. Det har vore ein nedgang i privat forbruk og investeringane i fastlandsnæringane samt ein nedgang i bustadinvesteringane. Offentleg etterspurnad har vakse om lag som den underliggende veksten i økonomien, medan eksporten frå fastlands-Noreg har auka litt meir.

Med tanke på etterspurnad, har det vore auka investeringar i oljeverksemda. Den svake utviklinga i etterspurnaden frå hushalda kan sporast tilbake til den seinare tids høge prisvekst og den kraftige renteauken. Lønnsveksten har også kome markert opp, men stadige overraskingar i form av auka prisvekst har bidrege til at det ikkje har vore nokon vekst i reallønna.

I utlandet og hos Noreg sine viktigaste handelspartnarar, som Storbritannia, Kina, USA og EU-landa, ser ein søkkande inflasjon etter svært høge nivå i 2022. Til liks med Noreg er forventa BNP-vekst også på veg ned for landets handelspartnarar. Auka politiske spenningar mellom USA og Kina, saman med den pågåande krigen i Ukraina og Midtausten, bidreg ytterlegare til uvisse om den internasjonale økonomiske utviklinga.

Ein vedvarande høg prisvekst har store kostnader for samfunnet og desto lenger prisveksten held seg oppe, desto større er faren for at han bit seg fast. Svekkinga av krona inneber store utfordringar for norsk økonomi. Det trekker inflasjonen opp, men bidreg til betra lønnsemd i den delen av norsk økonomi som konkurrerer med utlandet. Det er eit mål for sentralbankane i dei ulike landa å halda ei låg prisstiging. Verktøyet som vert nytta er å heva styringsrenta. Noregs Bank har sett opp renta i fleire omgangar gjennom året, og styringsrenta er nå oppe i 4,5 %.

Utsiktene for 2024 er at prisveksten vil dempa seg og at lønnsveksten blir høg. Effekten av auken i styringsrenta i desember slår inn på våren og det høge rentenivået vil påverka forbruk i hushalda, medan høgare reallønnsvekst taler for det motsette. Utviklinga framover er tett knytt til rentebanen, inflasjon og valutakurs som igjen heng saman med det som skjer i utlandet.

1.2 Krigen i Ukraina og flyktningar

Krigen i Ukraina fortset og fører til store mottak av flyktningar. I tillegg har det brote ut krig i Midtausten. Time fekk førespurnad om å ta i mot 185 flyktningar i 2023, og tok i mot 122 flyktningar mot 140 flyktningar i 2022. Alle desse skulle skaffast bustad, sosialhjelp, helsetilbod, barnehage, skule og vaksenopplæring. Mange har vore involverte for å rigga dette best mogleg. Dette har lagt press på organisasjonen. Dei tilsette har synt evne til omstilling og vore løysingsorienterte.


1.3 Folketalsutvikling

Folketal, fødsler, døde, inn- og utflytting 2020-2023

	2020	2021	2022	2023
Folketal pr. 1.1	18 916	19 106	19 353	19 781
Fødde	210	240	211	208
Døde	105	89	122	128
Fødselsoverskot	105	151	89	80
Innflyttarar	1 021	1 206	1 302	1 187
Utflyttarar	933	1 118	963	1 139
Flytteoverskot	88	88	339	48
Samla tilvekst	190	247	428	129
Folketal 31.12	19 106	19 353	19 781	19 910
Fødselsoverskot i %	0,56	0,79	0,46	0,40
Flytteoverskot i %	0,47	0,46	1,75	0,24
Folkevekst i %	1,00	1,29	2,21	0,65

Kjelde: SSB

Folkeveksten i 2023 var på 0,65 % og det lågaste kommunen har hatt dei siste fire åra. Flytteoverskotet er på 48 personer, og ville vore negativt utan flyktingane. Fødselstala var låge i 2022 med 211 fødte og held lågt med 208 fødte i 2023. I 2021 var talet på fødte 210.



Folkeveksten tok seg gradvis opp frå 2017 til 2022, men 2023 syner ein markant nedgang. Både fødselsoverskotet og flytteoverskotet er låge i 2023.

Folketal 2020-2023 per aldersgruppe

	2020	2021	2022	2023	Endring 20-23
0-2	679	682	706	696	2,5 %
3-5	763	766	752	710	-6,9 %
6-12	2 013	1 988	1 997	1 930	-4,1 %
13-15	761	811	870	902	18,5 %
Sum 0-15	4 216	4 247	4 325	4 238	0,5 %
16-19	960	969	977	1 016	5,8 %
20-66	11 487	11 575	11 804	11 889	3,5 %
Sum 16-66	12 447	12 544	12 781	12 905	3,7 %
67-79	1 759	1 853	1 943	2 020	14,8 %
80-89	576	585	600	619	7,5 %
90+	108	124	132	128	18,5 %
Sum 67+	2 443	2 562	2 675	2 767	13,3 %
Sum	19 106	19 353	19 781	19 910	4,2 %

Kjelde: SSB

Det er ein nedgang i barn i barnehagealder 3 til 5 år på 6,9 % i perioden 2020-2023. Aldersgruppa 67-79 år aukar i denne fireårsperioden med 14,8 %. Aldersgruppa 80-89 år aukar også med 7,5 %, medan aldersgruppa over 90 år aukar med heile 18,5 %. Samla folketal har auka i perioden med 4,2 %.

1.4 Næringsutvikling

	2019	2020	2021	2022	2023
Ingen tilsette	1 252	1 340	1 403	1 445	1 517
1-4 tilsette	325	326	322	328	331
5-19 tilsette	252	243	252	263	257
20-49 tilsette	67	74	74	67	73
50-99 tilsette	17	16	21	26	23
100 tilsette og meir	8	9	10	8	10
Sum	1 921	2 008	2 082	2 137	2 211


Kjelde: SSB

Arbeidsplassar og pendling i Time kommune per 31. desember

	2019	2020	2021	2022	2023
Arbeidsplassar	7 560	7 684	8 055	8 257	8 253
Innpendling	3 909	4 076	4 389	4 459	4 371
Utpendling	6 305	6 391	6 637	6 697	6 836
Arbeidsledige i %, årsgjennomsnitt	1,8	4,0	4,0	1,3	1,3
Konkursar	18	4	9	11	7

Kjelde: SSB

Det var 8 253 arbeidsplassar i Time i slutten av 2023. Statistikken syner at nedgang på innpendling gjekk ned medan utpendling auka.



Arbeidsløysa i Time og Rogaland er på eit lågt nivå etter høg arbeidsløyse som følge av oljenedgangen i 2014 og pandemien i 2020. Arbeidsløysa i Time var ved utgangen av 2023 på 1,4 % for Time og 1,9 % for landet. Tilsvarende tal for 2022 var 1,1 % i Time og 1,6 % i landet. Tendensen i starten av 2024 er stabil, med noko stigande arbeidsløyse.

2 Økonomiske hovudtal

I årsrapporten presenterer me eit utdrag av rekneskapstala for 2023 (i heile tusen kroner) og kommentarar til desse. I dokumentet «Rekneskap 2023» vert kommunen sitt fullstendige rekneskap med noter som gir utfyllande informasjon, presentert. Alle referansar i kapittel 2 viser til dette dokumentet. I dette kapittelet omtalar me driftsrekneskap og balanse, medan investeringane vert omtala under kapittel 6.

2.1 Driftsrekneskapen

Økonomisk oversikt drift § 5-6	Note	Rekneskap 2023	Budsjett 2023 m/endingar	Budsjett 2023 u/endingar	Rekneskap 2022
Driftsinntekter					
1 Rammetilskot		571 903	575 700	561 900	493 764
2 Inntekts- og formuesskatt		745 844	723 000	708 600	769 406
3 Eigedomsskatt		4 805	4 100	4 100	2 392
4 Andre skatteinntekter		0	0	0	0
5 Andre overføringer og tilskot frå staten		74 937	63 773	43 000	43 203
6 Overføringer og tilskot frå andre		296 596	251 237	164 312	268 594
7 Brukarbetalingar		57 277	52 396	58 395	57 664
8 Sals- og leigeinntekter		165 068	171 142	166 133	144 420
9 Sum driftsinntekter		1 916 431	1 841 348	1 706 440	1 779 444
Driftsutgifter					
10 Lønnsutgifter		991 728	950 270	884 382	896 243
11 Sosiale utgifter		260 870	259 661	236 737	214 790
12 Kjøp av varer og tenester		539 299	482 796	475 235	479 246
13 Overføringer og tilskot til andre		68 148	64 538	28 047	77 564
14 Avskrivningar	4	99 072	10 760	10 760	94 430
15 Sum driftsutgifter		1 959 117	1 768 025	1 635 161	1 762 274
16 Brutto driftsresultat		-42 687	73 323	71 279	17 170
Finansinntekter					
17 Renteinntekter		28 981	29 235	27 100	17 157
18 Utbytte	7	65 406	65 328	42 000	38 942
19 Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar	7	-206	0	0	-1 680
20 Renteutgifter	9	61 766	63 325	63 325	31 649
21 Avdrag på lån		62 398	63 300	63 300	59 902
22 Netto finansutgifter		-29 983	-32 062	-57 525	-37 131
23 Motpost avskrivningar		99 072	10 760	10 760	94 430
24 Netto driftsresultat		26 403	52 021	24 514	74 469
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:					
25 Overføring til investering		69 135	69 135	27 944	27 494
26 Avsetning til bundne driftsfond		9 150	1 260	0	16 870
27 Bruk av bundne driftsfond		-21 893	-2 650	-2 000	-21 259
28 Avsetning til disposisjonsfond		42 239	55 591	20	83 821
29 Bruk av disposisjonsfond		-72 228	-71 315	-1 450	-32 457
30 Dekning av tidlegare års meirforbruk		0	0	0	0
31 Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat		26 403	52 021	24 514	74 469
32 Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)		0	0	0	0

Rekneskapen viser eit netto driftsresultat på 26,4 millionar kroner i 2023. Det låge resultatet medførte at kommunen måtte redusera avsetningar til disposisjonsfond med 18 millionar kroner (post 28) for å gjera opp rekneskapen i balanse. Konsekvensen av dette er at det er nytta 18 millionar kroner frå det generelle disposisjonsfondet til å dekkja pensjonsforpliktinga i 2024. I 2021 og 2022 hadde Time kommune høvesvis eit netto driftsresultat på 108,5 og 74,5 millionar kroner.

Det som har påverka resultatet positivt er noko høgare skatteinntekter enn budsjettert og statstilskot til mottak av flyktningar. I tillegg vart det utbetalt eit ekstraordinært utbytte frå Lyse på 23,3 millionar kroner samt eit netto inntektsført premieavvik i pensjon. Utan desse inntektene ville resultatet vore nær 0.

Lyse Energi AS	2020	2021	2022	2023
Aksjekapital	58 843	58 843	58 843	58 843
Ansvarleg lån	104 976	99 144	93 312	110 808
Sum Lyse	163 819	157 987	152 155	169 651
Utbytte	34 992	36 742	37 908	*) 64 152
Mottatte avdrag	5 832	5 832	5 832	5 832
Renter	2 837	2 560	4 097	6 877
Sum inntekter	43 661	45 134	47 837	76 861

*) Ekstraordinært utbytte på 23,3 millionar kroner er omgjort til ansvarleg lån.

Det som i 2023 har trekt i negativ retning er eit meirforbruk i tenesteproduksjonen på 52,4 millionar kroner. Meirforbruk 2022 var på 34,4 millionar kroner.

Fordelt per tenesteområde	Budsjett	Budsjett			
	Rekneskap	m/endingar	u/endingar	Rekneskap	Avvik (B-R)
Netto driftsutgifter (i 1000 kr)	2023	2023	2023	2022	2023
Oppvekst	652 761	637 767	597 806	578 752	-14 994
Helse og velferd	512 361	482 091	446 443	456 477	-30 270
Samfunn	143 265	133 681	143 275	139 239	-9 584
Stabstenester	80 243	82 679	79 988	75 523	2 436
Sum netto driftsutgifter	1 388 630	1 336 218	1 267 512	1 249 991	-52 412

Driftsmidlane er fordelte mellom tenesteområda som vist i tabellen over. Generelt er eit særskilt sjukefråvær og kostnadsvekst gjennom året medverkande årsaker. Meirbruket i Oppvekst gjeld spesialundervisning i skulen og barnevern, mens vaksenopplæring har betydelege meirinntekter. Helse og velferd sitt meirforbruk skuldast ein stor auke i tenester grunna demografiske endringar og auka behov for omsorgstenester i heimen etter sjukehusopphald. Kinoen oppnår framleis ikkje ønska driftsnivå og volatile straumprisar gjennom året saman med vintervedlikehald er årsaker til meirforbruk i Samfunn.

Nærare omtale av dei enkelte tenesteområda kjem i kapittel 4.

Driftsinntekter

Driftsinntektene auka med 137 millionar kroner og utgjer ein vekst på 7,7 %. Veksten i 2022 og 2021 var på høvesvis 10,2 % og 11 %.

Skatteinntektene vart reduserte med 3,1 % og utgjorde ein nedgang per innbyggjar på 5,2 %. Time kommune hadde lågare skattenedgang enn landet som hadde 4,7 %. Nedgangen frå året før må sjåast på bakgrunn av at skatteinntektene i 2022 var ekstraordinært høge og heile 27 milliardar kroner høgare enn anslaget i Nasjonalbudsjettet for 2022. Skatteinntekter per

innbyggjar som prosent av landsgjennomsnittet vart auka frå 97,7 % i 2022 til 98,0 % i 2023.

Skatteinntekter	2023		2022		2021	
	Time	Landet	Time	Landet	Time	Landet
Skattevekst	-3,1	-4,7	11,4 %	12,7 %	22,6 %	16,0 %
Skattevekst per innbyggjar	-5,2	-5,8	9,5 %	12,0 %	21,3 %	15,5 %
Skatteinntekter per innbyggjar	98,3 %	100,0 %	97,7 %	100,0 %	99,4 %	100,0 %

Flyktnings situasjonen i 2023 har gitt oss auka statstilskot til integrering og opplæring med 32,4 millionar kroner og tenestene har fått tilleggsloyvd 20,7 millionar kroner.

Flyktning mottak (i 1000 kr)	Rekneskap 2023	Rekneskap 2022
Statstilskot flyktningar	70 673	41 026
Statstilskot vaksenopplæring	8 292	5 495
Sum kompensasjon	78 965	46 521
Ekstra tildeling tenestene	-19 683	-11 104
Ekstra tildeling vaksenopplæring (netto)*	-1 011	-440
Rest ikkje fordelt	59 282	35 417

Avviket mellom budsjett og rekneskap når det gjeld «overføringar og tilskot frå andre», kjem frå 17,7 millionar kroner i auka statstilskot og 20,5 millionar kroner i auka refusjonar frå andre kommunar.

Driftsutgifter

Driftsutgiftene auka med 11,2 % mot ein auke på 12,2 % i fjor. Veksten er reelt høgare då bruk av pensjonsfond og netto inntektsført premieavvik pensjon går til reduksjon av utgiftene. Veksten er høgare enn prisveksten i kommunesektoren på 5,5 % i 2023. Meirforbruket på lønn kjem frå auka aktivitet som har medført større bruk av overtid og ekstrahjelp.


Time kommunen har hatt sikringsavtale på straumkostnadane slik at kostnadsauken ikkje har slått rett inn i drifta. Kommunen har også noko kraft som vart selt til marknadsprisar. Trass i dette fekk kommunen ein netto meirkostnad på 5,8 millionar kroner på straum.

Pensjon

I 2023 gav premieavviket ei netto mindreutgift på 9 millionar kroner, inkludert arbeidsgivaravgift er beløpet 10,3 millionar kroner. Verknaden i 2022 var ei netto mindreutgift på 23,5 millionar kroner, inklusiv arbeidsgivaravgift er beløpet 26,9 millionar kroner. Pensjonspremien til KLP aukar når lønnsoppgjera vert høgare. Pensjonspremien kan delvis dekkast av premiefond. I 2022 brukte kommunen 20,2 millionar kroner av fondet og i 2023 vart det brukt 56,2 millionar kroner. Ved årsskiftet er det 45,7 millionar kroner på premiefond.

Netto driftsrekneskap

Netto driftsresultat er på 26,4 i 2023 og i tråd med budsjett. Netto driftsresultat for 2022 og 2021 var høvesvis 74,5 og 108,5 millionar kroner.



Netto driftsresultat for 2023 utgjør 1,4 av brutto driftsinntekter og tilsvarende tal for 2022 og 2021 var på høvesvis 4,2 % og 6,7 %. Dette er under nabokommunane Klepp og Hå, men over KOSTRA-gruppe 7 og landsgjennomsnittet.

Netto driftsresultat er påverka av nettoføring på pensjonsavvik som er omtala ovanfor og netto bruk av bundne fond. Det reelle resultatet for 2023 korrigert for endring i premieavvik og netto bruk av bundne fond, er vist i tabellen nedanfor. Korrigert for premieavvik og bundne fond er resultatet på 28,9 millionar kroner eller 1,5 % av brutto driftsinntekter. Tilsvarende tal for 2021 var 94,6 millionar kroner og 5,9 %. I 2023 fekk Time kommune eit ekstraordinært utbytte frå Lyse AS på 23,3 millionar kroner. Dette er med på å gi ein fiktiv oppblåsing av netto driftsresultat for året. Utbyttet er gjort om til eit ansvarleg lån med tilbakebetaling over 10 år. Korrigert for dette er netto driftsresultat på 0,3 %.

	2021	2022	2023
Netto driftsresultat	108 544	74 469	26 403
Premieavvik pensjon	-5 704	-26 858	-10 287
Netto bruk av bundne fond	-8 219	4 389	12 743
Ekstraordinært utbytte frå Lyse AS			-23 300
Sum korrigert netto driftsresultat	94 621	52 000	5 559
Korrigert netto driftsresultat	5,9 %	2,9 %	0,3 %
Kommunal målsetting	1,5 %	1,5 %	1,5 %

Finansinntekter/-kostnader

Rentenivået har gjennom 2023 vore stigande og renteutgiftene reflekterer også etterslepet frå året før. Renteutgiftene har auka med 30 millionar kroner samanlikna med 2022, men er om lag 1,5 millionar kroner under budsjett. Den siste rentehevinga i desember vil først få full effekt i 2024.

Renteinntektene er 12 millionar kroner høgare enn 2022 som følgje av auka rente og god likviditet.

Det er i 2023 bokført eit urealisert tap på aksjar på 0,2 millionar kroner. Finansplasseringane hadde i 2023 ei positiv avkastning på 6,2 %.

Årsoppgjersdisposisjonar

Overføringa frå drift til investering er på 69,1 millionar kroner og utgjer 5,2 % av samla skatt og rammetilskot. Dette er over måltalet på 2 %. Hovudgrunnen er omgjerung av ekstraordinært utbytte frå Lyse til ansvarleg lån og dessutan vedteken bruk av disposisjonsfond til investeringar i KS-32/23 Symjehall forprosjekt og KS-33/23 Rosseland skule – 9er bane.

I 2023, som i dei fire føregåande åra, er det ikkje sett av midlar til overskotsfond for tenestene og det er heller ikkje finansiert meirforbruk ved å framføra dette til dekning i 2024.

Grunngivinga for dette er at alle tenestemråda går med meirforbruk.

Udekt meirforbruk på 18 millionar kroner er strokne frå avsetning til disposisjonsfond i samsvar med forskrifter for kommunal økonomiforvaltning.

Premieavviket i pensjon for 2023 var på 54 millionar kroner. I samsvar med budsjettvedtaket skal heile denne summen settast av til disposisjonsfond for å dekkja tilsvarende utgiftsføring i 2024. Premieavviket for 2022 på 44 millionar kroner er utgiftsført i 2023 og dekkja av disposisjonsfond.

Sjølvkostenestene vatn, avløp og renovasjon hadde i 2023 store meirforbruk og har netto framført underskot på 13,1 millionar kroner ved utgangen av året.

2.2 Finansforvaltning

Aksjemarknaden i 2023 har overraska positivt trass i høgare inflasjon etterfølgt av høgare renter. Hovudindeksen er opp med 9,9 %. For kommunen sine investeringar har avkastninga vore på 6,4 %. Indeksen for sjømat er opp 9,1 % etter eit år med heftige svingingar og indeksen for eigenkapitalbevis er opp med 18 %.

Kommunen investerer i solide selskap registrert på Oslo børs og selskap som normalt betaler utbytte.

Aktivklasse (i 1000 kr)	Marknads- verdi 31.12.2022	Marknads- verdi 31.12.2023	Realisert tap/gevinst	Urealisert tap/gevinst	Avkastning i prosent	Ramme i finans- reglement
Pengemarknads- og obligasjonsfond						50 mill. kr
Obligasjonar utstedt av finansinstitusjonar						20 mill. kr
Obligasjonar utstedt av norske selskap						
Aksjefond	9 865	10 189	789	80	8,8 %	20 mill. kr
Aksjar/eigenkapitalbevis i norske selskap	7 058	6 772	465	-286	2,5 %	15 mill. kr
Aksjar i utanlandske selskap						2,5 mill. kr
Sum	16 923	16 961	1 254	-206	6,2 %	

Finansporteføljen har per 31.12.2023 uendra marknadsverdi samanlikna med 2022. Det er mottatt 1,2 millionar kroner i utbytte frå finansplasseringane i 2023, kor 0,2 millionar kroner frå utbytte i aksjefondet er reinvesterte i same fond. Urealiserte tap i 2023 er på 206 000 kroner og tapet er mykje lågare samanlikna med 2022, som var på 1,7 millionar kroner. Kostpris for porteføljen er på 13,2 millionar kroner og urealiserte gevinstar er ved utgangen av året på 3,7 millionar kroner jamfør note 7.

Kommunen har 1 492 millionar kroner i pensjonsmidlar som vert forvalta av KLP.

Avkastninga ut over garantert rente av desse midlane vert avsett til premiefond. Det endelege oppgjeret kjem med kontoutskrifta i mai 2024. Premiefondet er før tilføring av avkastning for

2023 på 45,7 millionar kroner. Av fondsmidlane er det budsjettert med bruk av 30 millionar kroner i 2024.

2.3 Balanse per 31.12.2023

Balansen viser verdien av eigendelane til kommunen og korleis desse er finansierte i form av eigenkapital og gjeld.

Anleggsmidlar

Verdien av faste eigedommar, utstyr og maskinar har netto auka med 376 millionar kroner. Dette gjeld nye investeringar i 2023 minus avskrivningar, nedskrivningar, korrigeringar frå tidlegare år og eventuelle sal. Anleggsmidlar som er mottekne vederlagsfritt har ikkje stått i balansen tidlegare år. Dei er i 2023 tatt inn med 164,4 millionar kroner.

Pensjonsmidlane auka med 130 millionar kroner i 2023.

Omløpsmidlar


Omløpsmidlane er auka med 13,2 millionar kroner. Likvide omløpsmidlar er auka med 15,9 millionar kroner. Kundefordringar og andre kortsiktige fordringar er reduserte med 13 millionar kroner, mens inntektsført premieavvik er auka med 10,3 millionar kroner. Samla gir dette ein reduksjon av Kortsiktige fordringar på 2,7 millionar kroner.

Økonomisk oversikt balanse § 5-8		Rekneskap 31.12.2023	Rekneskap 31.12.2022
Note			
EIGENDELAR			
A. Anleggsmidlar		4 953 010	4 415 754
I. Varige driftsmidlar		2 833 987	2 458 001
1. Faste eigedomar og anlegg	4	2 522 182	2 180 405
2. Utstyr, maskinar og transportmidlar	4	311 805	277 597
II. Finansielle anleggsmidlar		497 597	466 764
1. Aksjar og andelar	5	109 542	104 433
2. Obligasjonar		0	0
3. Utlån	6	388 055	362 332
III. Immaterielle eigendelar		0	0
IV. Pensjonsmidlar	11	1 621 426	1 490 988
B. Omløpsmidlar		542 152	528 919
I. Bankinnskott og kontantar		318 654	302 784
II. Finansielle omløpsmidlar		16 961	16 922
1. Aksjar og andelar	7	16 961	16 922
III. Kortsiktige fordringar		206 537	209 212
1. Kundefordringar		33 131	35 179
2. Andre kortsiktige fordringar		119 106	130 020
3. Premieavvik	11	54 300	44 013
Sum eigendelar		5 495 162	4 944 673
EIGENKAPITAL OG GJELD			
C. Eigenkapital		1 748 558	1 537 255
I. Eigenkapital drift		206 960	249 693
1. Disposisjonsfond		198 734	228 724
2. Bundne driftsfond	13	8 226	20 969
II. Eigenkapital investering		2 243	2 586
1. Ubundet investeringsfond		0	0
2. Bundne investeringsfond	13	2 243	2 586
3. Udekka beløp i investeringsrekneskapen		0	0
III. Annan eigenkapital		1 539 355	1 284 976
1. Kapitalkonto	2	1 536 033	1 281 655
2. Prinsippendringar som påverkar arbeidskapitalen drift		0	0
3. Prinsippendringar som påverkar arbeidskapitalen investering		3 321	3 321
D. Langsiktig gjeld		3 432 574	3 144 917
I. Lån	9	1 796 958	1 636 637
1. Gjeld til kredittinstitusjonar		1 436 958	1 276 637
2. Obligasjonslån		160 000	160 000
3. Sertifikatlån		200 000	200 000
II. Pensjonsforplikting	11	1 635 616	1 508 280
E. Kortsiktig gjeld		314 030	262 500
I. Kortsiktig gjeld		314 030	262 500
1. Leverandørgjeld		109 575	64 250
2. Likviditetslån		0	0
3. Derivater		0	0
4. Annan kortsiktig gjeld		204 456	198 250
5. Premieavvik		0	0
Sum eigenkapital og gjeld		5 495 162	4 944 673

Lånegjeld

Lånegjevarar (i 1000 kr)	Restgjeld pr 31.12.2023	Restgjeld pr 31.12.2022	Gj. Rente 2023	Gj.snitt gjenstående løpetid
Kommunalbanken	833 078	675 613	4,4 %	10,2 år
KLP banken	280 350	291 567	4,6 %	12,5 år
Sparebanken Sør	7 750	7 750	4,7 %	8,8 år
Husbanken	315 780	301 706	3,0 %	14,3 år
Sertifikatlån 3 mnd	200 000	200 000	3,9 %	1 år
Obligasjonslån	160 000	160 000	4,1 %	3 år
<i>Rentesikring</i>	<i>300 000</i>	<i>400 000</i>	<i>0,0 %</i>	
Sum lånegjeld	1 796 958	1 636 636	3,8 %	8 år

Lånegjelda auka med 160 millionar kroner i 2023. Betalte avdrag var på 74,7 millionar kroner. Kommunen har rentesikra 25,6 % av sum lånegjeld ved utgangen av 2023. Av netto renteeksponert gjeld (jamfør note 8 og 9) er 43,5 % rentesikra.



Netto lånegjeld i Time er på 73,5 % noko som er høgare enn Klepp, Hå og Sandnes, men lågare enn KOSTRA-gruppe 7 og landet.

Likviditet og arbeidskapital


Differanse mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld, det vil seia arbeidskapitalen, gir eit uttrykk for kommunen sin likvide situasjon. Arbeidskapitalen er redusert med 38,3 millionar kroner i 2023 og er ved utgangen av året på 228,1 millionar kroner sjå note 1. Likviditeten i kommunen er god.

Fondsmidlar

Disposisjonsfond (i 1000 kr)	Disposisjonsfond - drift	
	2023	2022
Inngåande balanse 1.1.	228 724	177 360
Avsettingar	42 239	83 821
Bruk av avsettingar	-72 228	-32 457
Utgåande balanse 31.12.	198 735	228 724

Reduksjonen i disposisjonsfondet kjem av vedteken bruk til eksempelvis forprosjekt ny symjehall, 9-er bane ved Rosseland skula, bidrag til Champions League-sending på torget og dessutan tilbakebetaling av dobbeltfrakturert beløp frå eit tidlegare år. Det er vert også vedtak frå 2022 på å dekkja 1 million kroner frå disposisjonsfond til stikkrenn i 1900-krysset. Avsetninga måtte i tillegg reduserast med 18 millionar kroner for å leggja fram ein rekneskap i balanse.

Disposisjonsfondet kan nyttast til både drifts- og investeringsformål. Det er dermed ein fri reserve som kan nyttast om uventa forhold skulle inntreffa. Kommunen sitt disposisjonsfond er på 10,4 % av brutto driftsinntekter ved utgangen av 2023. Korrigert for avsetning til skuldig premieavvik er disposisjonsfondet på 7,5 %. Diagrammet syner at Time kommune har lågare reserver enn nabokommunane og vår KOSTRA-gruppe.



Øyremerka fondsmidler

Når det gjeld vatn, avløp, renovasjon, slamtømming og feiing så skal desse gjerast opp kvar for seg og overskot/underskot skal salderast mot sjølvkostfond. Hovudregelen er at sjølvkostfond skal brukast og underskot skal dekkast seinast det femte året etter det oppstod.

Sjølvkostfond/framført underskot Vatn, avløp og renovasjon (VAR)	2023	2022	2021	2020	2019
Sjølvkostfond vatn					
Framført underskot vatn	6 950	4 597	1 099	3 179	877
Sjølvkostfond avløp					
Framført underskot avløp	7 104	2 223	4 092	331	2 930
Sjølvkostfond renovasjon	916	2 377	3 380	2 537	2 871
Netto saldo sjølvkostfond VAR	-13 138	3	6 373	-311	4 924

Meirforbruk på 13,2 millionar kroner i 2023 er saldert mot sjølvkostfond. Av dette er 3,7 millionar kroner dekkja av sjølvkostfond på avløp og renovasjon. Akkumulert framført underskot som må dekkast inn seinare år er nå på 14,1 millionar kroner for vatn og avløp, mens renovasjon har sjølvkostfond på 0,9 millionar kroner. Det som først og fremst påverkar kostnaden i denne sektoren er auka rentekostnader og høg pris- og lønnsvekst.

2.4 Økonomiske nøkkeltal

Måltal	Rekneskap 2022	Rekneskap 2023	Vedtatte mål
Netto driftsresultat (korrigert)	2,9 %	0,3 %	1,5 %
Disposisjonsfond inkl årsresultat (korrigert for premieavviksfond)	10,4 %	7,5 %	6,0 %
Netto renteesponert gjeld ¹⁾	54,4 %	55,3 %	maks 60 %
Netto renteesponert gjeld minus bankinnskott	37,4 %	38,7 %	
Lånefinansiering av investeringane	59,1 %	66,2 %	maks 50 %
Overføring til investeringar av sum skatt og rammetilskot (korrigert)	2,2 %	3,5 %	2,0 %


1) Netto renteesponert gjeld er sum lånegjeld minus utlån, lånegjeld vedrørende vass- og avløpsinvesteringar og lån med statlege rentekompensasjonsordningar.

Kommunen har vedtatt måltal for den økonomiske styringa av kommunen. Tabellen viser korleis resultatet for dei to siste åra vart målt opp mot måltala. Rekneskapsresultatet vert målt opp mot desse og måltala set rammer for framtidig budsjettering i kommunen.

Når det gjeld disposisjonsfondet er målsettinga 6 % av brutto driftsinntekter. Korrigert for premieavviksfond utgjør disposisjonsfond ved utgangen av fjoråret 7,5 % og 144 millionar kroner.

Kommunen har sett mål om at netto renteesponert gjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal vera maksimum 60 % og ligg ved utgangen av 2023 på 55,3 % mot 54,4 % i 2022.

Lånefinansieringa av investeringane er 2023 på 66,2 % mot 59,1 % i 2022, og er over målsettinga om maksimalt 50 % lånefinansiering. Lånegjelda er auka med 160,3 millionar kroner i 2023. Overføring frå drift til investeringar av sum skatt og rammetilskot er på 5,2 %. Dette kjem av ekstraordinært utbytte frå Lyse AS. Korrigert for dette er nøkkeltalet 3,5 % og høgare enn målalet på 2 %.




Korrigert netto driftsresultat for pensjonspremien, bruk av bundne fond samt ekstraordinært utbytte frå Lyse AS er 0,3 % og er lågare enn målalet for kommunen.

3 Folkehelse

Kommunen skal ha nødvendig oversikt over helsetilstand og positive og negative faktorar som kan verka inn på denne for å kunna planlegga og gjennomføra effektive tiltak. Det vart i 2023 utarbeida ei nytt oversiktsdokument som er kunnskapsgrunnlag for ny folkehelseplan (2024-2027) og planstrategi. I folkehelseprofilen har Time fem prioriterte område. Desse er psykisk helse barn og unge (inkludert fråfall i vidaregåande opplæring), inntektsforskjellar, eldreressursen, skuleveggar og aktivitetsmangfald. Områda er prioriterte i økonomiplanen for 2023-2026 og markert som «Folkehelse».

Psykisk helse barn og unge

Gjennomføring i vidaregåande opplæring har gått noko ned. Slik nedgang finn me og hos nabokommunane våre. Gjennomføringsgrad etter 5-6 år for elevar frå Time i 2023 er på 80,7 %. Det er ein stor nedgang frå 2022, då tala viste 89,9 %. Det er etablert samarbeid med Bryne og Øksnevad vidaregåande skular med konkrete mål og tiltak for å auka gjennomføringsgraden. Målet over tid er at gjennomføringa skal stabilisera seg med ein gjennomføringsgrad på 9 av 10.




Kjelde: www.rogfk.no

Time sitt prosjekt «Laget rundt læraren og eleven» har fått midlar i regionalt folkehelseprogram 2019-2023. Fokus i prosjektet er førebygging og tverrfagleg samskaping mellom ulike profesjonsgrupper i skulane. Målet er å finna tiltak knytt til auka fagleg og sosial meistring hos elevane. Arbeid og satsing på “Laget rundt læraren og eleven” vert vidareført på permanent basis frå 2024.

Elevundersøkinga 2023 viser ein generell auke i mobbing i heile landet. Time kommune er også ein del av denne trenden, og 8,8 % av elevane på 7. trinn og 6,9 % av elevane på 10. trinn i Time har meldt om at dei har vorte mobba. Dette ligg under nasjonalt snitt som er 12,8 % på 7. trinn og 10,9 % på 10. trinn.

Inntektsskilnader

Barnefattigdom¹ var aukande i Time frå 2014 til 2018. Den same auken ser me i nabokommunane og fylket. Time ligg likevel under landsgjennomsnittet og har hatt ein nedgang frå 2018 til 2022, og ligg 0,9 prosentpoeng lågare enn fylket. I ei tid prega av unormalt høg inflasjon og renteaukingar, er denne aukinga mindre enn forventa.



Kjelde: SSB

Systematisk arbeid for at flest mogleg fullfører vidaregåande opplæring, er eit av dei viktigaste tiltaka for å hindra utanforskap og den beste føresetnaden for vidare arbeid eller utdanning. Eit anna viktig tiltak er NAV Klepp-Time sitt målretta arbeid for å redusera talet på sosialhjelpsmottakarar, spesielt blant unge under 25 år.

Opplevinga av dårleg økonomi er subjektiv. Kommunen har mange tiltak som kan vera med å bidra til å redusera opplevinga/konsekvensen av dårleg økonomi.

Tiltak for å redusera konsekvensen av barnefattigdom:


- Jærkortet. Samarbeid mellom Klepp, Time og Hå som gir gratis tilgang til utvalde kultur- og idrettsaktivitetar. NAV Klepp-Time og NAV Hå administrerer ordninga. Finansiering av ordninga skjer i samarbeid mellom NAV og kommunane. Totalt 150 kort per kommune i 2023, som kan brukast på tvers av kommunane.
- Tilbod om eit gratis medlemskap i eit idrettslag, samt utstyr, for sosialhjelpsmottakarar med forsørgaransvar.
- Gratis internett for familiar med barn i grunnskulealder som mottek sosialhjelp.
- Redusert foreldrebetaling i barnehage for låginntektsfamiliar
- Gratiskjernetid i barnehage for 2-5 åringar i låginntektsfamiliar
- Redusert foreldrebetaling for låginntektsfamiliar for barn på 1.-4. trinn i SFO.

¹ Definisjon på barnefattigdom etter EU-skala: personar under 18 år som bur i privathushald med årleg inntekt etter skatt per forbrukseining under 60 % av medianinntekt.

- Samarbeid med Bryne Røde Kors for å bidra til at barn i låginntektsfamiliar kan delta i kulturskolen.
- Frilager - utstyrssentral for idretts- og friluftsutstyr. Her kan skular og frivillige organisasjonar låna utstyr gratis.
- Samarbeidsprosjekt «ALLE MED» med eigen koordinator for å inkludera barn og unge i idretts- og fritidsaktivitetar i heile kommunen. «Alle med-koordinator» har inkludert 181 barn og unge inn i ulike fritidsaktivitetar i 2023.
- Gratis måltid ein gong i veka i fritidsklubbane.
- Kommunen lånte ut 19,5 millionar kroner til startlån og utbetalte 425 000 kroner i etableringstilskot i 2022 for å få familiar med låg inntekt inn på bustadmarknaden.
- Bistand til søknad om statleg bustønad til innbyggjarar med låg inntekt.

Frå og med 2023 vart det gradvis innført at barnetrygda ikkje skal tella med som inntekt når sosialhjelpa vert utmåla.

NAV Klepp-Time har høgt fokus på barn og barnefamiliar sin totale situasjon, og det vert arbeidd med å ha høg kompetanse og bevisstheit på temaet blant rettleiarane.



Kjelde: NAV

Arbeidsløysa har hatt ein svak auke i 2023. For Time sin del, så er det 40 i aldersgruppa 16-29 år som er heilt arbeidslause per 30.11.23. Dette er lågare enn snittet i Rogaland og nabokommunar.

Trygge skuleveggar

Time kommune var hausten 2023 med i Synleg syklist aksjonen til Syklistanes landsforbund, og delte ut sykkellykter til alle elevane i 8. trinn på Vardheia ungdomsskule. Rosseland skule har i 2023 også vorte Hjarteson skule.

Følgande tiltak for tryggare skuleveg er gjennomført eller påbegynt i 2023:

- Eivindsholwegen/Torkel Lendes veg. Tilrettelegging for fotgjengarkryssing.
- Gamle Årslandsveg. Tilrettelegging for fotgjengarkryssing.
- Fortau i Kalbergvegen er fullført.

Eldreressursen

Eldre har mykje å bidra med, og det er eit mål å kunna leggja til rette for at dei får å nytta kompetansen og engasjementet sitt på fleire område i Time. Eksempel på dette i 2023 er besøksvenn, lyttevenn der barn kan øva på lesing saman med eldre, trim for eldre og språkkafé.

Det er fleire lag, organisasjonar og initiativ med aktivitetar retta mellom anna mot eldre som aktive i Time kommune og leiger/nyttar kommunen sine lokale. Nokre av desse er:

- Jæren senioruniversitet (Biblioteket)
- Karadrøset (Bryne mølle)
- Bryne gladdans (Bryne mølle)
- Husflidslaget (1900-huset)

Aktivitetsmangfald

Time kommune har eit stort mangfald av aktivitetar i kommunal regi, i tillegg til at det er mange lag og organisasjonar som driv med svært varierte aktivitetar. Ved gjennomgang av nettsida aktiv Jæren i forbindelse med utarbeiding av kunnskapsgrunnlaget til den nye folkehelseplanen, vart det talt totalt 243 organisasjonar innan følgande kategoriar:

- idrett (33)
- religion og livssyn (15)
- utøvande kunst og underhaldning (14)
- sosiale velferdsorganisasjonar (9)
- andre sportsaktivitetar (2)
- aktivitetar i andre interesseorganisasjonar (167)
- opplevingar, arrangement og aktivitetsverksemd (3)

Det vart lagt ut turbrosjyrar for «Ti Turar i Time 2023» i matbutikkane i heile kommunen. Det er også i 2023 utført skilting og tilrettelegging av turløyper for å gjera turområda i kommunen meir tilgjengelege. Frisbee golfbane på Lye opna våren 2023. Det vart arrangert sykkeldag på Bryne torg i samarbeid med Bryne næringsforening den 17. september for å markera europeisk mobilitetsveke.

4 Tenester

4.1 Hovudtal per tenesteområde

Fordelt per tenesteområde	Budsjett	Budsjett			
	Rekneskap	m/endingar	u/endingar	Rekneskap	Avvik (B-R)
Netto driftsutgifter (i 1000 kr)	2023	2023	2023	2022	2023
Oppvekst	652 761	637 767	597 806	578 752	-14 994
Helse og velferd	512 361	482 091	446 443	456 477	-30 270
Samfunn	143 265	133 681	143 275	139 239	-9 584
Stabstenester	80 243	82 679	79 988	75 523	2 436
Sum netto driftsutgifter	1 388 630	1 336 218	1 267 512	1 249 991	-52 412

4.2 Oppvekst

Tenesteområdet omfattar 24 verksemdar. Av desse er 10 skular (4 ungdomsskular, 6 barneskular med skulefritidsordning), 8 kommunale barnehagar (ein med avdeling open barnehage), helsestasjon (med jordmorteneste, skulehelseteneste, familiesenter), barnevern, pedagogisk psykologisk teneste (PPT), Time kulturskule, Bryne kompetansesenter (vaksenopplæring) og Flyktningtenesta for Time og Klepp. Organisert i Oppvekst har me også styrka barnehage tilbud, Ungdomsteam og Samordning av Lokale kriminalitetsførebyggjande Tiltak (SLT). I privat drift er det 1 privat skule (1-10) og 9 private barnehagar i Time.

Tenesteområdet skal gi opplæring til barn og unge i samarbeid med foreldre og føresette, driva førebygging og gi hjelpe- og støttetiltak slik at alle barn og unge er i stand til å meistra utfordringar i livet saman med andre.

4.2.1 Økonomi

Oppvekst	Budsjett	Budsjett			
	Rekneskap	m/endingar	u/endingar	Rekneskap	Avvik (B-R)
	2023	2023	2023	2022	2023
Administrasjon	8 212	8 754	8 490	9 343	542
Pedagogisk psykologisk teneste	8 758	9 120	9 608	7 758	362
Barnehagar	214 424	213 967	204 797	192 234	-457
Undervisning	313 771	299 238	280 000	282 004	-14 533
Vaksenopplæring	-479	4 313	3 302	569	4 792
Flyktningtenesta	22 602	23 656	17 198	11 201	1 054
Kulturskule	8 005	7 956	7 443	7 400	-49
Helsestasjons- og skulehelsetenest	20 641	20 441	17 572	18 135	-200
Førebyggjande arbeid ungdom	3 435	3 216	3 119	2 816	-219
Barnevern	53 392	47 106	46 277	47 292	-6 286
Tenester utanfor ord. kom. ansvar	0	0	0	0	0
Sum Oppvekst	652 761	637 767	597 806	578 752	-14 994

Tenesteområdet har eit netto meirforbruk i 2023 på 15 millionar kroner.

Undervisning har eit meirforbruk på 14,5 millionar kroner. Med unntak av ein skule, har resten av skulane eit meirforbruk i 2023. Meirforbruket er i hovudsak auka lønnskostnader knytt til rapporterte tiltak retta mot elevar med lovpålagt rett til spesialpedagogisk opplæring etter § 5-1 i opplæringslova, og tiltak knytt til tilpassa opplæring for elevar etter § 1-3 i opplæringslova. I tillegg har kommunen hatt auka kostnader knytt til kjøp av tenester frå private skular. Desse kostnadane handlar i stor grad om refusjonar knytt til spesialundervisning til elevar i private skular.

Barnehage har eit samla meirforbruk på 0,5 millionar kroner. Det er eit mindreforbruk knytt til kommunale og private barnehagar på 1 millionar kroner og eit større meirforbruk på styrka barnehagetilbod på 1,5 millionar kroner.

Barnevern har eit meirforbruk på 6,3 millionar kroner. Hovudårsak er kostnader knytt til ungdom som mottek ettervern, kjøp av rettleiingstiltak til føresette som har barn under omsorg og barn i institusjon, og endringar knytt til satsar for lønn til fosterheimane.

Barneverntenesta hadde eit mindreforbruk på lønn i 2023 på om lag 0,8 millionar kroner.

Vaksenopplæring har hatt eit mindreforbruk på 4,8 millionar kroner, og Flyktningtenesta har hatt eit mindreforbruk på omlag 1,0 million kroner. Hovudårsak til mindreforbruket er at tilskot og refusjonar er godt over det som er budsjettet. Dette heng saman med auka statstilskot knytt til nye deltakarar frå Ukraina.

4.2.2 Rapportering om tiltak 2023

Felles tiltak

Med forankring i kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034 og Strategiplan for Oppvekst 2016-2022 har fokus for arbeidet i 2023 vore:

Oppvekst	Merknad	
Oppvekst i utvikling Det er handlingsrom til å nytta kapasitet i eksisterande bygg på ein effektiv måte.	D	Det er ledig kapasitet i enkelte barnehagar og skular. Dette skuldast nedgang i barne- og elevtal. Auka behov i Bryne skule legg press på sambruket med Time kulturskule.
Nytte forskings- og evidensbasert kunnskap i arbeidet med systemendringar med barnet i sentrum	U	
Fleirkulturelt samfunn Bygga system frå mottak til god integrering av flyktningar	U	
Tidleg innsats Ha system og rutinar for å identifisera behov og setta i gang tiltak (Folkehelse)	U	
Ha system og rutinar som sikrar tverrfagleg samarbeid (Folkehelse)	D	Nasjonalt forløp barnevern-helse er under planlegging.

		BTI er eit pågåande arbeid.
Einingane vektlegg universelle tiltak som skal føra til ein reduksjon av behov og omfang av spesialpedagogiske vedtak med 35% (Folkehelse)	I	Omfanget av spesialpedagogiske vedtak har auka.
Trygge foreldre i Time	D	Ventar på endeleg rapport.
Oppvekst i informasjonssamfunnet Utvikla barn og unge som har eit reflektert forhold til bruk av digitale og sosiale media (nettvett og psykisk helse) (Folkehelse)	U	
Implementere felles kompetansesystem	I	Er ikkje sett i verk grunna avklaringar knytt til systemet, samt manglande kapasitet i stab.
Organisasjon og leiing Stimulera og leggja til rette for at verksemdleiarar tek master i leiing	U	
Ved rekruttering skal det tilsettast personell med formell kvalifikasjon i stillingar i Oppvekst	D	Manglande tilgang på kvalifisert personell inn i stillingar med formelle krav

Tiltak	Merknader	
Barnehagar		
Oppvekst i utvikling Revidera Kvalitetsplan for barnehagane	I	Ikkje gjennomført. Det vil som del av revisjonen verta vurdert om planen må endrast i form, sett i lys av Strategiplan for Oppvekst 2023-2029.
Bidra i ombygging av Austbø barnehage	U	
Rekruttera for å sikra at 50 % av dei tilsette skal vera pedagogutdanna	D	Det er krevjande å rekruttera nok barnehagelærarar.
Fleirkulturelt samfunn Alle barnehagane skal ha ein plan for arbeid med fleirspråklege barn (Folkehelse)	D	Ikkje alle barnehagane har ein eigen plan.
Oppretta stilling for å sikra barnehageplass for nytilkomne flyktningar	U	
Tidleg innsats To nye barnehagar skal verta Marte Meo praktiskarbarnehagar.	U	

Delta i arbeidet med satsinga «Småbarnsavdelingar av høg kvalitet» saman med Klepp, Gjesdal og Hå kommune (Folkehelse)	U	
Resertifisera Class-observatørar og bruka verktøyet som ståstadsanalyse	U	
Etablera plan for vidare arbeid «Inkluderande barnehage- og skulemiljø»	U	
Oppvekst i informasjonssamfunnet Implementering av Handlingsplan for digital praksis i barnehagane i Time kommune	U	
Organisasjon og leiing Alle styrarar skal delta i den regionale kompetansestrategien «Leiing i alle ledd», som er ein del av satsinga i kompetanseplanen for Region Rogaland Sør (ReKom).	U	
Alle styrarar skal ha styrarskulen	D	7 av 8 styrarar har styrarskulen.
Grunnskule		
Oppvekst i utvikling Bidra inn i arbeidet med forprosjekt knytt til ATO-avdeling på Lye skule	D	Vedtak i sak om val av løysing skal leggst fram i 2024
Bidra inn i arbeidet med forprosjekt knytt til rehabilitering av Hognestad skule	I	Tiltaket vart skjøve ut av økonomiplanperioden
Ha minimum 20 lærarar som deltek i vidareutdanningstilbodet «Kompetanse for kvalitet» jamfør Kompetanseplan skule	U	
Fleirkulturelt samfunn For at fleire elevar som er fleirspråklege skal gjennomføra vidaregåande opplæring skal det ut frå utarbeidd kunnskapsgrunnlag utformast tiltak på området (Folkehelse)	D	Kunnskapsgrunnlaget er under arbeid.
Tidleg innsats Utforma rammeverk for systematisk arbeid med lesing på 1.-7. trinn på barneskulane	U	
Ungdomsskulane skal leggja ein plan for korleis dei skal ta i bruk kunnskapen dei tileignar seg i prosjektet «Resilient» i samarbeid med Universitetet i Stavanger (Folkehelse)	D	Innhald og funn frå forskinga er ikkje publisert i 2023.

Gjennomføra sluttevaluering av prosjektet “Laget rundt læraren og eleven”, og gjera nødvendige justeringar (Folkehelse)	U	
Alle barneskulane nyttar programmet Zippys venner (Folkehelse)		
Oppvekst i informasjons-samfunnet Det skal gis tilbod om kompetanseheving i programmering og algoritmisk tenking for lærarar som underviser i fag der dette er del av fagplanane.	U	
Skulane skal testa ut bruk av planleggingsverktøyet DigUp i personalet.	U	
Organisasjon og leiing Rektorane på alle skulane skal ha vidareutdanning i elev- og arbeidsrett	D	7 av 10 rektorar har vidareutdanninga
30 % av rektorane har gjennomført, eller er i gang med mastergrad i skuleleiing	D	Det var ikkje søkarar til mastergrad i rektorgruppa i 2023.
Utforma og følga opp leiarstrategi for sin organisasjon	U	
Bryne kompetansesenter (BKS)		
Oppvekst i utvikling Tilpassa undervisningsrom på BKS slik at desse kan tas i bruk på ein formålstenleg måte i samsvar med det auka deltakartalet på skulen	U	
Fleirkulturelt samfunn «Open skule» på Bryne kompetansesenter (ein heil skuledag kvart år)	D	Oppstart utsett. Planleggast gjennomført hausten 2024.
Tidleg innsats Deltakarane i vaksenopplæringa får informasjon om dei ulike tverrfaglege tilboda i kommunen. Skulen nyttar utarbeida plansje/plakat frå Time kommune (Folkehelse)	D	Delvis gjennomført
Oppvekst i informasjons-samfunnet Implementera eigen opplæringsplan i vaksenopplæringa når det gjeld digitale ferdigheiter for vaksne innvandrarar	U	
Organisasjon og leiing BKS deltek i Direktoratet for høgere utdanning og kompetanse sine leiarsamlingar og forsøksprogram når det gjeld skuleutvikling og forsøket «Førebuande vaksenopplæring» og	U	

opplæring etter midlertidig lovverk for ukrainske flyktningar		
PPT, Barnevern, Time kulturskule, Helsestasjon (helsestasjon 0-5 år, skulehelseteneste, skulehelseteneste VGS, helsestasjon for ungdom, jordmorteneste og familiesenter), Flyktningtenesta		
Oppvekst i utvikling Etablera rutinar for sambruk av felles lokale mellom Kulturskulen og Bryne skule. Tilpassing av rom som nyttast av Kulturskulen.	D	Det er samhandling mellom tenesta, men rutinar er ikkje utarbeida.
PPT skal inn i nye lokale.	U	
Ungdomsteamet skal inn i nye lokale.	U	
Endra arbeidsmåtar i barneverntenesta grunna ombygging og midlertidige løysingar. Må sikra det fysiske og psykososiale arbeidsmiljøet	D	Planlagt ombygging vart stansa, ny ombygging under planlegging
Prosjektstilling i ungdomsteamet vert gjort om til fast heimel og del av drifta	U	
Fleirkulturelt samfunn Nedfella rutinar etter erfaringar gjort etter busetting av mange flyktningar i 2022.	U	
Utarbeida rutinar knytt til deltaking i Kulturskulen for barn av flyktningar og familiar med låg inntekt i forbindelse med inkluderingsmidlar gitt i økonomiplanen.	U	
Kartlegga og leggja ein plan for å sikra fleirkulturell kompetanse i alle tenester.	D	Pågåande arbeid
Utvikla rutinar for oppfølging av familiar og barn i Flyktningtenesta.	D	Pågåande arbeid
Tidleg innsats Følg opp utviklinga i samhandlinga mellom PPT, helsesjukepleiar og skule ved avslutting av «Laget rundt læraren og eleven» (Folkehelse).	U	
Sikra prosjektstillingar i PPT og Helsestasjon inn i ordinær drift for å kunna oppretthalda «Laget rundt læraren og eleven» på skular slik det er i dag.	U	
Det skal utarbeidast rutinar for samhandling mellom kulturskulen og andre kommunale einingar for nye og eksisterande elevar som vil dra ekstra nytte av kulturskuleundervisning som støttefunksjon.	D	Pågåande arbeid.

Etablera rutinar for sambruk av felles lokale mellom Kulturskulen og Bryne skule. Tilpassing av rom som nyttast av Kulturskulen.	D	Samdrift er pressa pga auka behov for rom frå skulen. Rom og lagring av utstyr er ikkje tilrettelagt for kulturskuleundervisning og -aktivitet.
PPT deltek i utvikling av felles kompetanseportal knytt til utviklingstøttande praksis i småbarnsavdelingar (Folkehelse).	U	
Ungdomsteamet skal arbeida universelt i alle grunnskular og skal bidra med tiltak inn mot individ/gruppe når det gjeld åtferd, skulefråvær og ungdomsoppfølging (SLT) (Folkehelse).	U	
Det skal utformast og implementerast rutine for samhandling mellom barnevern og barnehage.	D	Pågåande arbeid. I gang med nettverkskontakt i barnehagane.
Rutine for samhandling mellom barnevern og helsestasjon, her med fokus på familiesenter	D	Pågåande arbeid.
Helsestasjon og PPT skal utvikla samhandlinga med barnehagane.	D	Pågåande arbeid.
BTI-modellen skal vera i bruk i alle verksemdar.	D	Pågåande arbeid.
Det skal utviklast rutinar knytt til nettverkskontaktar i barnevernet for å auka samhandling mellom barnevern og grunntenesta (helsestasjon, barnehage og skule)	D	Godt i gang. Foreløpig gode resultat. Vert evaluert i 2024.
Ferdigstilla plan for det førebyggjande arbeidet i kommunen	U	
Oppvekst i informasjonssamfunnet Jobba mot at alle tilsette i verksemda har oppdatert digitalt utstyr	I	Barnevernet har delvis fått nytt utstyr. Dei tilsette i Barneverntenesta og Flyktingtenesta har pc-ar med ulik docking som gjer at kontora ikkje kan nyttast fleksibelt. Helsestasjon manglar utstyr som gjer at skulehelsetenesta kan jobba både på skule og på helsestasjon. Kulturskulen har ikkje oppdatert utstyr til tilsette. PPT ok

Få oversikt over lisensar og programvare for å samla desse	D	Har fått oversikt, men ikkje samla dette.
Organisasjon og leiing Utvikling av verksemdplanar som baserer seg på tilstandsrapport, kunnskap og analyse i alle verksemdar. Desse skal vera forankra i Strategiplan oppvekst.	D	Pågåande

U = Utført	D = Delvis utført	I = Ikkje utført
-------------------	--------------------------	-------------------------

4.2.3 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Oppvekst

Tenestoområdet Oppvekst har i store delar av 2023 hatt vakanse i stab. Mellom anna har kommunalsjef vore sjukemeld i store delar av året. Dette har medført ei forskyving av arbeidsoppgåver og omprioritering av planlagde tiltak og satsingar.

Tenestoområdet hadde eit samla sjukefråvær på 6,4 % i 2023. Dette er ein nedgang på 1,5 % frå 2022, då talet var 7,9 %. I 7 av dei 12 månadane låg sjukefråværet under 6 %. November månad peika seg ut med det høgste sjukefråværet med ein gjennomsnitt på 8,2 %.

Arbeid knytt til ekstraordinær flyktningssituasjon

Time kommunestyre fatta vedtak om å busetta 185 flyktningar i 2023. Totalt klarte kommunen å busetta 122 flyktningar, alle frå Ukraina.

Å busetta flyktningar er eit arbeid som skjer i alle tenester. Flyktningstenesta, som gjennomfører busetting og styrer introduksjonstilbodet etter lovverket og Bryne kompetansesenter som gir opplæring i norsk og samfunnsfag i tråd med integreringslova, har vore nøkkelveksemdar i arbeidet saman med NAV. Alle desse tre tenestene er organiserte som vertskommunesamarbeid og krev god samhandling med nabokommunane våre.

Heile kommunen har tatt del i arbeidet, inkludert frivillige lag og organisasjonar. Kommunedirektøren fekk delegererte utvida mynde til å gjera nødvendige justeringar av tenesteproduksjonen for å handtera den ekstraordinære busettingssituasjonen.

Tilsyn etter barnehagelova

Jæren tilsynsteam er eit samarbeid i Jærkommunane som starta etter lovendring som kom i 2021 for å ivareta tilliten kommunen har som barnehagemynde.

I 2023 har det vore fokus på etablering av teamet, organisering, roller, ansvar og arbeidsoppgåver. Teamet har jobba med utvikling av eit felles rammeverk for arbeid med risiko- og sårbarheitsanalyse, som skal ligga til grunn for alle tilsyn med barnehagar i dei fire samarbeidskommunane. Teamet gjennomfører tilsyn to-og-to, men deltek aldri i den kommunen ein sjølv er tilsett i.

Tilsynsteamet starta med sine første tilsyn med barnehagar i dei fire kommunane i 2023. Det er gjennomført tilsyn med to barnehagar i kvar kommune. I Time var det Kvernaland og Undheim barnehagar som fekk tilsyn.

Arbeid knytt til tidleg innsats og førebygging

Tenestoområdet Oppvekst har jobba med tidleg innsats og førebygging i tråd med strategiplanen for Oppvekst. Det er arbeidd med dette temaet over fleire år, og i 2023 vart

dette sett i samanheng med barnevernreforma og arbeidet med ny Strategiplan for Oppvekst. [Strategiplan Oppvekst 2023-2029](#) vart slutført og vedtatt politisk i november 2023.

Det har i 2023 vore eit særleg fokus på systematisering av førebyggjande arbeid. Mellom anna vart [Plan for førebyggjande arbeid](#) fullført og vedteken, og arbeid med overordna føring for Trygt og godt barnehage- og skulemiljø er sett i gang.

Prosjektet «Laget rundt læraren og eleven (LLE)» er slutført og er nå vidareført som del av kommunen sitt system. I tillegg har tenestemråde Oppvekst kjøpt inn eit felles digitalt program, «Samhandlingsmodell og Tiltaksversikt», som skal bidra til betre informasjon til tilsette og innbyggjarar. Kompetanseportalen for tilsette knytt til «[Dei yngste](#)» vart lansert hausten 2023.

Det er vidare sett i verk omfattande arbeid saman med leiarane i Oppvekst knytt til tiltaket i Strategiplan for Oppvekst 2023-2029 der alle tenestene skal bidra til å dreia ressursbruk frå individet til fellesskapet. Dette er eit ledd i arbeidet med målet i planen om at alle barn melder at dei vert sett, høyrte som del av satsingsområde 3; Inkluderande samfunn.

Kompetanseheving, opplæring og praksis

Oppvekst hadde 11 lærlingar fordelt på barnehagar, skular/SFO og ungdomsklubbar våren 2023. 5 av lærlingane avla fagprøve våren 2023. Hausten 2023 vart 7 nye lærlingar tatt inn. Det vil seia totalt 13 lærlingar hausten 2023. Meir om lærlingar under kap. 5.2

Fleire barnehagar og skular har i periodar hatt praksiselevar frå vidaregåande og studentar frå universitet og høgskular. Det same gjeld barnevernstenesta og helsestasjonstenesta som òg har avtale om å ta imot studentar for praksis i tenestene.

Både barnehage, skule og PPT har deltatt i statlege kompetanseordningar. For barnehageområdet vert ordninga kalla «Regional ordning for kompetanseutvikling», medan skuleområdet har «Desentralisert ordning for kompetanseutvikling».

Samla har 34 lærarar i grunnskulen gjennomført, eller starta opp eit vidareutdanningsløp i 2023. På barnehageområdet har 9 tilsette starta opp med utdanning i 2023. 3 tilsette går på grunnutdanning som barnehagelærar gjennom ABLU-ordninga ordninga (arbeidsplassbasert barnehagelærar-utdanning), medan 6 barnehagelærarar tar vidareutdanning i fag.

To avdelingsleiarar fullførte rektorutdanninga våren 2023, og fire avdelingsleiarar starta på vidareutdanninga hausten 2023. To styrarar i barnehage har starta vidareutdanning på masternivå.

Med utgangspunkt i utviklingsplanen til einingane, vert det kontinuerleg lagt til rette for kurs og jobba med intern kompetanseutvikling. Desse kjem i tillegg til dei store og overordna satsingane som er omtala tidlegare.

Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)

Utover deltaking i felles satsingar i Oppvekst har PPT internt hatt følgjande fokus: studieveke for tilsette som sikrar kompetanseheving, test- og utgreiingskompetanse, Barns beste-vurdering, digitalisering av kartleggingsskjema og revidering av malar for sakkunnig vurdering.

Time PPT har òg ansvar for oppfølging av elevane frå Klepp som går på Vardheia ungdomsskule.

Tabellen under viser tal på aktive saker dei siste fire åra, fordelte på alder.

		Aktive saker					
Ved årsslutt	Nye tilvisingar	Alder 0-5 år	Alder 6-15 år	Alder 16-19 år	Vaksne 20+	Sum saker	Saker på venteliste
2020	100	59	351	1	23	433	1
2021	200	65	414	0	30	509	4
2022	157	65	480	1	38	584	29
2023	147	63	487	2	52	604	26

Kjelde: Interne tal frå fagsystem - PPT

Tabellen syner ein reduksjon i talet på nye tilvisingar til tenesta sett opp mot tala i 2022.

Tilvisingsgrunnen som er oppgitt mest er sosioemosjonelle vanskar. Ofte gjeld tilvisinga ein kombinasjon både sosioemosjonelle vanskar og fag- eller språkvanskar. Av dei tilviste sakene i 2023 er det 75 gutar og 54 jenter.

Talet på aktive saker i barnehage er stabil, og det er ei lita auke i talet på aktive saker i grunnskulane. Auken i aktive saker i 2023 er knytt til vaksne innbyggjarar.

Tenesta går jamleg gjennom aktive saker for å vurdere om dei kan avsluttast. Dette for å sikra at det er rette saker som er aktive. Dei aktive sakene fordeler seg på 382 gutar (63 %) og 222 jenter (37 %).

Per 31.12.23 var det 26 tilviste saker som ikkje vart starta opp grunna vakanse.


Tenesta går jamleg gjennom aktive saker for å vurdere om dei kan avsluttast. Dette for å sikra at det er rette saker som er aktive. Dei aktive sakene fordeler seg på 382 gutar (63 %) og 222 jenter (37 %).

PPT har eit måltal på 6,0 % når det gjeld sjukefråvær. I 2023 er gjennomsnittleg fråvær 4,2 %. I periodar har det vore langtidsfråvær. Tenesta har låge tal for korttidsfråvær. Dei sjukemeldte vil verta følgt opp jf. rutinane til Time kommune.


Barnehage

Barnehagane hadde eit samla mindreforbruk på om lag 0,5 millionar kroner i 2023.


Ved rapportering 15. desember 2023 var det registrert 1 136 barn i barnehagane i Time. Samanlikna med 2022 er det ein nedgang på 16 barnehageplassar. 590 av desse hadde plass i kommunal barnehage, medan 546 hadde plass i privat barnehage. Sjå kapittel 9.1.1 for fleire nøkkeltal for barnehagane.



Netto driftsutgifter til barnehage i Time ligg under landsgjennomsnittet og KOSTRA-gruppa vår. Kommunen på same nivået som i Hå og Sandnes, medan Klepp ligg litt lågare.



Tabellen syner at Time nyttar mindre midlar per oppholdstime i kommunale barnehagar enn samanliknbare kommunar og landsgjennomsnittet.



Kjelde: BASIL

Tabellen over viser barn i barnehage med enkeltvedtak etter § 31 i Barnehagelova. Det er ein nedgang samanlikna med 2022, men dei siste 5 åra viser relativt stabile tal. På landsbasis ligg talet på 3,6 %. Sjølv om talet på barn med vedtak etter § 31 har gått ned samanlikna med åra før, har me ein auke i ressursbruken knytt til barn med rett til spesialpedagogisk hjelp. Omfang av timar per vedtak aukar, og det er per 15. desember 2023 26 som har vedtak på 20 timar eller meir per veke.

I tillegg til vedtaka i tabellen over er det per 15.12.23 fem barn som har vedtak etter § 37 *tilrettelegging for barn med nedsett funksjonsevne*.

På barnehageområdet er det pågåande satsingar knytt til psykososialt barnehagemiljø og utviklingsstøttande praksis. Det er eit spesielt fokus på tidleg innsats for dei aller yngste, og å skapa eit godt barnehagemiljø for det enkelte barn i gruppe. Målet er at flest mogleg skal verta tatt i vare av det allmennpedagogiske tilbodet, slik at færre barn har behov for spesialpedagogisk hjelp.

Barnehagane nyttar CLASS (Classroom Assessment Scoring System) som verktøy for å måla kvalitet. CLASS er utvikla for å måla samspelskvaliteten mellom tilsette og barn. Sertifiserte observatørar er ute to gonger per år og tek observasjon på småbarnsavdelingane. Resultata vert brukt som grunnlag for refleksjon og utvikling av praksis.

Ein viktig faktor for god kvalitet i barnehagen er kvalifiserte tilsette. Statleg målsetting fram mot 2025 er at 50% av dei tilsette skal ha barnehagelærerutdanning. I barnehagane i Time kommune (kommunale og private barnehagar) var 40,8 % av dei tilsette utdanna barnehagelærer per 15.12.23 (kjelde: Basil). Dette er ein auke frå 36 % i 2022. Det er utfordrande å få rekruttert nok barnehagelærarar til å oppfylla pedagognorma. Per 15.12.23 hadde barnehagane i Time (kommunale og private barnehagar) 10,84 stillingar (9,26 %) med dispensasjon frå utdanningskravet.

Tabellen under viser redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid:


Årstal	Antal barn	Familiar med redusert foreldrebetaling	Prosentdel med redusert foreldrebetaling	Del av desse med redusert kjernetid i tillegg	Prosentdel m/reduksjon
2020	1117	90	8,06 %	87	96,7 %
2021	1147	106	9,24 %	103	97,2 %
2022	1152	101	8,76%	91	90,1 %
2023	1136	95	8,36 %	88	92,6%

Interne tal, Time kommune

Tal på familiar som får redusert betaling og gratis kjernetid held seg relativt stabilt, med ein liten nedgang frå 2022 til 2023. Inntektsgrensa for å få gratis kjernetid har auka siste år, medan maksprisen på ein barnehageplass har gått ned. Det kan forklara at talet på vedtak om redusert betaling er stabilt.

Samla sjukefråvær i barnehagane vart 8 % i 2023, mot 9,8 % i 2022. Måltal for sjukefråvær i barnehagane er 7,8 %. 6 av barnehagane hadde sjukefråvær over måltalet.

Undervisning



Nøkkeltala i tabellen over syner at driftsutgifter per elev er høgare i Time enn Klepp, Hå og Sandnes, men ligg på same nivået som KOSTRA-gruppe 7.

Etter gjennomført drifts- og ressursanalyse av Agenda Kaupang AS knytt til fleire år med meirforbruk i grunnskulane vart det for 2023 lagt inn ein auke tilsvarande meirforbruket skulane hadde hatt i 2021. Resultatet for 2023 syner framleis eit større meirforbruk i grunnskulen. Undervisning hadde eit samla meirforbruk på 14,5 millionar kroner i 2023.


Meirkostnadane omhandlar tiltak etter § 5-1 (spesialundervisning) og § 1-3 (tilpassa opplæring). Det er sett i gang arbeid med mål og tiltak i Strategiplan Oppvekst 2023-2029 knytt til denne tematikken. I tillegg er det starta eit arbeid med å sjå på tildelingsmodellen som ligg til grunn for skulane i Time. Her ser ein til modellen som er utforma i Sola kommune i 2023 som over tid har hatt den same situasjonen knytt til meirforbruk i sine grunnskular.

Ved rapportering 1. oktober var det registrert 2 881 (inkl. 179 frå Klepp) elevar i grunnskulen i Time. Dette er ein nedgang på 10 elevar frå 2022. Av desse går 1 868 elevar på 1.-7. trinn med ein nedgang på 53 elevar frå 2022. På ungdomstrinnet er det registrert 1 013 elevar. Dette er ein auke på 43 (59 av desse frå Klepp) elevar frå året før. For fleire nøkkeltal, sjå kapittel 9.1.2

Frå hausten 2023 vart det innført gratis deltids plass for elevar på 2. trinn i SFO. Ved rapportering 1. oktober vart det registrert 658 elevar på 1.-4. trinn som nyttar skulefritidsordninga. Det er ein auke på 71 elevar frå 2022, jamfør kap. 9.1.3.

Skulane har òg i 2023 gjennomført elevundersøkinga. Oppsummering av resultata er kort omtala i kapittel 7.

Tabellen under syner gjennomføringsgrad i vidaregåande opplæring.




Kjelde: Rogaland_fylkeskommune

I 2020 vart statistikken endra slik at ein nå måler gjennomføring etter 5 år for studieførebuande, og etter 6 år for yrkesfagleg utdanningsprogram. Dei tre siste åra, 2021 til 2023, kan direkte samanliknast. Åra 2020-2022 var det positiv utvikling kvart år. I 2023 var det færre elevar som gjennomførte vidaregåande opplæring, og Time ligg under snittet i Hå kommune og Rogaland.


I samarbeidet med Klepp kommune, Bryne vidaregåande skule og Øksnevad vidaregåande skule er delmålet i «Overgangsplan frå grunnskule til vidaregåande skule» for gjennomføring, at 82 % av elevane skal fullføra og bestå vidaregåande opplæring i 2024. Dette målet er for Time sin del justert opp i Strategiplan for Oppvekst 2023-2029 til at 9 av 10 av ungdommane våre skal fullføra vidaregåande opplæring. I 2023 ligg ein under dette målet då 80,7 % av elevane våre har fullført vidaregåande opplæring etter 6 år.

Alle skulane ligg innanfor lærarnorma som er 15 elevar per lærar på 1.-4. trinn, og 20 elevar per lærar på 5.-10. trinn. Skulane har hatt utfordringar knytt til å innfri kravet om at det skal settast inn særlege tiltak med ein gong det vert avdekka at elevar på 1.-4. trinn har behov for oppfølging innanfor lesing og rekning jamfør § 1-4 i opplæringslova. Det vart i Økonomiplanen styrka med eitt årsverk til dette føremålet. Denne ressursen er brukt for å styrka arbeidet med tiltaket systematisk arbeid med lesing på barneskulane i 2024.



Kjelde: Analysebrettet – Udir, Tilstandsrapport for Jærskulen 2023

Samanlikna med dei andre kommunane på Jæren (Gjesdal og Klepp), har Time ein litt større auke i andelen elevar med vedtak om spesialundervisning. I 2023 ligg me over nasjonalt nivå.



Kjelde GSI

Andel elevar med enkeltvedtak om spesialundervisning i Time viser frå 2020 til 2023 ein auke på dei tre hovudtrinna for alle åra. Diagrammet syner at talet på elevar med spesialpedagogisk hjelp har auka for kvart år. Det har over tid vore eit stort omfang av timar knytt til mange av enkeltvedtaka. Registrering per 1. oktober 2023 syner at talet på enkeltvedtak frå 2022 aukar mest på småtrinnet (1.-4. trinn) og på ungdomstrinnet (8.-10.trinn). Diagrammet kan sjåast i samband med tabellen som er framstilt under avsnittet knytt til PPT.

Auken i delen av elevar med vedtak om spesialundervisning i 2023 er ikkje eit isolert funn for timeskulen. Tal på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå i nærliggande kommunar viser same utvikling. Konsekvensen av utviklinga med auke i talet på elevar med spesialpedagogisk

hjelp, og auka omfang i timar er at dette medfører behov for meir bruk av ressursar på individnivå i skulen totalt sett.

Ei viktig oppgåve i Jærskule-samarbeidet har vore rekruttering av kvalifiserte lærarar. Talet på søkarar auka frå 2014 til 2021. I 2023 hadde Time 133 søkarar ved hovudutlysinga. Dette var ein nedgang frå åra før. Ei utfordring for skulane er dei fleste kandidatane er søkarar i fleire kommunar. Sjølv om det er eit godt grunnlag i første omgang, forsvinn mange av kandidatane til andre kommunar. Det er spesielt stor konkurranse om lærarar som har tatt lærarutdanning for 1.-7. trinn. Desse er det svært få av, og det medfører at skulane må bruka lærarar som er spesialisert for 5.-10. trinn. Konsekvensen er at skulane ikkje har den trengde kompetansen til dei yngste på 1.-4. trinn, og dette vert registrert som ikkje kvalifisert kompetanse i GSI.

Sjukefråværet i skulane ligg med eit snitt på 6,3 % i 2023. I 2022 var snittet for skulane 6,7 %. Måлтаlet for skulane er 6 %. 6 av skulane hadde høgare sjukefråvære enn måлтаlet.

Vaksenopplæring – Bryne kompetansesenter (BKS)

Time kommune er vertskommune for vaksenopplæringa for Hå og Klepp. BKS er ansvarleg for fagleg innhald, utvikling og drift. Leveranse og finansiering er regulert gjennom samarbeidsavtalar. Då Russland gjekk til krig mot Ukraina medførte dette ein stor auke i behovet for tilbod ved BKS. Organisasjonen har vist evne og fleksibilitet til å tilpassa seg endringar på kort varsel, noko som sikrar eit godt tilbod for alle kommunane. Nøkkeltal i kapittel 9.1.5 viser fordeling av deltakarar på dei ulike tilboda, og mellom kommunane.

BKS hadde i 2023 opplæring på tre hovudområde:

- Norsk og samfunnskunnskap til vaksne innvandrarar etter introduksjonslova for deltakarar frå Hå, Klepp og Time kommune. I tillegg kan personar utan lov og rett kjøpa denne tenesta av BKS.
- Grunnskuleopplæring til vaksne deltakarar frå Klepp, Time og Hå kommune. BKS er med i prosjektet «FVO (førebuande vaksenopplæring)». I prosjektet er læreplanar tilpassa vaksne innvandrarar, og det er mogleg å få både norsk språkopplæring og undervisning i grunnskulefag samtidig. Prosjektet gjeld til og med juni 2024, og etter dette vert prosjektet ei fast ordning i all vaksenopplæring i Noreg.
- Opplæring til vaksne- og einslege mindreårige asylsøkarar som er førebels busett på mottaket i Hå kommune. Dei får eiga tilpassa opplæring i form av asylnorsk eller opplæring på FVO.

Bryne kompetansesenter er tilbydar av statsborgarprøve, norskprøve og prøve i samfunnskunnskap. Det er også eit stort behov for informasjon og rådgiving kring rettar, lovverk og støtteordningar til deltakarar og andre.

Sjukefråværet for Bryne kompetansesenter var på 4,5 % i 2023. I 2022 var snittet for tenesta 4,4 %.

Flyktingtenesta Time og Klepp

Tenesta hadde eit netto mindreforbruk på litt over 1,0 millionar kroner i 2023. Det er meirforbruk knytt til lønn, inventar og kjøp av tenester. Årsak til mindreforbruket er mellom anna at det var færre deltakarar som fekk utbetalt introduksjonsstønad enn det vart budsjettert for.

Flyktingtenesta har hatt sitt tredje driftsår etter samanslåinga. Dei har fått fleire nye tilsette i 2023. Det har vore viktig å verta kjent, og å skapa ei trygg ramme rundt ein travel kvardag.

Time kommune busette 122 flyktningar frå Ukraina, av ein kvote på 185 flyktningar i 2023. Årleg busetting for Time kommune er vanlegvis 20-30 flyktningar. Grunnen til at kommunen ikkje greidde å fylla kvota, var at ein ikkje hadde kapasitet til å busetta fleire. Tenesta hadde åtte fast tilsette etter samanslåinga i 2021. Dei to neste åra auka bemanninga med 8,3 årsverk for å møte auken i talet på flyktningar til Time og Klepp. Per i dag har tenesta 16,3 faste årsverk.

Tenesta busette òg 121 flyktningar til Klepp kommune.

I 2023 har tenesta hatt fokus på å sikra heilskapleg arbeid på tvers av tenester og faggrupper, fokus på sjølvstende og inkludering og god kvalitet på introduksjonsprogrammet. Tenesta har utvikla resultatmål og tiltak for å sikra kvalitet. Desse ligg til grunn for arbeidet i tenesta og vert evaluerte.

I 2023 har ein valt å dedikera ein tilsett i 100% stilling for å jobba med foreldrerettleing, tiltak inn mot nye familiesameinte og med oppfølging av personar og familiar med utfordringar. Vedkomande har samtale med alle nybusette par og familiar for å informera og førebygga.

Flyktingtenesta har eit måltal på 4,0 % sjukefråvær. I 2023 hadde tenesta eit samla sjukefråvær på 4,1 %. Dette er ein auke frå samla sjukefråvær på 2 % i 2022. Dei sjukemelde har vorte følgde opp, jf. rutinane til Time kommune.

Time kulturskule

Time kulturskule gjekk i balanse i 2023. Kulturskulen har hatt kostnadane med å lønna to lærarar til musikkfagleg leing av det nyoppretta Demenskoret, frå og med påske 2023. Demenskoret har fått eigen stillingsheimel tillagd kulturskulen i budsjett for 2024.

Hausten 2023 hadde kulturskulen 707 elevplassar. Tilsvarende tal i 2022 var 697. Desse elevplassane er fordelt på 542 elevar. Etter opptak haust 2023 var 197 elevar på venteliste for tilbod i kulturskulen. 165 av desse var søkarar utan aktiv elevplass frå før, mens 35 venta på plass til tilbod nr. 2 eller 3. Dette er ein auke frå 20 stykk i 2022.

Time kulturskule valde i 2023 å frigjera nokre ressursar for å kunna vidareføra arbeidet inn mot grunnskulen med utgangspunkt i pilotprosjektet frå 2022 “Å våge seg på livet”
Kulturskule + Grunnskule = Sant i samarbeid med 7.trinn på alle skular i Time.

Våren 2023 fekk kulturskulen fagansvar med to lærarar i utvida delstilling for musikkterapeut og pianist til det nyoppretta Demenskoret i Time. Time kulturskule har fokus på å vera synlege og aktive i lokalmiljøet. Skuleåret 2022-2023 var det registrert elevdeltaking på 197 ulike arrangement og speleoppdrag i kommunen. Kulturskulen arbeider for mangfald,


integrering og ein kulturskule for alle. Elevplassar vert prioriterte til flyktningar i samarbeid med Alle Med-koordinator. Plass i kulturskulen kan òg vera eit tiltak for barn og unge i samarbeid med barnevern og familiesenter. 57 barn mottok økonomisk støtte til deltaking i Kulturskulen i 2023.

Kulturskulen fekk i 2023 auka driftsmidlar med 70 000 kroner som var øyremerka til å redusera foreldrebetaling eller som friplassar. Midla er direkte knytt til tiltak for å sikra deltaking og inkludering av barn og unge, uavhengig av betalingsevne til foreldra. Desse kommunale midla kjem i tillegg til det som kulturskulen rutinemessig søker om kvart halvår hos Røde Kors Coop-dugnaden og Røde Kors Grasrotfond.

Kulturskulen inngjekk i 2023 avtale om kjøp av ny nettside.

Kulturskulen har eit måltal på 6,0 % når det gjeld sjukemelding. I 2023 er gjennomsnittleg sjukefråvær 11,0 %. Det store fråværet kan forklarast med langtidssjukemeldingar. Dei sjukemelde har vorte følgde opp, jf. rutineane til Time kommune.

Helsetasjon- og skulehelsetenesta



Nøkkeltala i tabellen over syner at driftsutgiftene i Time ligg over Klepp og Hå. Dette handlar mellom anna om at helsetasjonen i Time leiger lokale medan dei i Hå eig lokala.

Helsetasjonstenestene hadde eit meirforbruk på 0,3 millionar kroner i 2023. Meirforbruket er knytt til høge driftsutgifter og lønnsmidlar som ikkje er fullt dekkja av tilskotsmidlar. Ein del av meirforbruket er henta inn ved å ha noko vakanse i tenesta. Avvik knytt til drift omhandlar tolketenester, lisensar, telefoni og utgifter til medikament brukt ved reisevaksining.

Utover deltaking i fellessatsingar i Oppvekst har tenesta arbeidd internt med eiga utvikling.

Tenesta har hatt fokus på oppfrisking i Motiverande intervju og fleire tilsette har deltatt på tre dagars opplæring. Tenesta har også jobba vidare med å implementera BTI og firfot-modellen.

Helsetasjonen 0-5 år har utvikla eit tilbod om søvnkurs for barn, i alder 7 månadar til og med 4 år. Dette skal starta opp i 2024 og alle helsesjukepleiarane og jordmødrene har gjennomført e-læringskurs i amming.

Skulehelsetenesta i barneskulen har gjennomført kurs om angst hos barn og unge og deltatt på to temadagar om barn som pårørende. Tre helsesjukepleiarar i ungdomsskulen har deltatt på sjølvmondsførebyggjande kurs, og målet om at alle som jobbar med ungdom skal ha dette kurset er nådd.

Flyktninghelsetenesta har gjennomført særskilt helseoppfølging av flyktningar i forbindelse med busetting. Dette gjennom eit samarbeid med Flyktningtenesta. Det er etablert gode rutinar for gjennomføring av lovpålagt foreldrerettleiing ved å nytta programmet IDCP. Det har i 2023 vore ei vidareføring av ressursar nytta til dette arbeidet i forbindelse med auke i antal flyktningar.

Jordmortenesta har starta opp med fødselsførebuande kurs i 2023. Dette er eit universelt tilbod.

Familiesenter har utdanna tilsett til kursleiar i «Tuning into kids» og starta opp gruppe for foreldre hausten 2023. Fagdag om emosjonsfokusera terapi er gjennomført med intern foreleser. Familiesenter samarbeider med helsesjukepleiarane i ungdomsskulen om kurset «Tuning into teens». To kurs er gjennomførte i 2023.

Helsestasjonstenestene har eit måltal på 4,0 % sjukefråvær. I 2023 hadde tenesta eit samla sjukefråvær på 2,5 %. Dei sjukemeldte har vorte følgde opp, jf. rutineane til Time kommune.


Førebyggjande arbeid ungdom

SLT-koordinator leiar Operativ SLT-gruppe, Politiråd, og Oppvekstteam i Bryne sentrum, Frøyland, Lye og Undheim. I desse gruppene sikrar ein stor grad av samskaping i alle ledd på kommunenivå og ut mot private og frivillige samarbeidspartnarar. SLT-koordinator sit i eit samarbeid mellom jærkommunane som vert kalla SLT-Jæren, og ei gruppe med fleire av kommunane i Rogaland som vert kalla SLT Sør-Vest. Her sikrar ein samarbeid på tvers av kommunegrenser, og ein har anledning til å drøfta erfaringar og trendar. SLT-koordinator er i tillegg til ovannemnde oppgåver fagleiar for Ungdomsteamet.

Ungdomsteamet har som mål å bidra til å sikra rett hjelp til rett tid på rett stad, og skal på lang sikt bidra til at ungdommen har lyst på livet og evne til å meistra det. Tilbodet er eit frivillig lågterskeltilbod for barn og unge i aldersgruppa 12-25 år. Teamet driv både oppsøkande, gruppebasert- og individuell oppfølging knytt til kriminalitet, rus og førebygging knytt til psykisk helse.

I 2023 har ein dreia ressursane frå å vera individfokusera til å ha meir fokus på oppsøkande arbeid og grupper. Fokus har derfor vore å sikra kontinuitet i det oppsøkande arbeidet på skulane, drifta fleire grupper knytt til konkrete behov, samt vidareføra og styrka samarbeid med skulane.

Barnevern



Nøkkeltala i tabellen over syner at me ligg under KOSTRA-gruppe 7 og landet, men over Klepp, Hå og Sandnes kommune.

Barneverntenesta hadde eit meirforbruk på 6,3 millionar kroner i 2023. Meirforbruket er knytt til kjøp av tenester til ungdom som mottar ettervern (2 millionar kroner til institusjon og kjøp av etterverntenester), kjøp av rettleiingstiltak til foreldre som har barn under omsorg og barn som er plassert på institusjon (3 millionar kroner) og auka lønn til fosterheimane (2 millionar kroner).

Tenesta hadde eit mindreforbruk på lønn på ca 0,8 millionar kroner.

Samarbeid har vore eit satsingsområde for barneverntenesta i heile 2023, i tråd med internt planverk. Det har vore gjennomført internkontroll knytt til medverknad og dokumentasjon av barnet sin stemme. Tenesta har hatt fokus på å kartlegga status knytt til komande kompetansekrav i barnevernet. I 2023 har det vore fokus på å jobba med gjenforeining og samvær og i forbindelse med dette deltar tenesta i eit stort utviklingsprosjekt kor dei fleste kommunane deltek.

Det er frigjort ein saksbehandlar til å arbeida som nettverkskontakt. Dette skal evaluerast i 2024.

Tenesta utarbeider ein eigen tilstandsrapport som vert lagt fram til politisk behandling våren 2024, i tråd med føringar i barnevernlova (§ 2-1).

Barneverntenesta har eit måltal på 7,5 % sjukefråvær. Tenesta hadde eit samla sjukefråvær på 9,2 % i 2023. Auken skuldast sjukefråvær knytt til graviditet. Dei sjukemeldte har vorte følgde opp, jf. rutinane til Time kommune.

4.2.4 Utfordringar framover

- Tilpassa aktivitets- og utgiftsnivået til tildelte budsjетtramar.
- Å ha nok kapasitet i tenestene til å utvikla, etablera og følgja opp tverrfagleg samhandling som forventast frå nasjonale myndigheiter.
- Å sikra tilstrekkeleg og kvalifisert bemanning som gir handlingsrom til å ta i vare barn og unge i fellesskapet i prosessen med å dreia ressursbruk frå individ til fellesskapet.

- Å sikra at det er lik kapasitet til lågterskeltilbod i møte med endringane i barnevernlova og høgare terskel for kva tid spesialisthelsetenesta tek i mot saker.
[Meld. St. 23 \(2022–2023\) \(regjeringen.no\)](#)
- Å rekruttera nok barnehagelærarar til å nå statleg målsetting om at 50 % av dei tilsette i barnehagane skal ha utdanning som barnehagelærer innan 2025.
- Rekruttering. Det er store utfordringar med å rekruttera lærar i barnehage og skule, samt barnevernspedagogar i barnevernet.
- Kapasitet til å følge opp implementering av ny Opplæringslov frå august 2024.
- Busetting av flyktningar: Vedtatt tal for busetting i 2024 er 130.
- Gratis deltids plass for barn i SFO 1.-3. trinn medfører behov for fleire tilsette. Stillingane i SFO er på ca 40 %. Dette er ei utfordring sett opp mot heiltidserklæringa.

4.3 Helse og velferd

Tenesteområdet omfattar administrasjon med teneste- og samordningskontor, institusjonsteneste, heimeteneste, miljøteneste, psykisk helse og rusarbeid, aktivitets- og servicetenester, helse og rehabilitering med fastlegetenesta, legevakt og NAV.

4.3.1 Økonomi

Helse og velferd	Rekneskap 2023	Budsjett m/endingar 2023	Budsjett u/endingar 2023	Rekneskap 2022	Avvik (B-R) 2023
Administrasjon og tenestekontor	12 836	13 438	12 982	11 707	602
Institusjonstenester	91 579	85 667	81 340	81 711	-5 912
Heimetenester og rehabilitering	130 034	109 983	99 144	104 737	-20 051
Miljøtenester	146 668	143 336	136 176	137 864	-3 332
Psykisk helse og rusarbeid	32 467	30 825	31 616	29 070	-1 642
Aktivitets- og servicetenester	8 085	6 621	5 507	6 707	-1 464
Helse og rehabilitering	34 784	36 710	34 642	35 189	1 926
Samhandling og vaksinekontor	12 854	13 230	12 549	14 757	376
Sosialtenester	43 054	42 281	32 487	34 734	-773
Sum Helse og velferd	512 361	482 091	446 443	456 476	-30 270

Helse og velferd har eit meirforbruk på 30, 3 millionar kroner.

Meirforbruket skuldast ein stor auke i tenester grunna auka behandling og behov for tenester i heimen etter sjukehusopphald. Auken i tenester kom seint på året i 2022. Det vart derfor ikkje budsjettert i økonomiplan 2023-2026. Det har vore behov for fastvakt både i demensavdelingar og på korttid- og rehabiliteringsavdelinga for å handtera personar med kognitiv svikt og utfordrande åtferd. Fleire avdelingar har brukt ekstra personell og bruk av overtid grunna høgt sjukefråvær knytt til Covid og influensa.

Det er ein auke i talet på eldre over 90 år som bur i eigen heim med behov for helse- og omsorgstenester. Kortids- og rehabiliteringsavdelinga har nytta dobbeltrom gjennom heile året. Det har vore inntil ti innbyggjarar til ei kvar tid i korttidsavdelinga som har venta på plass i institusjon. Det er betalt 4,5 millionar kroner for utskrivingsklare pasientar til Helse Stavanger og for kjøp av korttidsplassar i Klepp og Gjesdal kommunar. Høgt belegg på korttid-/rehabiliteringsavdelinga har gitt meir inntekter på 3,5 millionar kroner som er førte i institusjonstenesta.

Det har gjennom året vore vanskar med å rekruttera sjukepleiarar og vernepleiarar i nokre avdelingar.

Sosialtenester har eit meirforbruk på 773 000 kroner. Det skuldast ein auke i talet på innbyggjarar som mottek sosialhjelp.

4.3.2 Rapportering om tiltak 2023

Tiltak	Merknader	
Følga opp heiltidserklæringa	D	Pågåande arbeid
Starta opp arbeid med årsturnus i fleire avdelingar	U	
Styrka kompetansen hos tilsette jamfør Kompetanseplan	D	Pågåande arbeid
Styrka kompetansen hos tilsette på arbeidstidsordningar i forbindelse med heiltidsarbeidet	D	Pågåande arbeid
Utgreiing av vidare utbygging av omsorgssenter på Kvernaland	D	Pågåande arbeid
Gjennomføra brukarundersøking	D	Pågåande arbeid
Følga opp evaluering av kvardagsrehabilitering og iverksette tiltak for vidare drift	U	
Evaluera organisering av verksemda rus- og psykisk helsearbeid	D	Starta januar 2023.
Greia ut framtidige behov av administrasjon og leing av BPA-ordninga	U	
Gjennomføra leiarprogram for alle leiarar	U	
Ta i bruk elektroniske medisindispenserar samt utviding av digitalt tilsyn i fleire verksemdar	D	Pågåande arbeid
Evaluera Samarbeidsutvalet i Miljøtenesta og vurderer om det bør etablerast i andre verksemdar	D	Pågåande arbeid
Følga opp vertskommuneavtalen med Klepp kommune om ernæring og matproduksjon	U	
Evaluera organisasjonsendringa ved at verksemda Helse og rehabilitering med allmennlegetenesta inngår i tenesteområdet Helse og velferd	U	
Revidera Bustadplan	U	


U	= Utført	D	= Delvis utført	I	= Ikkje utført
---	----------	---	-----------------	---	----------------

4.3.4 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Helse og velferd

Sjukefråværet i 2023 var på 9,1 % mot 10,6 % i 2022. Fleire avdelingar har hatt høgt sjukefråvær i periodar. Nokre avdelingar har lykkast med å redusere fråværet. I avdelingar med stort sjukefråvær er HR-avdelinga involvert i arbeidet med å auka nærværet.

Demografiske endringar gir større behov for eigna bustadar og institusjonsplassar for eldre. Bustadplan 2020-2040 er revidert. Tiltak som er lagt i ny Bustadplan 2024-2040 vert innarbeid i framtidige økonomiplanar.

Grunna auka i behov for heimetenester, institusjon og korttidsopphald har kommunen utvida kapasitet med bruk av dobbeltrom, tatt i bruk kontor til midlertidige institusjonsplassar og kjøpt korttids plassar både frå Klepp og Gjesdal kommunar. Det er også gjort avtale med Hå kommune om kjøp av korttids plassar.



Time kommune har høgare driftsutgifter per institusjonsplass. I store delar av året har Time kommune hatt bruk av dobbeltrom, samt kjøp av institusjonsplassar grunna kapasitetsutfordringar. Desse plassane er ikkje medrekna i KOSTRA-tall på kommunale institusjonsplassar. Kommunen har hatt større behov for fastvakt enn tidlegare år.

I 2022 fekk kommunen ein felles heiltidsstrategi. Alle avdelingar arbeider med å etablera heiltidskultur. Årsturnus er eit av verkemidla for å oppnå store stillingar.


Gjennomsnittleg stillingsprosent i Helse og velferd per 31.12.2023 var 69,3 % mot 68,1 % i 2022.

Gjennomsnittleg stillingsprosent	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
	61,1	64,3	64,2	64,3	66,7	68,1	69,3

Tilsette i service- og næringslivet i Time kommune har fått undervisning om demensvennleg samfunn, og to servicenæringar er godkjende som demensvennleg.

Seminaret for pensjonistar vart gjennomført i juni med godt oppmøte. Seminaret har som mål å informera eldre om kva dei sjølv kan gjera for å få ein god alderdom.

I samarbeid med Klepp, Hå og Gjesdal kommunar er det gjennomført brukar- og pårørandeskule vår og haust 2023 for heimebuande personar med demens og deira pårørande.



Time kommune har høgare kostnad per innbyggjarar over 80 år. Dette skuldast hovudsakleg kjøp av institusjonsplassar grunna kapasitetsutfordringar og at Time kommune har fleire innbyggjarar over 90 år.

Kompetanseheving, opplæring og praksis

Helse og velferd sin kompetanseplan er styrande for kompetansehevinga som vert prioritert i verksemdene.

Helse og velferd er med i forskingsprosjektet TeleAmbus. Det er eit samarbeid mellom fleire kommunar, hudavdelinga på SUS og NORCE. I prosjektet vert det forska på digital oppfølging av sår.

Det vart arrangert felles fagdag i november med Hå og Klepp kommunar med tema pårørande arbeid.

[KlinObsKommune](#) er ein modell for klinisk observasjonskompetanse som er implementert i tenestene. Dette for å styrka tilsette sin kompetanse til å respondera på somatisk endring hos tenestemottakar.

Det har vore 17 lærlingar i Helse og velferd. To menn har hatt praksis i ordninga «Menn i helse». Det er 62 sjuke- og vernepleiarstudentar som har hatt praksisplass, og 66 Vg1- og Vg2-elevar frå Bryne og Tryggheim vidaregåande skular har vore i praksis. Det er 22 sjuke- og vernepleiarar som har rekrutteringsstillingar med kompetansemidlar frå Statsforvaltaren.

Det var seks sjukepleiarstudentar som var med på «studentovertaking» av to avdelingar i heimetenesta i forbindelse med fagdagar for tilsette. Det vart eit godt evaluert prosjekt.

Heimetenesta og rehabilitering har arbeidd med ein digital opplæringspakke frå [USHT Rogaland](#) retta mot smertelindring og lindring ved livets slutt. Verksemda har deltatt i prosjektet «Jobbvinner» i regi av KS og UIS. Det er etablert nye rutinar for mottak av studentar og lærlingar.

I Institusjonstenesta har dokumentasjon, observasjonskompetanse og bruk av tvungen helsehjelp etter kap.4a i [Lov om pasient og brukarrettigheter](#) vore prioritert.

Alle tilsette i avdelingar for personar med demens har fått opplæring i personsentrert omsorg(VIPS) og aggresjonsmestring (TAM).

Administrasjon og tenestekontor

Tenesta består av kommunalsjef Helse og velferd, tre rådgivarar, lærlingar, kommunepsykolog og Teneste- og samordningskontoret.

Internkontrollgruppa i Helse og velferd har utført 10 internkontrollar. Dokumentasjon, legemiddelhandtering, privat økonomi og kontroll av medisinsk teknisk utstyr er kontrollert. Avvik som vert avdekt vert arbeidd med i avdelingane.

I Teneste- og samordningskontoret arbeider kreftkoordinator, systemkoordinator for Koordinerende eining (KE) og fem saksbehandlarar.

Teneste- og samordningskontoret skal sikra gode tverrfaglege tenester og effektive pasientforløp for innbyggjarane. Verksemda har hatt ei sentral rolle i å løysa utfordringane med den store auken i behov for tenester.

Søknadar om tenester	2021	2022	2023
Nye søknadar	874	1035	1015
Forlenging av vedtak	734	863	960
Avslag på søknad	31	34	68

Det har vore ei lita auka i talet på vedtak. Talet på søknadar som vert avslått er dubla frå 2022 til 2023.

Det vert brukt meir ressursar knytt til saker for barn og unge som krev samordning på tvers av miljøtenester, barnevern og skule.

Familiar med barn som har samansette behov for tenester fekk i august 2022 rett til barnekoordinator. Tenesta er organisert i eit tverrfagleg team jf. sak [044/23 i Utval for levekår](#).

Pårørande som har ansvar for personar med demens eller anna kognitiv svikt treng avlastning. Avlastningsopphald i institusjon bidreg til at pårørande held ut lenger med omsorgsoppgåver.

På grunn av utfordringar med leveranse av GPS-klokker har det vore nokre innbyggjarar som ikkje har fått tenesta. Det er inngått avtale med ny leverandør av tryggleiksalarmar, sensorikk, sporing og varslingsteknologi i 2024.

Teneste- og samordningskontoret er sentrale i arbeidet med tildeling av bustadar. Det er lite tilgjengelege bustadar og høge leigepreisar på bustadmarknaden. Kommunen mottek nå søknadar om kommunal bustad frå innbyggjarar som tidlegare ville kunna ordna bustad sjølv.

Det er utfordrande å skaffa bustadar til innbyggjarar med rus og psykiske vanskar. Det er starta opp reguleringsarbeid med planar om å bygga fem småhus på Ree. Det vert arbeidd med ei midlertidig løysing med å bygga to bustadar ved sida av rådhuset.

Kommunepsykologen har arbeidd med utvikling av konsultasjonsteam og lågterskeltenester. Det er etablert eit samarbeid med Krisesenteret i Stavanger, som nå har kontor på Bryne ein dag, annakvar veke. Som ein del av det førebyggjande arbeid med å hindra vald i nære relasjonar, er det oppretta ei telefonteneste kor innbyggjarar kan melde frå om dei er bekymra for nokon.

Institusjon

Institusjonstenesta består av to sjukeheimar, Bryneheimen og Sivdamheimen. Begge sjukeheimane har dagsenter for personar med demenssjukdom.

Når fleire innbyggjarar bur lenger i eigen heim fører det til at pleietyngda i institusjon aukar. Det gir nye utfordringar med bemanning og kompetansebehovet i institusjon.

Institusjonstenesta fekk tilskott frå Statsforvaltaren til å tilsetta ein klinisk ernæringsfysiolog. For å sikra at stillinga vert ei fast stilling i Helse og velferd er det gjort omprioriteringar. Klinisk ernæringsfysiolog har arbeidd med pasientar i institusjon og heimesjukepleie. Det er oppretta eit fagnettverk for kommunale ernæringsfysiologar i Rogaland.

Demenskoordinator har følgd opp 98 innbyggjarar med demenssjukdom. Av dei har 35 nyoppdaga demenssjukdom. Fleire bur aleine og har ikkje nære pårørande, det gjer at demenskoordinator får eit større ansvar for oppfølging. Demenskoordinator er eit bindeledd mellom innbyggjar, fastlege og spesialisthelsetenesta.

Det vert gitt tilbod om dagsenter «Inn på tunet» to dagar i veka. Det har vore mindreforbruk av tenesta, grunna behov frå innbyggjarane.

Det har vorte installert elektroniske dørlåsar på pasientrom i demensavdelingane. Dette hindrar at uvedkomande kjem inn på pasientrom, det skapar meir ro og tryggleik i avdelingane og mindre behov for ekstra bemanning.

Det er kjøpt inn eit nytt logistikk-system på lageret for medisinsk forbruksmaterial. Dette gir betre oversikt over varelageret, betre rutinar for innkjøp og redusert svinn.

Det er oppretta eit samarbeid med Bryne tannklinikk og Tannhelse Rogaland for å betra tannhelsa til tenestemottakarane i institusjon.

Heimetenester og rehabilitering

Heimetenestene består av heimesjukepleie, kvardagsrehabilitering/helsefremjande heimebesøk, praktisk bistand, omsorgsbustadar, korttids- og rehabiliteringsavdeling, dagsenter for eldre og fagarbeidar velferdsteknologi.

Alle avdelingar har hatt ein auke i antal vedtakstimar. Fleire tenestemottakarar har hatt behov for meir oppfølging. Dette er knytt til at eldre vel å bu lenger heime med omfattande fysisk og kognitiv funksjonssvikt, og at fleire innbyggjarar har fått oppfølging etter sjukehusopphald. For å kunna levera nødvendige tenester har det vore leid inn ekstra personell og nytta overtid. I andre tertial vart det tilsett fleire i faste stillingar for å kunna handtera auken i tenester.

Fleire ønsker å få avslutte livet i eigen heim, det krev kompetanse og ressursar å handtera.

Tenesta Kvardagsrehabilitering vart evaluert i 2022. I år har tilsette, leiarar og tillitsvalde arbeidd med å sjå på kriterium for tenestetildeling, struktur og organisering. Det er planlagt å

starta eit ambulerande tverrfagleg rehabiliteringsteam. Det vert organisert under verksemda Helse og rehabilitering. Kvardagsrehabilitering (KVR) vert ein del av det ambulerande teamet. Dette skal sikra innbyggjarane meir heilskapleg behandlingsforløp både i kortids-rehabiliteringsavdelinga og i heimetenesta. Det er seks personar i teamet som består av fysioterapeut, ergoterapeut og sjukepleiar.

I bukollektivet på Sivdamsenteret er det bygd eit nytt bad, Badet er betre tilrettelagt for personar med store hjelpebehov.

Bilane i heimetenesta er skifta ut og oppgraderte for å vera meir driftssikre gjennom heile året. Tenesteområdet Samfunn har tatt ansvar for bildrifta.

Miljøtenester

Tenesta er for personar med fysisk og/eller psykisk funksjonsnedsetting. Tenesta inneheld heildøgnsomsorg, nødvendig helsehjelp, praktisk bistand og opplæring i daglege gjeremål, aktivitetssenter, tilrettelagt aktivitetstilbod før og etter skuletid (TAT), brukarstyrt personleg assistanse (BPA), avlastings- og barnebustad og oppfølging av heildøgnsstilbod frå eksterne leverandørar.

Det er inngått avtale med tre private leverandørar for Brukarstyrt personleg assistent(BPA). For å sikra ei robust og berekraftig organisering er det etablert eit team for dei kommunale BPA-ordningane som består av verksemdsleiar, avdelingsleiarar, fagutviklar og saksbehandlar frå Teneste- og samordningskontoret.

Det er arbeidd med nytt foreldreinitiativ kombinert med kommunale bustadar på Svertingstad for personar med behov for heildøgntenester. Eit tilsvarande foreldreinitiativ med kommunale bustadar vert planlagt på Kvernaland.

Samarbeidsutvalet i Miljøtenesta (SU) er ein arena for tilbakemelding og drøfting av strategiske saker i verksemda. Det har vore fire møte i år. Det er gjort ei evaluering av SU, ref. sak i [Utval for levekår 015/24](#).

Miljøtenesta deltek i eit prosjekt i regi av Nasjonalt velferdsteknologi program (NVP). Prosjektet har som mål finna løysingar for korleis teknologi kan gi unge med funksjonsnedsettingar betre helse og eigenmeistring i kvardagen.

Det har vore auke i behov for avlasting på Kvernaland barne- og avlastningsbustad. For å kunna gi eit tilbod til dei familieane som har behov for avlasting, har verksemda tatt i bruk Bryne aktivitetssenter og ei leilegheit ved Vardheia omsorgsbustadar.

Det er ei jamn auke i ressurskrevjande tenester. Kommunen kan søka Helsedirektoratet om delvis refusjon av direkte lønnsutgifter. Det er ei utfordring at personar over 67 ikkje er omfatta av denne ordninga og at innslagspunktet for refusjon vert auka.

Barne- og avlastingsbustaden har hatt tilsyn frå Statsforvaltar (landsomfattande tilsyn med kommunale helse- og omsorgstenester 2022 – 2023). Tilsynet vurderte om barn som mottar avlasting får eit individuelt tilpassa og forsvarleg tilbod. Det vart avdekkja avvik på mangelfull beskriving av tiltak og dokumentasjon. Dette avviket er lukka.

Vardheia omsorgsbustadar har hatt tilsyn frå Arbeidstilsynet. Funn frå tilsynet og tiltaksplan vil verta lagt fram i eiga sak i 2024.

Psykisk helse- og rusarbeid

Verksemda består av Meistringssenteret med lågterskeltilbod på Svendsenhuset, Kolheia bufellesskap med ambulerande team, oppfølging av tenester som kommunen kjøper av eksterne leverandørar, Vestbygget, Svertingstad bufellesskap og Røyrvika omsorgsbustadar. Svertingstad og Røyrvika er døgnbemanna.

Etablering av nytt bufellesskap i Vestbygget ved Bryneheimen har vorte utsett fleire gonger blant anna grunna tekniske forhold med bygget. Det vil verta tatt i bruk i første del av 2024.

Verksemda har fått tilskot i overgangsordning for opptrappingsplan for rusfeltet. Tre heile stillingar har vore knytt til dette. Det er i tilskottsperioden skapt meir variert aktivitet på Svendsenhuset. Det er etablert tett samarbeid med Bryne næringsforening. Tenestemottakarar har kome over i ordinært arbeid etter å ha mottatt tenester frå Svendsenhuset.

Det har vore arbeidd med utviding av personalbase og tre nye bustadar i Kolheia. Etter [KS-088/23](#) vert det arbeidd med kostnadsreduserande tiltak. Det er et mål at det vert lyst ut nytt anbod i første del av 2024.

Det er mangel på eigna bustadar for personar med psykisk helse og rusutfordringar. Det skapar uro og tilleggsbelastningar både for tenestemottakar og for dei som bur i nærområda når bustadar er dårleg tilpassa den enkelte.

Innbyggjarar med rus og psykisk helseutfordringar har kunna nytta tenester frå Jæren Recovery College(JRC). Dette er eit senter kommunane Sandnes, Stavanger, Sola og Time NAV og brukarorganisasjonane, A-larm, Crux oppfylgingssenter og Mental Helse samarbeider om. Samarbeidet er vidareført utan statlege tilskotsmidlar jamfør [KS-006/24](#).

Den interne evalueringa av verksemda, jamfør tiltak i Timeplan 2023-2026 er under arbeid og vert ferdig innan hausten 2024.

Aktivitets- og servicetenester

Her inngår tenestene sjåfør, Time frivilligsenter kafé og aktivitet,-og sysselsettingstiltak.

Time frivilligsenter kafé og aktivitet har hatt auke i talet på besøkande. Aktivitetssenteret gir tilbod om bassentrening, trimgrupper og andre gruppeaktivitetar. Kaféen har vore open heile året. Det er godt sal av middag og anna mat. Det er variert aktivitet og arrangement i frivilligsenteret. Det er frivillige som bidreg inn i dei ulike aktivitetane.

Det er starta opp ei 50 % prosjektstilling som er knytt til arbeid med flyktningar. Stillinga er kontaktpunkt inn i frivilligsenteret for flyktningar, har samarbeida med lag og organisasjonar, driv språkkafeen og andre aktivitetar knytt til norskopplæring og integrering. Prosjektleiaren har rekruttert flyktningar til arbeid i institusjon med personar med kognitiv svikt frå eige heimland.

Frivilligkoordinator, demenskoordinator og frivillige samarbeider om demenskoret. Koret opptredde første gong på det årlege seminaret for pensjonistar i Storstova og har opptredd fleire gonger etter det.

Ved utgangen av året hadde ikkje Time kommune venteliste eller ledige plassar for varig tilrettelagt arbeid (VTA) ved Jæren Industri Partner. Det er eit godt samarbeid med Jæren Industri Partner og NAV.

Vaskeritenesta er flytta til tenestoområde Samfunn frå hausten 2023.

Helse og rehabilitering

Verksemda består av Fysio- og ergoterapiavdelinga, Friskliv, Kvernaland legesenter og fastlegetenesta.

Verksemda vart flytta frå tenestoområdet Samfunn til tenestoområdet Helse og velferd i juni 2022. Det er gjort ei evaluering av organisasjonsendringa i 2023, [Amu-026/23](#). Evalueringa viser at tilsette og samarbeidspartnarar i hovudsak er nøgd.

Det har vore stabil drift i fastlegetenesta. Det har ikkje vore behov for å leiga inn legar frå vikarbyrå. Det er framleis vanskeleg å få søkarar til ledige fastlegeheimlar på private legekontor. Kommunen har to fastlegar tilsett midlertidig i kommunale stillingar på Sandtangen legesenter og ein ledig fastlegeheimel.

På Kvernaland legesenter er det rekruttert ny lege i 2023.

Plan for legetenesta 2023–2030, [KS-086/22](#) vert følgt opp.

Fysio- og ergoterapitenesta har auka tidsbruken på korttids- og rehabiliteringsavdelinga på Sivdamheimen. Dette er knytt til auka behov for tenester til innbyggjarar som skal ha behandling etter sjukehusopphald. Avdelinga hadde fysioterapeut i turnusteneste i fyrste halvår, den har bidratt inn i dette arbeidet. Fleire bur heime med behov for fysioterapi, det krev meir ressursar frå fysioterapeut. Det er eit mål å ha større grad av gruppetreningar med fysioterapeut.

Vertskommuneavtalen om interkommunalt samarbeid om [IKART](#) vart vidareført, [KS-022/23](#).


Det er etablert eit årleg samarbeidsmøte med dei private fysioterapeutane i kommunen for å sikra optimal arbeidsfordeling. Informasjonsutveksling, behandlingstilbod, arbeidsfordeling gruppetilbod og prioriteringar vart diskutert i møte.

Det er eit tett samarbeid mellom fysioterapi barn og helsestasjon. Avdelinga har hatt ei 50 % prosjektstilling knytt til prosjektet “Laget rundt lærar og elev”. Prosjektet vert avslutta ved utgangen av 2023. Helsestasjonen vil søka om midlar frå Helsedirektoratet i 2024 til tverrfagleg førebyggjande med ungdomskuleelevar.

Fysioterapi barn har starta opp med DigiHelse. Det er ei digital samhandlingsløyising som gjer ei meir effektiv samhandling med tenestemottakarar.

Det er auke i talet på innbyggjarar som treng ergoterapitenester. Det er lånt ut fleire hjelpemidlar frå kommunalt lager.


Friskliv gir tilbod om individuelle helsesamtalar og driv treningstilbodet Friskliv Jæren saman med Gjesdal, Klepp og Hå kommunar. Treningane «Frisk og sterk» som er for 60+ har godt oppmøte. Det har vore opp til 103 deltakarar på ei trening. Innføring av eigenandel frå 2023 har ikkje hatt betydning for deltakinga.



Desse tala inneheld i tillegg tenester knytt til helsestasjon, familie og barselomsorg

Sosialtenester

Består av NAV Klepp-Time, kommunalt sysselsettingstiltak og tilskott til interkommunalt krisesenter.



Det har vore ein auke i talet på sosialhjelpsmottakarar, ein del av dette er knytt til unge innbyggjarar og flyktningar. Arbeidsløysa er låg. Auka levekostnader har gitt fleire innbyggjarar behov for supplerande sosialhjelp. Satsar for sosialhjelp auka frå 01.07.2023.

Det har vore eit auka behov for bustadar og midlertidig bustadar. Det er ei krevjande oppgåve å løysa fordi det er lite bustadar på marknaden.

Statsforvaltaren har hatt tilsyn med «Ivaretaking av barns behov i familiar som søker økonomisk sosialhjelp». Det vart avdekkja manglande individuelle vurderingar knytt til behov hos barn når familien har økonomiske vanskar. Det er utarbeida tiltaksplan, og det er tilsett to familierettleiarar i prosjektstilling.

Arbeidstilsynet har hatt tilsyn med NAV. Det vart avdekkja to avvik, som er lukka.

Samhandling

Time kommune har i 2023 nytta 80 % av tildelte liggedøgn ved Jæren øyeblikkeleg hjelp (JØH).

Helse og velferd har gitt tilbod om den femte koronavaksine til innbyggjarar over 75 år og til innbyggjarar på sjukeheim. Apotek 1 på Kvernaland og Bryne har samarbeida med kommunen om vaksinerings. Innbyggjarar har kunna henta hurtigtestar på rådhuset gjennom heile året.

Det har vore arbeidd med evaluering av Jæren legevakt. Det kjem eigen politisk sak i 2024.

Kommunalsjef Helse og velferd er leiar for Fagleg samarbeidsutval. Utvalet har ansvar for å følge opp og prioritera i samhandlingssaker etter føringar frå Strategisk Samarbeidsutval i Helsefellesskapet Sør-Rogaland.

4.3.5 Utfordringar framover

- Kortare liggetid i sjukehus og meir oppfølging av behandling i kommunen.
- Redusert dekningsgrad på institusjon fører til auka behov for tenester i omsorgsbustadar og i eigne heimar.
- Auka behov for omsorgsbustadar med heildøgnbemanning for barn og unge.
- Dekka det aukande behovet for helse- og omsorgstenester grunna endringar i demografi.
- Mangel på egna bustadar for innbyggjarar med rus og psykiske vanskar.
- Sikra individuelle tilpassingar i tenestetilbodet til yngre personar med demens.
- Mangel på omsorgsbustadar og institusjonsplassar for eldre.
- Kompetanse og rekrutteringsutfordringar.
- Redusera sjukefråvær.
- Auka gjennomsnittleg stillingsprosent.
- Redusera kostnader på omsorgstenester per innbyggjar.
- Auka lågterskeltilbod innan psykisk helse.

4.4 Samfunn

Tenesteområdet Samfunn omfattar administrasjon, Eigedom, Kultur, Kommunalteknikk og Plan og forvaltning.

Tenesteområdet har som oppgave å driva og utvikla allmenne tiltak og tenester for innbyggjarane. Innbyggjarane skal vera sikra førebyggjande helsearbeid, nødvendig helsehjelp, hjelp til nødvendig livsopphald, bibliotek-, kultur- og fritidstilbod, kommunaltekniske tenester, planlegging, utbygging, drift og vedlikehald av kommunale bygg, anlegg og uteområde og dessutan nødvendig oppfølging av landbruks-, miljø- og kulturverninteresser.

4.4.1 Økonomi

Samfunn	Rekneskap 2023	Budsjett m/endingar 2023	Budsjett u/endingar 2023	Rekneskap 2022	Avvik (B-R) 2023
Administrasjon	2 036	2 207	2 144	3 043	171
Plan og forvaltning	9 549	10 300	10 231	8 453	751
Vegar og grøntanlegg	26 634	23 775	24 650	26 523	-2 859
Brannvern	15 078	14 910	14 910	14 374	-168
Kultur	29 416	26 810	25 589	26 951	-2 606
Eigedom	57 963	53 218	63 445	58 231	-4 745
Folkehelse og kommuneoverlege	2 589	2 461	2 306	1 664	-128
Vatn, avløp og renovasjon	0	0	0	0	0
Sum Samfunn	143 265	133 681	143 275	139 239	-9 584

Tenesteområdet har eit meirforbruk på 9,6 millionar kroner. Det er særleg straumkostnadar, sikringsordninga for straum og kommunale avgifter under Eigedom og vintervedlikehald under Vegar og grøntanlegg som har hatt meirforbruk. I tillegg har kinoen ikkje oppnådd budsjetterte inntekter. Sjølvkostområda vatn, avløp og renovasjon (VAR) fekk eit samla meirforbruk på 13,1 millionar kroner. Årsakene er nærare omtalt under kapittel 4.4.3.

4.4.2 Rapportering om tiltak 2023

Tiltak	Merknadar	
Beredskap og folkehelse		
Laga handlingsplan for bruk av partnerskapsmidlar folkehelse (Folkehelse)	U	
Revisjon av Folkehelseprofil for kommunen (Folkehelse)	U	
Følg opp «Folkehelseundersøkinga 2020» i plan og tiltaksarbeidet	U	
Gjennomføra beredskapsøving som inkluderer kriseleiinga	U	
Gjennomføra opplæring i krisehandtering og beredskapsøving for leiarar i verksemdar som ikkje har fått opplæring	U	
Følg opp tiltak i handlingsplanen i Heilskapleg ROS-analyse 2022-2025 Time kommune	U	
Revidera beredskapsplan for Time kommune	U	

Tiltak		Merknader
Revidera fagberedskapsplanar innan helse, omsorg og smittevern	D	Skal ferdigstillast i 2024.
Plan og forvaltning		
Utarbeida gatebruksplan for Bryne (Folkehelse)	D	Forslag til gatebruksplan er utarbeida og vil verta vurdert saman med rullering av sentrumsplanen.
Revidera Kommunedelplan for Bryne sentrum 2015-2026	D	Under arbeid. Politisk behandling i 2024.
Halda fram arbeidet med utarbeiding av «Tiltaksplan for Orrevassdraget» saman med Klepp	D	Forprosjekt for Roslandsåna pågår framleis, og dialogen med grunneigarane skal intensiverast. Målet er å finna ei løysing på flaum-/erosjonsproblematikken ved bruk av naturbaserte løysingar. Det vil krevja ytterlegare hydrologiske undersøkingar for å kunna detaljprosjektera endeleg løysing. For resten av Orrevassdraget er det utført undersøkingar med mellom anna teljing av fisk i bekkane. Rapport med forslag til tiltak vil verta motteke i løpet av 2024.
Følgja opp godkjent «Tiltaksplan for Håelva» saman med Hå	D	Time kommune har eit pågåande prosjekt med Hå kommune om moglege tiltak i Tverråna. Sommaren 2023 vart dei første tiltaka gjennomførte i Tverråna. I 2024 skal det gjennomførast ei rekke nye tiltak i Tverråna i samråd med grunneigarane.
Saksbehandlingstida for byggesak er blant dei lågaste i landet. Geodata skal ligga godt innanfor føringane i nasjonale lover og forskrifter	U	
Gjennomføra brukarundersøking for landbruksforvaltninga	U	
Gjennomføra brukarundersøking for byggesak	D	Brukarundersøkinga vart sendt ut i februar 2024.
Oppfølging og opprydding i etablerte reinseparkar	U	
Brannvern		
Greia ut alternativ kostnadsfordeling mellom eigarkommunane i Rogaland brann og redning IKS.	D	Førebels status i arbeidet vart gitt i kommunestyret 12.12.2023 . Arbeidet konsentrerer seg om kostnadsdrivarane i selskapet og handlingsrommet til eigarkommunane vert jobba på saman med selskapet, parallelt med ny brannordning. Tilskotsnivå i 2024 vert halde på 2023-nivå.
Kultur		
Revidera kulturminneplanen (2020-2022)	D	Arbeidet vert slutført i 2024.
Starta arbeidet med forprosjekt «Haugtussa-veka»	D	Planlegging i 2023, utprøving under Garborgdagar 2024, vidareføring i 2024/2025.
Følgja opp MUTE-prosjektet	D	Avtale med grunneigar og avtale med MUTE-foreininga vedtatt, KS-030/23 .
Oppføring av dagsturhytta (Folkehelse)	D	Ny plassering ved Melsvatnet, byggesaksbehandling. Planlagt ferdigstilt i 2024.
Rehabiliterer inngangspartiet og foajeen til Storstova	U	

Tiltak	Merknader	
Gjennomføra brukarundersøkingar av kino og bibliotek (kulturhus i 2024)	D	Brukarundersøking av bibliotek er gjennomført, ULE-021/23 . Kino gjennomført i 2023, vert rapportert i 2024.
Vegar og grøntanlegg		
Utarbeida gatebruksplan for Bryne (Folkehelse)	D	Forslag til gatebruksplan er utarbeida og vil verta vurdert saman med rullering av sentrumsplanen.
Gjennomføra prioriterte tiltak i trafikksikringsplanen	U	
Halda fram med utskifting av eldre veglys til LED-lys, ENØK-tiltak	U	
Systematisera og digitalisera drifta av overvass-, veg- og grøntanlegg	U	
Ta i bruk miljøvennleg teknologi for vedlikehald av grøntområde	U	
Halda fram med tiltak og planar for oppgradering av kommunale leikeplassar (Folkehelse)	D	Lye er ferdig. Forvaltningsplan for Kvernaland vart vedteken i ULK-010/24 . Bryne står att.
Vatn, avløp og renovasjon		
Få alle resterande abonnentar over på vassmålar	D	Går føre seg kontinuerleg – om lag 2 % står att.
Gjennomføra systematisk lekkasjesøking i leidningsnett	U	
Gjennomføra systematisk søking etter framandvatn i avløpsnett	U	
Syta for førebyggjande tiltak for overvass-handtering i utsette område på Bryne	D	Rossaland mot Frøylandsvatnet ferdig. Området frå Rossaland vestover til Roslandsåna har fokus nå.
Auka kvaliteten på innhald i brun dunk for våtorganisk avfall ved å gjennomføra eit prøveprosjekt med eigen hageavfallsdunk	U	
Auka henteordningsfrekvensen for grovavfall til kvar veke og farleg avfall til 6. kvar veke	U	
Eigedom		
Vurdera kvalitet og frekvens innan reinhald som ledd i kostnadsreduksjon framover	U	
Gjennomføra nødvendige brannsikringstiltak etter tilsyn i kommunale bygg	U	
Vurdera leigesatsane for utleigebustadane i forhold til marknadsleiga for leigebustadar på Jæren.	U	
U = Utført D = Delvis utført I = Ikkje utført		

Det er fleire tiltak som er delvis utførte, jamfør gul fargekode. Grunnen til dette er at fleire av tiltaka er omfattande og treng fleire år for å verta gjennomførde.

4.4.3 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Samfunn

Samfunn hadde eit samla sjukefråvær på 6,8 % i 2023 mot 7,5 % i 2022. Det er til dels store variasjonar mellom dei ulike avdelingane. I avdelingar med stort sjukefråvær har HR-avdelinga vore involvert i arbeidet med å auka nærværet.

2023 har vore prega av høg aktivitet. Bygge- og anleggsprosjekta er omtalte i kapittel 6. Nedanfor er nokre av dei politiske sakene kort omtalt.

Utval for lokal utvikling har vedtatt løysing for kjeldesortering av hageavfall frå hushaldningane (ULK-069/23). I ULK-100/23 vart sak om vintervedlikehald sesongen 2023/2024 behandla. Sak om evaluering av vintersesongen 2023/2024 vert lagt fram for utvalet i 2024.

Formannskapet har gitt høyringsuttale til forslag til regionalplan for grøn industri (FSK-013/23), regionalplan for kulturmiljø 2023-2035 (FSK-014/23) og forslag til kommunedelplan for dobbeltspor Sandnes-Nærbø (FSK-065/23).

Klepp og Time kommunar har samarbeidd om å utarbeide Handlingsplan for aldersvennleg lokalsamfunn 2022-2025. Handlingsplanen vart vedteken i KS-007/23.

Eit aldersvennleg samfunn er eit av dei fem satsingsområda i Meld. St. 15 “Leve hele livet” - ei kvalitetsreform for eldre som Regjeringa la fram våren 2018.

Kommunestyret vedtok i KS-019/23 Klima- og miljøplan 2023-2033 og handlingsplan 2023-2026. Hovuddokumentet (sjølv planen) inneheld hovudmål, overordna føringar, opplysningar om status, korleis måla skal nås og målindikatorar. Handlingsplanen (2023-2026) består av konkrete tiltak som skal gjennomførast fram mot 2026.

Planstrategi for gjeldande kommunestyreperiode er under utarbeiding og vil leggjast fram for kommunestyret hausten 2024. Her vil ein vurdere det samla planbehovet for kommunen i komande periode og gå nærmare inn på om og eventuelt kva delar av kommuneplanen ein ønsker å revidera.

Kompetanseheving, opplæring og praksis

Det er utfordrande å samla alle tenestene i samfunn om ein felles kompetanse- og opplæringsplan grunna store ulikheiter i driftsområde og fag. Kvar tenesteeining har oversikt over eigne kompetansebehov og opplæring. Kommunen sine internkurs og opplæring i felles system vert nytta når det er hensiktsmessig.

Digitalisering

Tenesteeiningane i Samfunn har ulike behov for digitalisering og nyttar ulike fagsystem. Det er gjort mykje for å gjera tenester og tilbod enklare tilgjengeleg for innbyggjarar.

Beredskap og folkehelse

Krigen i Ukraina og høge straumprisar har ført til fortsett høgt fokus på beredskap og energitryggleik i kommuneorganisasjonen og samfunnet generelt. Eit synleg teikn på at den sikkerheitspolitiske situasjonen er spent, er den store auken i talet på dataangrep sidan fullskala invasjonen av Ukraina. Kommunen har derfor hatt eit særleg fokus på å løfta merksemda om informasjonstryggleik i organisasjonen. Kommuneorganisasjonen er heilt avhengig av digitale tenester for å kunna driva som normalt. Kommunen har derfor knytt arbeidet med beredskap og informasjons- og datatryggleik tettare saman gjennom å gjera beredskapskoordinator til fast medlem av den interne sikkerhetsgruppa.

Beredskapsplan for Time kommune 2023-2026 vart vedtatt i formannskapsmøtet 26.09.2023 (FSK-046/23).

Folkehelseplan (2024-2027) vart vedtatt i kommunestyremøtet 19.03.24 (KS-017/24). Oversiktsdokumentet frå folkehelsearbeidet vil vera ein del av kunnskapsgrunnlaget til kommunal planstrategi.

Det vart i 2023 nedsett ei arbeidsgruppe som arbeider med digital universell utforming. Førsteprioritet har vore å laga tilgjengelegheitserklæring for nettsidene til kommunen. Det har også vorte testa og gått til anskaffing av programvare for universell utforming av dokument.

Regionalt partnerskap for folkehelse er eit samarbeid mellom Rogaland fylkeskommune og kommunane i fylket. Gjennom denne ordninga får kommunane tildelt regionale partnerskapsmidlar for folkehelse, og denne ordninga er viktig for finansiering av folkehelsetiltak i Time. I 2023 delte kommunen gjennom denne ordninga, ut 240 000 kroner til ni tiltak fordelte på alle kommunalområda; pengane gjekk mellom anna til oppretting av demenskor, innkjøp av diverse utstyr ved frivilligsentralen og gratis måltid ein gong i veka ved fritidsklubbane.

Kommunen kjøper brannverntenestene frå Rogaland brann og redning IKS.

Plan og forvaltning



Plan og forvaltning består av avdelingane plan, byggesak, landbruk og geodata, i tillegg ligg rådgivarar innan kommuneplan og klima og miljø til verksemda. Særleg planavdelinga har slitt med nokre langtidssjukemeldingar som gjer at verksemda samla sett har eit fråvær på omtrent 10 %.

Samla sett har verksemda eit mindreforbruk på 0,5 millionar kroner. Årsaka er ein kombinasjon av refusjon av sjukelønn og god inntening på geodata og byggesak. I tillegg har det vore nokre særskilte eingongsutbetalingar. Gebyrinntektene hadde ein liten nedgang på byggesak og ein større på plan, som skyldast noko lågare aktivitet samtidig som det var få større planar som genererer høge gebyr.

I 2023 vart det lagt fram sju private og kommunale forslag til detalj- og områdereguleringar til førstegongsbehandling. Seks område- og detaljreguleringsplanar er lagt fram til andregongsbehandling og godkjenning i kommunestyret. Dette er på same nivå som tidlegare år.

Oppfølging av områdeplan for Kalberg/Kvernaland krev framleis stor ressursbruk, og det har vore mykje arbeid knytt til dispensasjonssøknad for eit første byggetrinn tiltenkt datalagringssenter.

Landbruksavdelinga behandla 236 søknadar om produksjonstilskot og 127 søknadar etter RMP (regionalt miljøprogram). Dette er på same nivå som tidlegare år. I tillegg gav dei 30 tilskot til SMIL (Spesielle miljøtiltak i landbruket), med ei samla utbetaling på rett over ein million, noko som er ein klar auke.



Kjelde: SSB

Byggesak fatta i løpet av året 595 vedtak i bygge- og delesøknadar, igangsettingsløyve, mellombelse bruksløyve og ferdigattestar. Dette er ein oppgang på 128 vedtak frå 2022. Det er i tillegg gjennomført ei rekke fleire tilsyn og lovbrotsoppfølgingar i 2023 enn 2022. KOSTRA-tala viser at Time har raskare saksbehandlingstid enn nabokommunane på alle ulike typar saker, og betydeleg raskare på dei med lengre frist. Talet på klager i byggesaker er halverte samanlikna med 2022. Samtidig krev rettleiing, møte og førespurnadar stadig meir tid.

Geodata gjennomførte 52 oppmålingsforretningar, 9 seksjoneringar og 75 nye adresseringar. Drifta har vore god med høg aktivitet.

Å rekruttera og behalda kompetanse er avgjerande for å kunna levera gode tenester til rett tid. Tenesteproduksjonen i driftseiningane er sårbar ved lengre fråvær.

Kultur

Tenesta hadde eit meirforbruk på om lag 2,6 millionar kroner i forhold til budsjett, som i hovudsak skuldast sviktande inntekter for kinoen.

Sjukefråværet var lågt i avdelingane Kulturhus og kino samt Fritid. Biblioteket hadde eit sjukefråvær på 7,7 %, som hovudsakleg skuldast langtidssjukemeldingar.

Bibliotek

Time bibliotek hadde 99 000 besøkande i 2023, opp 32 % frå året før (talet på besøkande inkluderer Garborgsenteret og kaféen). Besøket er nå tilbake på nivå med normalåret 2019.

Samla utlån var på 104 000, som er på nivå med året før. Utlånet av e-bøker har auka kraftig dei siste åra, men dette utgjer framleis ein liten del av det samla utlånet.

Det vart halde 295 arrangement i 2023, som er på nivå med året før.

Garborgdagar 2023 vart arrangert i januar, med eit rekordstort publikum på 1 420.

Kino og kulturhus

Besøket på Bryne kino var i 2023 på om lag 74 000, som er på nivå med året før. Besøket i normalåret 2019 var på drygt 89 000. Tilsvarende tal nasjonalt var 9,3 millionar i fjor og 11,3 millionar i 2019. Kinobransjen slit framleis i motbakke etter pandemi-åra.

Storstova og Bryne Mølle hadde i 2023 eit samla besøk på drygt 25 000, opp 17 % frå året før. Det vart sett inn nye, energisparande vindauge i fasaden på framsida av Storstova, samt at inngangspartiet vart oppgradert med mellom anna ny lyssetting og skilt.

Livsgledefestivalen vart gjennomført i mars.

Fritid

Ungdomsklubben Møllekjellaren hadde om lag 12 000 besøkande i 2023, ein auke på 9 % frå året før. Besøket er med det snart tilbake på nivå med normalåret 2019. Ungdomsklubben på Lye auka besøket med 15 %, medan klubben på Kvernaland hadde ein liten tilbakegang på 5 %. Besøket på det tilrettelagde fritidstilbodet Humla var på nivå med året før.

«Alle med»-satsinga vart vidareført og gir framleis gode resultat når det gjeld integrering av nye barn og unge i ulike fritidsaktivitetar i kommunen. I 2023 vart 181 nye barn og unge inkluderte i ulike fritidsaktivitetar.

Aktivitetstilbodet «SommarTime», med eit mangfald av aktivitetar for om lag 2 500 barn og unge vart gjennomført sommaren 2023. I tillegg var det fleire ferieaktivitetar for barn og unge i både vinterferien og haustferien. Aktivitetsprogramma vart gjennomført i samarbeid med ei rekke frivillige organisasjonar og kulturverksemder. Både Møllekjellaren og Sivdambassenget var opne delar av sommaren.

Det vart arbeidd vidare med etablering av dagsturhytte i Time. Nytt lokaliseringsalternativ ved Melsvatnet er bestemt.

Kontaktkonferansen for lag og organisasjonar vart gjennomført i februar med om lag 40 deltakarar.

Kulturvern

Museumsanlegga vert drivne i samarbeid med Jærmuseet og frivillige organisasjonar og personar. Aktivitetsnivået og besøket i 2023 var godt, etter år med pandemirestriksjonar.

Arbeidet med å revidera kommunen sin kulturmiljøplan heldt fram i 2023, og skal etter planen slutførast i 2024.


Eigedom



Tenesteeininga omfattar forvaltning, drift, vedlikehald, reinhald av kommunale bygg og prosjektleiing/utbygging.

Sjukefråværet totalt i Eigedom var på 6,7 %. Det var lågt i forvaltning og byggdrift. Medan reinhaldsavdelinga hadde eit frávær på 8,9 %, som i stor grad skuldast langtidsfrávær.

Tenesta hadde eit meirforbruk på om lag 4,7 millionar kroner. Byggdrift har meirforbruk og dette skuldast i hovudsak 3,1 millionar kroner i energikostnader, 0,5 millionar kroner i kommunale avgifter og 2,1 millionar kroner for lite i inntekt for finansielt oppgjær straum. I tillegg har det vore ca. ein millionar kroner i ikkje føresette utgifter til dei to symjebassenga. Det er brukt 372 000 kroner frå eit fond og halde ei stilling vakant i Byggdrift for å kompensera noko av meirforbruket i 2023. Reinhaldsavdelinga hadde eit mindreforbruk på om lag 1,1 millionar kroner. Dette skuldast i hovudsak eitt vakant årsverk, samt innsparingstiltak og ein del sjukdom der det ikkje vart sett inn vikar fordi det har vore krevjande å rekruttera reinhaldsvikarar.

Byggdrift får utført ein del vedlikehald på kommunale bygg og bustadar, men etterslep av vedlikehald på den kommunale bygningsmassen og då spesielt på den eldre bustadmassen, er ei aukande utfordring.





Vegar og grøntanlegg

Tenestene omfattar drift av vegar, parkering, gatelys, utandørs idrettsanlegg, leikeplassar, friluftsområde, turvegar og kyrkjegardsdrift. Tenestene hadde eit samla meirforbruk på om lag 2,8 millionar kroner i 2023 mot 4,5 millionar kroner i 2022. De største negative avvika knytt seg til veg (1,3 millionar kroner), parkering (0,5 millionar kroner), gatelys (0,5 millionar kroner) og kyrkjegardar (0,5 millionar kroner).

Sjukefråværet har i 2023 vore på 4,5 % samla for Kommunalteknikk utanom VAR.

Kortidsfråværet var på 2,2 %.

Veg går med eit større meirforbruk knytt til vintervedlikehald i år som tidlegare år. Det er sett av 1,9 millionar kroner til vintervedlikehald i budsjettet og summen for 2023 er 1,9 millionar kroner høgare - totalt 3,8 millionar kroner. Det totale driftsbudsjett på veg utanom lønn er på 5,6 millionar kroner. I løpet av 2024 skal det fremjast ei evalueringssak for vintervedlikehald basert på endringane som vart gjorde for siste vintersesong.

Drift av bilar og maskinar vert stadig dyrare grunna høgare service- og drivstoffkostnadar og ein aldrande maskinpark. Time kommune har få “driftsmaskiner” samanlikna med nabokommunane og må vurdere ytterlegare reduksjon til fordel for innleige i 2024. I 2023 var

det reparasjonar og vedlikehald på nærare ein million kroner på fire av dei mest sentrale “driftsmaskinene”.

Drifta av parkeringstenesta har eit overskot på 0,6 millionar kroner mot budsjettet 1,1 millionar kroner. Leige av kinoplassen for både 2022 og 2023 er bokført i 2023, reelt overskot for 2023 er derfor nærare 0,75 millionar kroner. Prisane for 2024 er justert opp, og ein forventar at ein kan nærme seg målsetnaden om eit overskot på 1,1 million kroner i 2024.

Meirforbruket på gatelys er knytt til prisen på straum. Kommunen har ved utgangen av 2023 3 955 gatelys, alle er LED og på 3 415 kan ein styra styrken. På ettermiddag/kveld er styrken redusert til 50 % og på nattestid til 30 %. Talet på kWh er redusert med 22 % frå 2022 til 2023, frå 1 177 298 kWh til 921 724 kWh. Kommunen forventar å sjå ein ytterlegare reduksjon i kWh for 2024.

Time kommune har to kyrkjegardar med god standard. Den på Time vert òg mykje nytta som turveg/turområde. Overskridingane knyter seg til utgifter til kremasjon, stell av graver i kommunal regi og ein større reparasjon på nærare 200 000 kroner.

Stadig fleire vel kremasjon, for 2023 utgjorde dette 190 000 kroner i avgifter som er belasta drift av kyrkjegardane. Kostnadar per kremasjon er 5 800 kroner. Det er ikkje budsjettet med denne utgifta.

Stell av graver vert utført til sjølvkost.

Vatn, avløp og renovasjon

Sjukefråværet for 2023 er samla på 11,6 %. Kortidsfråværet er på 0,9 %.

Vatn, avløp og renovasjon (VAR) fekk eit samla meirforbruk på 13,1 millionar kroner. Renter og avdrag for sjølvkost vatn og avløp vart samla 3,9 millionar kroner høgare enn budsjettet og er saman med lågare gebyrinntekter og høgare prisar hos IVAR årsakene til meirforbruket. Etter dette resultatet er sjølvkostfondet for vatn negativt med 7 millionar kroner, for avløp negativt på 7 millionar kroner og renovasjon positivt på 1 million kroner.

Time kommune har investert tungt i overvasshandtering dei seinare åra. Dette kjem i tillegg til kommunestyret sitt mål om sanering av ein prosent av eksisterande leidningsnett. Ny hovudplan for vatn og avløp vert lagt fram for politisk behandling i 2024.

Auka finanskostnadar både på kommunen sine eigne investeringar og IVAR sine investeringar, saman med ein høg generell kostnadsauke i bygg- og anleggsbransjen, har gjort at kommunale avgifter for vatn og avløp har auka kraftig for husstandane i Time i 2023.

Tabellen under syner prisutviklinga for kommunale gebyr for Jærkommunane i perioden 2020 til 2023.

Kommunale gebyr knytt til bustad					
Årsgebyr ekskl. mva. (kr)					
		2020	2021	2022	2023
Avfallstenesta	Hå	2 600	2 860	3 146	3 650
	Klepp	2 467	3 029	3 105	3 164
	Time	2 300	2 592	2 640	2 640
Avløpstenesta	Hå	3 438	3 438	3 781	5 897
	Klepp	3 713	3 930	4 231	4 539
	Time	3 928	3 980	3 872	5 240
Vassforsyning	Hå	1 586	1 586	1 586	1 856
	Klepp	1 901	2 090	2 248	2 279
	Time	2 440	2 668	2 608	4 008
Feiing og tilsyn	Hå	408	416	453	453
	Klepp	304	304	340	340
	Time	344	372	380	380
Sum kommunale gebyr	Hå	8 032	8 300	8 966	11 856
	Klepp	8 385	9 353	9 924	10 322
	Time	9 012	9 612	9 500	12 268

Kjelde: SSB

Slik fordelte kostnadane på VAR-sektoren seg i budsjettet for 2023:

Vatn – 35,6 millionar kroner

Renter og avdrag	10,9 millionar kroner
Kjøp av vatn frå IVAR	13,4 millionar kroner
Drift av eige distribusjonsnett på 160 km	11,3 millionar kroner

Avløp – 40 millionar kroner

Renter og avdrag	12,3 millionar kroner
Kjøp av avløpsreinsing frå IVAR	19,2 millionar kroner
Drift av eige distribusjonsnett på 320 km	8,5 millionar kroner

Renovasjon – 23 millionar kroner

Levering av avfall til IVAR	12,0 millionar kroner
Innsamling av avfall	8,8 millionar kroner
Drift og interne tenester	2,0 millionar kroner

Vatn

Ved årsskiftet har om lag 98 % (200 abonnentar utan vassmålar) av abonnentane installert vassmålar og om lag 60 % har installert tilbakeslagssikring.

Lekkasje

I budsjettet for 2023 vart det avsett midlar til ein stillingsressurs som skulle arbeida systematisk med lekkasjesøk innanfor vatn og avløp. Arbeidet så langt, har gitt gode resultat. Ser ein bort frå endring i rapportering for driftsvatn, har Time kommune redusert vasslekkasjar med 5 % frå 2022 til 2023. Innlekking av framandvatn til avløp og reinsing låg både i 2022 og i 2023 på rundt 20 %. Fleire forhold er retta hausten 2023, og ein forventar å sjå ei positiv utvikling i 2024. Det viktigaste tiltaket er kontinuerleg sanering. I alle

saneringsprosjekt vert det nå testa med farga vatn i overvatn og spillvatn for å sjå at leidningane er kopla rett.

Vatn

Vasslekkasjar utgjorde på landsbasis 31,5 % i 2021 og 29,7 % i 2022. Lekkasjar omfattar også driftsvatn mellom anna til brannvatn og spyling av eigne rør. Time har tidlegare ikkje rapportert forbruk av driftsvatn i etter KOSTRA sine retningslinjer. Frå 2023 vert driftsvatnet rapportert etter KOSTRA si tilråding. Dette utgjør for 2023 9 % av reduksjonen i lekkasjar.

Forbruk og lekkasje vatn 2023:

	1 000 liter	%
Private	787 952	42
Kommunale bygg	56 276	3
Landbruk	334 739	18
Næring	124 908	7
Driftsvatn	181 782	10
Lekkasje	368 341	20
Sum		100

Avløp

Mengdene aukar betydeleg når det er store nedbørsmengder. Dette betyr at det framleis går ein god del overflatevatn til reinsing. Det er likevel ikkje ein klar samanheng mellom nedbør og mengdene som vert reinsa, noko som kan tyda på at der er tersklar ved intens nedbør som gir utslag på framandvatn i spillvatnet.

Forbruk og innlekk avløp 2021-2023:

	2020	2021	2022	2023
Årsnedbør i mm	1 941	1 197	1 329	1 453
Kjøp vatn IVAR ¹	2 282	1 989	1 889	1 852
Levert avløp IVAR ¹	3 380	2 169	2 348	2 351
Differanse ¹	1 098	180	459	498
Innlekk i %	32	8	19,5	21

¹ Alle tal i million liter

Ideelt sett skal mengde avløp vera lik kjøp av vatn minus driftsvatn.

Renovasjon

I 2023 vart det etablert fire midlertidige innsamlingsstasjonar for plast og Utval for lokal utvikling har gjort vedtak om eigne dunkar for innsamling av hageavfall. Denne ordninga er frivillig. Fleire nedgravne avfallsstasjonar vert opna for gjenvinning av plast i 2024.

Det er inngått ny rammeavtale saman med Sola, Klepp og Hå for innhenting av avfall. Denne tek til å gjelda frå 01.06.24 og vert i Time kommune berre utført med elektriske bilar.

Time kommune hadde det lågaste renovasjonsgebyret av Jærkommunane.

4.4.4 Utfordringar framover

Det er generelt sett høge forventningar til standarden på dei kommunale vegane, parkane, friområda, idrettsanlegga og kyrkjegardane. Det same gjeld for mest mogleg miljøvennleg skjøtsel av områda. Med dei store utbyggingane som har funne stad dei siste ti åra, har

kommunen store utfordringar med å imøtekomma forventningar i forhold til kva ressursar som er avsette i budsjettet. Investeringsane framover er framleis høge, så desse utfordringane må få auka merksemd i åra framover.

Det er eit aukande etterslep av vedlikehald på den kommunale bygningsmassen og spesielt på den eldre bustadmassen. Dette bør ha fokus i framtidig økonomiplanarbeid.

Samfunn har i tillegg følgande utfordringar framover:

- Slutføra revisjonen av kommunedelplanen for Bryne sentrum. Primært må føresegnene justerast i forbindelse med kommuneplanen sin nye arealdel.
- Slutføra revisjonen av kulturmiljøplanen.
- Fullføra arbeidet med utarbeiding av plan for naturmangfald.
- Utføra tiltak i tråd med tiltaksplanarbeidet i Håvassdraget saman med Hå, og for Orrevassdraget saman med Klepp.
- Ha fokus på å gjennomføra tiltak for å redusera tap/lekkasje i vassnett.
- Ha fokus på å gjennomføra tiltak for å redusera mengda avløpsvatn som må reinsast og sikra at meir av dette går i overvassnett.
- Fullføra ny hovudplan for vatn og avløp.
- Auka behov for utbygging av formålsbygg.
- Aldrande befolkning gir auka behov for å universell utforming av bygg og uteområde.
- Auke i ekstremvêrhendingar krev auka fokus på klimatilpassing areal- og samfunnsplanlegginga.

4.5 Stabstenester

Stabstenestene omfattar politiske organ og felles stabs- og støttefunksjonar for heile kommunen. Stab var i 2023 organisert i dei fire stabsområda Økonomi, Organisasjon, Politikk og samfunnskontakt og Digitalisering og utvikling. I stabsområda ligg tenester som politisk sekretariat, dokumentsenter, innbyggarservice, kommunikasjon, digitaliseringsrådgiving, IKT-drift, budsjett, rekneskap, lønn, personal og Jæren kommuneadvokat KO.

Næringsarbeid og Time kyrkjelege fellelsråd vert òg omtala i dette kapittelet.

4.5.1 Økonomi

Stabstenester	Rekneskap 2023	Budsjett m/endingar 2023	Budsjett u/endingar 2023	Rekneskap 2022	Avvik (B-R) 2023
Politiske organ	9 209	9 758	9 159	7 881	549
Administrasjon	56 387	57 489	54 643	53 323	1 102
Næring	1 073	940	915	832	-133
Trussamfunn	9 626	9 686	9 496	8 969	60
Diverse fellesutgifter	3 948	4 806	5 775	4 518	858
Sum stabstenester	80 243	82 679	79 988	75 523	2 436

Stabane har eit netto mindreforbruk på 2,4 millionar kroner som kjem av vakansar og at det ikkje vert henta inn vikarar ved sjukefråvær. Det er brukt mindre på etableringstilskot under «Diverse fellesutgifter». Det er derfor nytta 0,3 millionar kroner mindre enn budsjettet og i tillegg er det innfridde tilskotsmidlar på 0,4 million kroner i 2023 utover justert budsjett.

4.5.2 Rapportering om tiltak 2023

Tiltak	Merknadar	
Næring		
Delta i lokale og regionale næringsprosjekt	U	
Ha god dialog med eksisterande og potensielt nye næringsaktørar i kommunen	U	
Utarbeida ein felles næringsstrategi for Jæren saman med Hå og Klepp	D	Strategien er under utarbeiding og vil verta sendt på høyring våren 2024 med endeleg behandling i kommunestyra før sommaren.
Politikk		
Gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsval	U	
Folkevaltopplæring	U	
Teksting av opptak frå møta i folkevalde organ	I	Det er ikkje funne verktøy som gir tilfredsstillande kvalitet
Administrasjon		

Tiltak	Merknadar	
E-signering i fleire system	U	
Auka sikkerheitsnivået på fagsystema	U	
Digitalisera interne papirskjema og redusera behovet for print.	U	
Universell tilrettelegging av kommunen si nettsida	U	
Opprydding i kommunen sitt digitale hovudarkiv Websak	U	
Effektivisera administrativ fakturaflyt ved overgang til skyteneste	U	
Styrka økonomioppfølginga av skulane	U	
Time kyrkjelege fellesråd		
Styrka leiing og drift i Frøyland-Orstad sokn	U	
U = Utført D = Delvis utført I = Ikkje utført		

4.5.3 Vurdering og oppsummering av driftsåret for stabstenester

Politisk organ

Dei politiske organa i kommunen består av kommunestyre, formannskap, utval for levekår, utval for lokal utvikling, administrasjonsutval, ungdomsråd og senior- og brukarråd.

I 2023 er det gjennomført kommunestyre- og fylkestingsval med ein oppslutning på 67,9 %, medan landsgjennomsnittet var på 62,4 %.


Folkevaldopplæring for utvala, råda for medverknad og kommunestyret er delvis gjennomført i 2023, og vil fortsetta i 2024. Det har vore arbeidd med å få på plass teksting av streaming frå møte i folkevalde organ. Det er ikkje funne verktøy som gir tilfredsstillande kvalitet, og det vil derfor måtte arbeidast vidare med dette i 2024.

Kommunen nyttar Aventura KommuneTV si løysing for direkte websending av politiske møte. Sendingane kan sjåast direkte eller opptak i etterkant. I 2023 var det i gjennomsnitt 67,8 personar som såg direktesendt kommunestyremøte.

Formannskap- og utvalsmøta har betydeleg lågare sjåar-tal, her er det i overkant av 9 personar som ser på per sending. Tala viser at det er store variasjonar i talet på sjåarar for dei ulike møta. Forklaringa kan truleg vera at tala avheng av kva saker som er til behandling.

I 2023 vart det 502 visningar for kommunestyremøta i opptak. For formannskap- og utvalsmøte er talet 608. Det er naturleg at talet for kommunestyremøta er lågare, ettersom det er færre møte.

Administrasjon



Time har låge administrasjonskostnader. Kostnadane ligg betydeleg under gjennomsnittet for vår KOSTRA-gruppe og landsgjennomsnittet.

Stabsområde Økonomi

Økonomi har ein stabs- og støttefunksjon i organisasjonen og legg til rette for at ressursane i kommunen kan nyttast effektivt og til det beste for nåverande og framtidige generasjonar.

Avdelinga legg til rette for at verksemdene i Time kommune skal ha god økonomistyring og gjennomfører rette anskaffingsprosessar. Økonomiavdelinga gir opplæring, rettleiing og anna hjelp til både nye og røynde leiarar i deira økonomistyring. Kvart tenesteområde har fått ein dedikert økonomiressurs i oppfølging av budsjettrammer og rapportering.

Aktiviteten i avdelinga kjem dels frå behandlinga av om lag 66 300 inn- og utgåande fakturaer, sjå kapittel 9.4.1 for fleire nøkkeltal.

Økonomiavdelinga bruker i liten grad inkassoselskap for å krevja inn uteståande krav. I 2023 hadde økonomiavdelinga om lag 2000 saker som vart følgt opp i eige inkassosystem. Mange av desse sakene er arbeidskrevjande. Om lag 500 saker er nedbetalingsavtaler kor kunden sjølv har tatt kontakt. Det er ein auke i ca. 250 saker frå 2022.

Kommunen lånte ut 19,5 millionar kroner i startlån og vidareformidla 1,1 millionar kroner i tilskot til etablering og tilpassing av bustad. Kommunen har ved utgangen av 2023 samla utlån av startlån på 265,3 millionar kroner.

Stabsområde Organisasjon

Personal og lønn

Forbetring og digitalisering av personaladministrative rutinar var prioriterte i 2023. Det har vorte ein auke i talet på budsjetterte årsverk dei siste åra. Mengda av personaladministrative oppgåver har auka. Digitalisering og effektivisering av oppgåver og rutinar er nødvendig for å kunna levera rett lønn til rett tid. Det er tett samarbeid med Digitalisering og utvikling for å utvikla og nytta moglegheitene i programvara.

Dato for utbetaling av lønn til tilsette er endra frå 15. til 25. i kvar månad. Dette er gjort for å sikra ei meir korrekt lønnsutbetaling for kvar enkelt tilsett.

Dokumentsenter

I 2023 vart det digitale hovudarkivet Websak stoppa og begynt på ny. Dette fordi arkivet var over 20 år gammalt og innehalde mykje feil. Rutinar og oppsett vart gjennomgådde, og det nye arkivet står fram som meir ryddig og sikkert. Oppryddingsjobb i det gamle arkivet vart starta opp i 2023, og vil fortsetta utover i 2024. Når alt er rydda, skal det gjerast eit såkalla arkivuttrekk som skal leverast til vårt arkivdepot Interkommunalt arkiv i Rogaland.

Kommuneadvokaten

I 2023 har Hå, Gjesdal og Time kommunar formalisert samarbeidet om advokatteneste og oppretta Jæren kommuneadvokat KO. Dette er eit kommunalt oppgåvefelleskap som trådde i kraft 1. mai 2023. Jæren kommuneadvokat består av 5 advokatar som tek saker for alle tre kommunane. Advokatane er tilsette i Time kommune. Dei har hovudkontor i Time rådhus og kontordagar i dei andre kommunane.

Kommuneadvokaten sitt arbeid kan for året 2023 fordelast på følgjande hovudoppdrag: Rundt 40 % av kapasiteten går til barnevernssaker av ulik kompleksitet, 10 % til arbeidsrettslege problemstillingar og 10 % til hjelp i plan- og byggjesaker. Resterande 40 % utgjør alkoholsaker, erstatningsrett, klagesaker, delegeringsreglement, offentlege anskaffingar, eigedomsrett og andre saker frå kommunen sine ulike tenesteområde.

Stabsområde Politikk og samfunnskontakt

Innbyggarservice og kommunikasjon er kommunen si førstelinje for innbyggjarar som ønsker kontakt med kommunen. Avdelinga tok i mot om lag 23 000 telefonar via sentralbordet og det var 585 00 treff på nettsida til kommunen i 2023. I løpet av 2023 runda Time over 7 000 følgjarar på den kommunale Facebooksida. Dette er ein viktig kanal for å gi informasjon til innbyggjarane. Ved å bruka enkelt språk, og humor der det passar, vert kommunal informasjon tilgjengeleg for mange. I 2023 laga avdelinga også fleire små filmsnuttar om alt frå økonomiplan til rekruttering av lærlingar. Avdelinga har fokus på kontinuerleg utvikling gjennom å testa ut nye kanalar og løysingar, slik at ein når målet om å utvikla Innbyggarservice med digitalt førsteval som mål. Samtidig har ein fokus på at Innbyggarservice skal gi god service til innbyggjarar som har vanskar med det digitale.

Hausten 2023 starta kommunedirektøren ein prosess for å vurdere framtidig organisering av stab. Resultatet av prosessen var at stabsområdet Politikk og samfunnskontakt endrar namn til Samfunnskontakt og digital utvikling. Digitalisering og utvikling går inn i dette stabsområdet frå og med 01.01.24. Det same gjeld Dokumentsenteret. Ansvar for personvern og

informasjonssikkerheit vert lagt til Samfunnskontakt og digital utvikling. Det betyr at personvernombodet vil rapportera til leiar for Samfunnskontakt og digital utvikling. Digitaliseringssjef vert nå organisert som avdelingsleiar under leiar av Samfunnskontakt og digital utvikling.

Stabsområde Digitalisering og utvikling

Avdelinga har i 2023 hatt fokus på å utvikla M365-plattformen mot endå betre samhandling, kommunikasjon, informasjon, personvern og sikkerheit. Lisensiering er ei stadig økonomisk utfordring. I dette ligg årleg prisauke, men og ei stadig endring i kva som er omfatta av dei ulike lisensane som kommunen nyttar, noko som gjer det utfordrande å budsjettera.

Time er deltakar i det regionale samarbeidet DigiRogaland. Samarbeidet skal hjelpe kommunar å oppnå gevinstrealisering og innføra store nasjonale digitaliseringsprosjekt. Eit eksempel på dette er arbeidet med å skaffa nytt barnevernssystem i 2023. Dette vart gjort gjennom DigiRogaland, der nokre kommunar gjennom året på vegne av 18 Rogalandskommunar, har utarbeidd eit felles kravdokument. Vidare innkjøp og implementering vil skje i 2024 og 2025.

Kunstig intelligens (KI) er ny teknologi som kommunen òg har tatt i bruk i 2023. Den er allereie prøvd ut i små grupper blant tilsette i skulesektoren. Ein ser og på korleis denne teknologien kan gjera planlegging enklare innan Helse og velferd. Innan Samfunn har kommunen fleire spennande prosjekt der KI spelar ei rolle.

Kommunen har i 2023 haldt fram arbeidet med å betra oppetida på digitale løysingar, samt ytterlegare betra sikkerheita. Sikkerheit vil framleis vera eit stort satsingsområde.

Næring

Det er ordførar, varaordførar og kommunedirektør som har det overordna ansvaret for næringsarbeid i Time kommune. Arbeidet vert støtta av ei administrativ næringsgruppa bestående av kommunalsjef Samfunn, leiar Samfunnskontakt og digital utvikling, verksemdsleiar Plan og forvaltning, kultursjef og kommunikasjonssjef.

Kommunen arrangerer årlege Bykonferansen saman med Bryne næringsforening. I 2023 var det 200 påmeldte, noko som er det høgste talet så lenge konferansen har vorte arrangert.

Gjennom avsette næringsmidlar og eigne løyvingar har kommunen mellom anna gitt støtte til Agritech, Energihovedstaden og arrangement på Arendalsveka. Kommunen har også bidratt til at Lokalkapital Jæren har fått prosjektmidlar gjennom regionalt næringsfond.

Kommunen er medlem i Region Stavanger og Skape, og medlemskontingenten for desse vert ført under næring.

Kyrkja

Time kyrkjelege fellesråd har fått tilskot og tenester for 9,6 millionar kroner i 2023. I tillegg er det under Eigedomsforvaltning i Samfunn utbetalt 0,7 millionar kroner i husleigedekning, straum og tenesteyting.

Generelt

Sjukefråværet i stabstenestene var i 2023 på 5,8 % mot 3,5 % i 2022.

4.5.5 Utfordringar framover

Stab driv ulike fellesfunksjonar for ein kommuneorganisasjonen i vekst. Det er ikkje planlagt for ein tilsvarande auke i stab. Det betyr at stabsområda må vurdere nye og meir effektive måtar å arbeida på og nytta ny teknologi for å ta unna oppdragsveksten.

5 Kommunen som arbeidsgivar

5.1 Rapportering om tiltak 2023


Tiltak	Merknader	
Implementera nytt kompetansesystem	D	Implementering er starta
Oppretta heiltidsutval	U	
Utarbeida HR-prosessar og tenestekatalog	U	
Gjennomføra leiarutviklingsprogram	U	
Ferdigstilla arbeidet med ny arbeidsgjevarstrategi	D	Vert lagt fram våren 2024
Evaluera plan for likestilling og likebehandling	D	Vert lagt fram hausten 2024

U = Utført
 D = Delvis utført
 I = Ikkje utført

5.2 Vurdering og oppsummering av driftsåret

Tilsette i kommunen

2023		
	Budsjetterte årsverk	Tilsette i faste stillingar
Oppvekst	653	732
Helse og velferd	445	649
Samfunn	157	178
Stabtenester	56	59
Sum	1310	1618



Seniorpolitikk og pensjon

Seniortiltak er innført for å behalda tilsette lengre og redusera uttak av AFP. Frå og med 62 år kan tilsette inngå avtale om enten ulike formar for tilrettelegging eller kompetanseheving, eller ekstra fridagar.

Seniorar per 31.12	Tilsette aktive		Senioravtale		AFP 1)	
	2022	2023	2022	2023	2022	2023
62-64 år	68	65	11	33	16	23
65-66 år	16	24	3	10	6	26
67 år og over	5	9	-	1	-	-
Sum	89	98	14	44	22	49

1) Inkluderer heil/delvis AFP og SPK.

Pensjon	2020	2021	2022	2023
Aktive medlemmar i KLP og Statens pensjonskasse	1891	1988	2110	2173
Personar med heil/delvis AFP	26	35	38	73
Personar med heil/delvis uførepensjon 1)	138	142	145	199
Gjennomsnittleg uføredel per årsverk %, KLP fellesordning	7,4	7,3	7,0	7,2
Gjennomsnittleg uføredel per årsverk %, KLP sjukepleier	5,1	4,6	5,8	5,3

1) Dette inkluderer både varig og midlertidig uførepensjon og eksklusive oppsette rettar

Heiltid


Arbeidet med heiltid vert følgt opp i tråd med heiltidsstrategien for Time kommune. Time kommune har som mål at 60 % av dei tilsette er i 100 % stilling. Per 31.12.23 er det 51 % som har 100 % stilling. Heiltid gir best kvalitet i tenestene og best grunnlag for lønnsvilkår og pensjon for den tilsette. Heiltidsutvalet består av faste medlemmar og har faste møte der tiltak vert følgde opp.

Helse og velferd har sett i gang fleire prosjekt for å få opp talet på tilsette i 100 % stilling. Dei viktigaste tiltaka er å testa ut årsturnus og oppgåvefordeling. Eit av måla med årsturnus er å få til større stillingar ved å planlegga turnusen for dei tilsette over eit år. Samtidig vurderer kva oppgåver sjuke- og vernepleiarar, helsefagarbeidarar og assistentar skal utføra basert på fagleg vurdering.

	% tilsette med 100 % stillingar			Gjennomsnittleg stillingsprosent		
	2021	2022	2023	2021	2022	2023
Stabtenester	82,0 %	81,5 %	88,1 %	92,9 %	92,0 %	94,5 %
Oppvekst	69,4 %	70,5 %	71,7 %	90,3 %	90,4 %	91,1 %
Helse og velferd	33,3 %	36,1 %	39,0 %	66,7 %	68,1 %	69,3 %
Samfunn	60,1 %	57,3 %	65,7 %	78,0 %	76,3 %	80,2 %
Kommunen samla	54,6 %	55,9 %	58,5 %	79,6 %	80,9 %	81,3 %

Likestilling, mangfald og likebehandling

Time kommune er ein stor arbeidsgivar og har som mål å vera ein attraktiv og inkluderande arbeidsgivar, som speglar mangfaldet i samfunnet.



I Time kommune er det ein skeivfordeling mellom kjønn. I gjeldande Handlingsplan for inkludering, likestilling og mangfald er fleire tiltak gjennomførde. Mellom anda er det utarbeida heiltidserklæring for Time kommune, alle stillingsannonsar oppfordrar kvalifiserte kandidatar til å søka jobb uansett alder, kjønn religion/livssyn, seksualitet/kjønnsuttrykk, funksjonshemming, nasjonal eller etnisk bakgrunn, og kommunen er IA bedrift som legg forholda til rette for søkarar med redusert funksjonsevne. I stillingsgrupper som er overrepresenterte av kvinner, mellom anna sjukepleiarar og barnehagelærarar, vert særleg menn oppfordra til å søka.

Time kommune er den største arbeidsgivaren i kommunen og har mål om å vera ein attraktiv og inkluderande arbeidsgivar. Dette gjeld også for integreringsarbeidet som vert omtala særleg i Plan for mangfald og inkludering 2018-2025. Planen fokuserer særleg på dei som er nye i Noreg, mellom anna på språkopplæring, kvalifisering og arbeid, kultur fritid og samfunnsdeltaking og helse.

Likestillings- og diskrimineringslova er skjerpa dei seinare åra, med fleire nye område. Aktivitetsplikta som følger av diskrimineringslova pålegg kommunar å jobba aktivt, målretta og planmessig for å sikra kvalitet, representativitet og tillit i kommunen. Det er starta eit arbeid med å implementera gode og effektive rapporteringssystem for aktuelle område.

Leiarar per 31.12	2021		2022		2023	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kommunedirektøren si leiargruppe	43 %	57 %	38 %	62 %	25 %	75 %
Andre leiarar	74 %	24 %	72 %	28 %	74 %	26 %
Totalt tal på leiarar	72	26	67	30	74	31
Prosent leiarar/årsverk	7,4 %	13,2 %	7,8 %	17,0 %	6,8 %	13,4 %

Rekruttering

Faste tilsette som har slutta	2020	2021	2022	2023
Turnover	4,9 %	6,1 %	7,7 %	7,7 %
Årsverk	57,7	75,3	97,4	100,9

Tilsette	83	124	147	149
Av desse, alderspensjonerte	10	19	.	17 ¹⁾
Prosent slutta tilsette som gjekk ut med pensjon	12,0 %	15,3 %	5,4 %	5,4 %

¹⁾ KLP

Tabellen viser kor stor turnover, tal på tilsette som sluttar i Time kommune og startar hos ny arbeidsgivar mellom 01.01.23 og 31.12.23, Time kommune, hadde i 2023 og tidlegare år.

Tilsettingsreglementet vart revidert med oppdatert lovverk og prosess-skildring for leiarar og tillitsvalde. Ein god rekrutteringsprosess er også omdømmebyggjande, og då har det vore viktig for Time kommune å ha gode retningslinjer for gjeldande prosess.

HR-rådgivarar er med i rekrutteringsprosessar på leiarnivå. I desse prosessane vert det nytta kartleggingsverktøy som inviterer til dialog i intervjuet. Det vart rekruttert to leiarar i Helse og velferd, fem leiarar i Oppvekst, to leiarar i Samfunn og ein leiar i stab, i 2023.

I 2023 vart det lyst ut 58 færre stillingar i Webcruiter (nettbasert verktøy for tilsettingsprosessen). Av desse var det om lag 10 % fleire heiltidsstillingar, og nesten 40 % færre deltidstillingar. Samtidig som det vert kontinuerleg arbeid med å vurdere stillingsbehovet, kom det lovkrav i arbeidsmiljølova om drøfting ved utlysing av deltidstillingar. Dette har og vore medverkande til nedgangen i denne type utlysingar.

Tal på stillingar		Heiltidsstillingar		Deltidsstillingar	
2022	2023	2022	2023	2022	2023
347	289	182	200	119	76

Time kommune nyttar fellesutlysingar for fleire stillingstypar, som lærarar og fagarbeidarar i barnehage og skule, og ferie- og tilkallingsvikarar i helse og velferd, som gjer det vanskeleg å hente ut nøyaktige tal på rekrutteringar.

Det har vore færre søkarar enn året før, i alle kommunalområda.

Helse og velferd og Oppvekst hadde ein nedgang i talet på søkarar på nesten 30 %, der Samfunn hadde ein nedgang på om lag 60 %. Det vart innført stillingskontroll i 2023 som påverka i større grad stillingar som ikkje var knytt til Helse og velferd og Oppvekst. I tillegg var det færre deltidstillingar utlyste i Samfunn, i 2023.

For stabstenester er det i stor grad læringar som gir dei høge søkar- og tilsett-tala, sjølv om det har vore gjennomført fleire tilsetjingsprosessar der også, i 2023.


Område	Utlysingar		Søkarar		Tilsette	
	2022	2023	2022	2023	2022	2023
Oppvekst	107	123	1277	900	138	151
Helse og velferd	188	126	883	628	198	133
Samfunn	23	17	280	109	21	10
Stab (inkl. læringar)	4	17	100	166	24	19

Kommunen samla	Søkarar	Tilsett
Menn	503	49
Kvinner	1633	308
Totalt	2136	357

HMS og sjukefråvær

Kommunen si målsetting for sjukefråvær er at det, samla sett, skal ligga under 6,57 %.

Sjukefråvær				
År	2020	2021	2022	2023
Kort	2,0 %	2,1 %	2,7 %	2,1 %
Lang	5,2 %	5,1 %	5,8 %	5,4 %
Totalt	7,2 %	7,2 %	8,5 %	7,5 %



Sjukefråværet totalt for 2023 har minska med 1 prosentpoeng samanlikna med 2022. Likevel ligg kommunen over målsettinga på 6,57 %. Samanlikna med nabokommunane så hadde Time lågare sjukefråvær enn Hå og Gjesdal, og likt som Klepp, i 2023.

Det vert arbeidd godt med sjukefråværsoppfølging i kommunen, noko som viser igjen når ein samanliknar sjukefråværestalet med andre kommunar i fylket.

Leiarar og HR-rådgivarane samarbeider godt i arbeidet med å auka nærværet. Viktige tiltak er IA-kurs for alle leiarar og verneombod og godt samarbeid med NAV arbeidslivsenter, tillitsvalte og vernetenesta. Bedriftshelsetenesta vert brukt ved behov typisk ved langtids-sjukefråvær og meir kompliserte fråværsaker.

Internkontroll og kvalitetsarbeid

10-faktor medarbeidarundersøkinga vart gjennomført hausten 2023. Svarprosenten var på 80 %. Det er den høgaste svarprosenten kommunen har hatt.

Time kommune har samla fått tilnærma likt resultat som ved førre undersøking. Alle faktorar har same skåre som i 2020, med unntak av meistringsorientert leiing som auka frå 4.1 til 4.2 og meistringsklima som auka frå 4.2 til 4.3. Samanlikna med Noreg ligg me likt eller høgare på alle faktorar, eit resultat kommunen kan vera nøgd med.

Hausten 2023 fekk kommunen ny versjon av HMS- og kvalitetssystemet QM+. I forbindelse med dette fekk alle leiarar, tilsette og verneombod opplæring i systemet. Det er viktig at alle tilsette nyttar systemet når uønskte hendingar og avvik skjer. Dette for at tilsette skal ha det trygt og godt på arbeid og at kommunen gir gode tenester. Det vert kontinuerleg arbeida med å synleggjera kvifor det er viktig å bruka avvikssystemet. I forbindelse med den nye versjonen

vert også “Single sign on” (SSO) tatt i bruk. Med SSO vil det vera lettare for tilsette å logga seg inn i systemet.

I 2023 fekk kommunen fleire eksterne tilsyn frå arbeidstilsynet. Dette medførte blant anna til at kommunen oppdaterte risikoanalyseskjema i tråd med Arbeidstilsynet sine skjema.

Kommunen gjennomfører årlege vernerundar. Vernerunden er ei digital undersøking som vert sendt ut på e-post til alle tilsette. Resultatet synar at dei tilsette stort sett har det godt på arbeid. Alle leiarar skal følgja opp resultatet for si avdeling og setta inn tiltak ved behov.

Personvern

Det er auke i innmeldte avvik på informasjonssikkerheit og personvern i kvalitetssystemet QM+, noko som tyder på at organisasjonen vert meir bevisst sine forpliktingar på området. Det syner at tilsette tek ansvar og rettar opp i feil og forhåpentlegvis kan andre læra og sleppa gjera same feil.

Det er stor utvikling på området, der kunstig intelligens er siste nyvinning som både gjer nye moglegheiter og trugslar. Det er krevjande for dei tilsette å halda seg oppdatert. Som del av nasjonal sikkerheitsmånad oktober, vart det arrangert eit lynkurs for alle tilsette i spam/phising med meir av ekstern leverandør. Det er kjøpt inn eit kompetanseprogram for dei tilsette, og kommunedirektøren har vedtatt at alle tilsette skal ta del i KS sin informasjonssikkerheitskampanje i 2024.

For å styrka overordna beredskap, har beredskapskoordinator gått inn i Sikkerhetsgruppa. Der har det elles vorte jobba med risiko og sårbarheitsanalyse av fleire system og prosessar, i tillegg til utvikling og implementering av retningslinjer og prosedyrar for å informasjonssikkerheit.

Lærlingar

Time kommune ønsker gode arbeidstakarar og gir god opplæring i læretida. Kommunen nyttar faste fagmøte for lærlingane og instruktørane. I tillegg vert det gjennomført “lærlingskule” og “Bli-kjent-dagen” som er gode arenaer for opplæring.

I 2023 var det 66 søkarar. Talet på lærlingar ved utgangen av 2023 var 32, fordelt slik: barne- og ungdomsarbeidar 12, helsefagarbeidar 17, IKT servicefag, byggdriftar 1 og kontorlag 1.

Lærlingar i Time kommune	2020	2021	2022	2023
Inntak	20	17	18	16
Sum etter inntak	33	32	35	33
Per 31. 12	32	31	35	33

Lokale lønnsforhandlingar og tariff

Lønnsoppgjeret for 2023 var eit mellomoppgjer som betyr at dei sentrale partane forhandla om lønn og ikkje tekst i tariffavtalane. I mellomoppgjer er det ikkje lokale forhandlingar i kapittel 4 (dei store gruppene som for eksempel sjukepleiarar og lærarar) men berre lokale forhandlingar for kapittel 3.4.3 (avdelingsleiarar), 3.4.2 (verksemdleiarar) og 5 (rådgivarar og andre stillingar med høgare utdanning).

Lønnspolitisk utval godkjende den økonomiske ramme for kapittel 3 og 5 per 1.5.2023 på 6 %. Jærkommunane, samt Stavanger og Sandnes la til grunn ei økonomisk ramme på mellom 5,7 og 6,3 % for kapitla.

I forkant av forhandlingane inviterer arbeidsgivar alle fagforeiningane til drøftingsmøte der målet er å førebu komande forhandlingar og verta einige i kriteria for prioriteringane. Forhandlingane vart gjennomførde 3.10 og 5.10.2023. Arbeidsgivar og fagforeiningane vart samde om å prioritera generelle tillegg på grunn av auka prisvekst og renter, og behalda/rekruttera som dei viktigaste kriteria.

Kompetansebygging

Gjennom året er det halde fleire interne kurs. I hovudsak har dette konsentrert seg om opplæring av leiarar, verneombod og tillitsvalte i tema sjukefråvær og HMS-arbeid i regi av HR-avdelinga og NAV arbeidslivssenter.

Leiarutviklingsprogrammet som starta hausten 2022 i regi av Bjørnson Organisasjonspsykologene vart fullført våren 2023. Programmet inneheldt fysiske samlingar og samlingar på Teams. Deltakarane deltok og i egne læringsgrupper og føretok og undervisning på nett.

HR-avdelinga har i 2023 starta arbeidet med å gjennomføra interne gruppeprosessar og leiarutvikling. Kommunen har i den forbindelse nytta ressursar i Human Content for å auka kompetansen internt i HR for å finna ein god struktur for å fasilitera slike prosessar. Målet har vore å styrka kommunen sine leiargrupper og utnytta dei leiarressursane kommunen har.

Arbeidet med implementering av nytt kompetansesystem har fortsett i 2023. Det har vore utfordrande å finna ein god struktur for implementering og forankring. Omfanget av arbeidet med å fullføra kompetansesystemet har vist seg å vera større enn antatt. Mot slutten av året har kommunen lukkas med å finna ein god struktur, som gir meir fart i arbeidet med implementering og involvering av kommunalområda.

5.3 Utfordringar framover

Utfordringane for Time kommune som arbeidsgivar vert tilspissa. Endringane i demografien med ei aldrande befolkning er merkbar i kommunen og spesielt i Helse og velferd. Auke i talet på brukarar generelt legg press på tenestene og utfordrar samtidig dei økonomiske rammene i kommunen.

Konkurransen om kvalifisert arbeidskraft er vorte vanskelegare. Talet på kvalifiserte søkarar er færre i alle områda i kommunen. Talet på søkarar til felles utlysingar til ledige lærarstillingar er lågare enn tidlegare og det er eksempel på at det ikkje er søkjarar til ledige barnehagelærarstillingar. Denne tilspissa konkurransen vil utfordra kommunen si tenestelevering. I tillegg er det ein risiko for at kommunane på sikt kan måtta nytta økonomiske verkemiddel i større grad for å tiltrekka seg søkarar i konkurransen med andre kommunar.

Kommunedirektøren vil prioritera tiltak for å behalda tilsette for å redusera turnover for å dempa behov for nytilsettingar. Dei viktigaste tiltaka er å auka talet på tilsette i heiltid, ha lågt sjukefråvær, etablera gode arbeidstidsordningar, optimalisera organiseringa av arbeidsoppgåvene og skapa gode arbeidsmiljø.

Å halda tritt med den teknologiske utviklinga og implementera digitale løysingar for å betra tenestene, vil verta utfordrande. Endringane skjer raskare og vil krevja endra kompetanse og økonomiske verkemiddel for kommunen.

Kunstig intelligens (KI) vil verta implementert i stadig større del i kommunen. KI vil bidra til å automatisera rutinemessige oppgåver og gi betre støtte for å ta avgjerder då KI-system kan behandla store mengder data raskt. KI i kommunale system vil krevja nøye handtering av personvern og etiske retningslinjer.

6 Investeringar

Tabellane nedanfor viser korleis investeringane til kommunen er finansierte dei siste åra. Fullstendig investeringsrekneskap går fram av rekneskapsdokumentet for 2023. Alle notereferansar viser til dette dokumentet. Investeringane varierer mykje frå år til år. Jamfør tabellane nedanfor.

	Rekneskap				Budsjett
	2020	2021	2022	2023	2023
Investeringar i nybygg og nyanlegg	260 374	178 706	191 058	318 292	312 013
<i>Finansiert slik:</i>					
Investeringsinntekter	48,1 %	41,5 %	16,9 %	17,7 %	15,0 %
Eigenkapital	8,6 %	18,6 %	24,0 %	16,1 %	19,0 %
Låneopptak	43,3 %	39,8 %	59,1 %	66,2 %	66,0 %
Ikkje finansiert	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %	0,0 %

Det var opphøveleg budsjettert med 319,4 millionar kroner i investeringar. Budsjettet er justert ned med 7,3 millionar kroner til 312 millionar kroner. Årsakene til dette er avvik mellom budsjettert og finansiell framdrift i prosjekta. Mellom anna vart ombygging av C-bygget i rådhuset avlyst og i tillegg var det endringar på omsorgsbustadar og nokon vass- og avløpsprosjekt.

I 2023 er investeringane finansierte med 66,2 prosent låneopptak. Kommunen har tatt opp 206 millionar kroner i nye lån til investeringsformål samt eit grunnlån frå Husbanken på 4 millionar kroner. Det er i tillegg nytta ubrukte lånemiddel frå tidlegare år på 0,7 millionar kroner. Det var opphøveleg budsjettert med 224,4 millionar kroner i låneopptak.

	Rekneskap				Budsjett
	2020	2021	2022	2023	2023
Investeringar i nybygg og nyanlegg	260 374	178 706	191 058	318 292	312 013
<i>Finansiert slik:</i>					
Tilskot/refusjonar/sal (netto)	84 832	51 946	15 122	18 405	5 550
Momskompensasjon	40 444	22 286	17 099	38 090	41 327
Eigenkapital	22 383	33 285	45 891	51 138	59 137
Bruk av investeringslån	112 715	71 189	112 946	210 658	205 999
Sum finansiering	260 374	178 706	191 058	318 291	312 013
Avvik investering/finansiering	0	0	0	0	0
<i>Bruk av eigenkapital:</i>					
- overført frå drift	14 597	19 234	27 494	69 135	69 135
- netto bruk av tidlegare avsetningar	2 237	-1 305	4 012	343	0
- mottatte avdrag egne midlar	5 832	14 755	5 874	5 832	5 830
- årets salsinntekter	7 172	8 060	12 129	845	7 500
- utlån og tilskot til andre sine investeringar	-7 455	-7 459	-3 618	-25 017	-23 328
Sum	22 383	33 285	45 891	51 138	59 137

Investeringane er delvis finansierte av inntekter som statstilskot og refusjonar frå private utbyggjarar på 18,4 millionar kroner og momskompensasjon for 2023 med 38 millionar kroner.

Eigenfinansieringa består hovudsakleg av overføring frå driftsrekneskapen og mottatte avdrag frå Lyse. Utlån er netto utgifter til startlån (mottatte avdrag minus betalte avdrag) og omgjerung av ekstraordinært utbytte frå Lyse AS til ansvarleg lån.

I investeringsrekneskapen vert også utlån av startlån førte. I 2023 lånte kommunen ut 20 millionar kroner. Årleg låneopptak til vidareutlån er på 25 millionar kroner. Ubrukte lånemidlar til vidareutlån er per 31.12.2023 på 10,9 millionar kroner.

Årsoppgjersdisposisjonar i investeringsrekneskapen

Investeringsane går over fleire år, men investeringsrekneskapen skal gjerast opp årleg. Sjølv om me budsjettjusterer seint på året vert det avvik mellom budsjettert løyving og forbruk kvart år.

Investeringsrekneskapen vert gjort opp samla og ikkje for kvart prosjekt, og er i 2023 gjort opp med å nytta ubrukne lånemidlar på 0,7 millionar kroner.

Kommentarar til investeringsprosjekta

For å få ein best mogleg oversikt viser første kolonne rekneskapsført i 2023, kolonne to viser budsjett 2023, og for fleirårige prosjekt viser kolonne tre rekneskapsført hittil og fjerde kolonne viser samla prosjektløyving.

Det er ikkje alle prosjekta som er med her. I hovudsak er det berre vist prosjekt med store kostnader i 2023 eller andre forhold som gjer prosjektet spesielt interessant. For å sjå detaljane om alle prosjekta viser me til rekneskapsdokumentet.

Investeringsprosjekt som det i 2023 er avlagt eige rekneskap for i eiga politisk sak, vert ikkje kommenterte.

6.1 Administrasjon og fellesprosjekt

Administrasjon og fellesprosjekt	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Rekneskap hittil	Prosjekt- ramme
1101 IKT investeringar - felles	3 213	3 000	18 935	12 000
1111 Rådhuset C-bygg 3. & 4. etasje	1 481	2 500	2 283	11 500
1214 Revisjon av elektriske anlegg	375	300		
1215 ENØK	2 058	2 500	3 916	10 000
1222 UU-tiltak bygg	888	1 400	1 280	1 850
1223 Grønn energi kommunale bygg	5 612	5 765	5 612	20 000
1905 Eigenkapital i KLP	4 124	2 750	15 632	11 700
2246 Brannsikring/oppgradering bygg	491	500	2 457	2 800

1101 IKT Investeringar – felles

Det er i perioden gjort oppgraderingar på dei møteromma som gjenstod. Alle kommunalsjefar har fått store skjermar på kontora sine. Kommunestyresalen er oppgradert og fornya. Visma er oppgradert til skyteneste Visma Plus. ACOS Websak er klargjort med nye basar og oppgradert slik at det er klart til å flytta i sky i 2024. Me har innført eAdm, ei løysing som automatiserer tildeling av tilgangar og lisensar for brukararar av ulike IKT-løysningar i kommunen. Det er òg innført nytt kompetansesystem- Educatia. Fleire oppgraderingar på nettverk og brannmurar er gjort, slik at systema våre er meir robuste og sikre mot truslar utanfrå.

1111 Rådhus C-bygg 3. & 4. etg

Ombygginga av 3. og 4. etasje vart avlyst i KS-060/23 grunna den totale økonomiske situasjonen til kommunen og at kostnadane etter anbod var høgare enn budsjettet. Det vert nå utført ei enklare ombygging av 3. og 4. etasje i løpet av 1. halvår 2024. Desse to etasjane vert då tilpassa bruken og behovet til HR, Økonomiavdelinga og Barnevernet.

1223 Grønn energi kommunale bygg

Det er montert solceller til energiproduksjon på Bryne skule, Lye skule, Sivdamsenteret og Bryneheimen. Kommunen har fått tilskott på 7,5 millionar kroner frå Husbanken.

1215 Enøk

Det er i 2023 gjennomført fleire tiltak for å redusera energibruken i dei kommunale bygga. Det er mellom anna sett inn nye varmpumper på Bryne ungdomsskule, rådhuset og Kvernaland barnehage. Det vart også bytta vindauge i kommunale bustadar, der me fekk tilnærma 100 % finansiering frå Husbanken

1905 Eigenkapital i KLP

Time kommune har pensjonsordning i KLP som er eit gjensidig selskap. Når forvaltningskapitalen aukar, aukar behovet for eigenkapital kor kommunane må ta sin del.

6.2 Skular og barnehagar

Skular og barnehagar	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Regnskap hittil	Prosjekt- ramme
2203 Mindre ombyggingar - Oppvekst	1 722	1 500	9 208	6 000
2236 Avfallskonteinarar	617	500		
2257 Bryne skule - mat og helse, vindu, kantine sfo	1 684	1 000	1 684	2 000
2258 Lye skule - auditorium, himlinger, vindu og dører	1 009	1 000	1 031	6 000
2261 BKS - sikringsskap, inngangsparti, vindu	760	400		
2262 Ny ATO - forprosjekt	762	1 000	762	36 000
2322 Austbø barnehage påbygg administrasjon	7 886	9 000	9 219	11 200

2203 Mindre ombyggingar – Oppvekst

Mindre oppgraderingstiltak i skular og barnehagar er i hovudsak utførte og omtala i [ULK-011/24](#). Utval for lokal utvikling fekk der statusoversikt over utført arbeid i 2023. Noko meirforbruk grunna høgare prisar og nokre ikkje forutsette tiltak som måtte gjennomførast.

2257 Bryne skule– mat og helse, vinduer og kantine SFO

Det vart i 2023 gjort oppussing og isolering av utvendig vegg mot vest i sørbygget og bytta ut nokre vindauge i 1922-bygget.

2322 ATO-avdeling

Det vart påbegynt prosjekteringsarbeid i august. Etter ei vurdering av dei opprinnelege planane om å etablere ATO i paviljongbygget ved Lye skule, vart det vurdert som for kostbart med påbygg her. Det vart derfor sett i gang eit arbeid med å sjå på moglegheit for å etablere ATO inne i eksisterande bygningsmasse i Lye skule, og å flytta kunst- og handverksfaga over til paviljongbygget. Forprosjekt med kostnadsramme vart vedtatt i KS-004/24.

2322 Austbø barnehage påbygg administrasjon

Prosjektet gjeld tilrettelegging av arbeidsplassar for tilsette og ombygging av inngangsparti for småbarnsavdeling. Prosjektet har vore ute på anbod to gonger, fordi anbodet hausten 2021 vart avlyst på grunn av prisen var høgare enn kostnadsoverslaget, jf. FSK-072/21. Det vart lyst ut nytt anbod i 2022 og gjennomført som planlagt med overtaking i desember 2023.

6.3 Helse og velferd

Helse og velferd	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Regnskap hittil	Prosjekt- ramme
3101 Velferdsteknologi - omsorg	635	700		
3202 Mindre ombyggingar Helse og velferd	1 596	1 500		
3213 Kommunale bustader	5 473	14 000		
3214 Kolheia omsorgsbustader - utviding	1 068	5 000	2 217	21 000
3214 Kolheia omsorgsbustadar, tilskot				-4 650
3215 Omsorgsbustader - Foreldreinitiativ Svertingstad	2 152	1 500	2 489	74 900
3215 Omsorgsbustader Svertingstad, tilskot				-15 900
3215 Omsorgsbustader Svertingstad, sal				-12 300
3217 Foreldreinitiativ og avlastning, Kvernaland	239	1 000	239	71 000
3217 Foreldreinitiativ og avlastning, tilskot				-13 950
3217 Foreldreinitiativ og avlastning, sal				-12 750
3220 Senger og møbler Omsorg	912	1 000	2 882	3 400
3232 Rehabilitering Kommunale utleigebustader	1 082	1 000	5 943	4 000
3248 Planlegging og rehabilitering av vaskeriet	273	2 200	7 550	6 700
3269 Småhus Ree	342	500	6 048	17 100
3269 Småhus, Ree, tilskot				-1 200
3271 Ombygging Vestbygget - eldre personer med psyk helse	7 897	2 550	8 717	6 700
3272 Sivdamsenteret - tilrettelagte bad	527	450	527	900
3281 Utskifting av bilpark	1 139	1 500		
3283 Sivdamheimen - sprinkleranlegg	337	400		
3285 Småhus Rådhusparken	212	0	212	5 500
3285 Småhus, tilskot				-600

3101 Velferdsteknologi – Omsorg

Prosjektet gjeld kjøp av ny brukar- og tenesteretta velferdsteknologi innan Helse og velferd. Mykje av velferdsteknologien vert nå leasa. Mindreforbruket i investering må derfor sjåast i samband med noko av meirforbruket i Helse og velferd.

3202 Mindre ombyggingar – Omsorg

Mindre oppgraderingstiltak i Helse og velferd er i hovudsak utførte og omtalte i [ULK-011/24](#). Utval for lokal utvikling fekk der statusoversikt over utført arbeid i 2023.

3213 Kommunale bustadar

Det er kjøpt to bustadar i 2023.

3214 Kolheia omsorgsbustader utviding

Det er sett av 21 millionar kroner til nye omsorgsbustadar og påkrevd større personalbase i Kolheia, jf. KS-088/23. Prosjektet har tatt lengre tid enn først planlagt, på grunn av krav til regulering og høg pris på innkomne anbod. Det vert nå arbeidd med å sjå på kostnadsreduserande tiltak og førebu nytt anbod før sommaren 2024.

3215 Foreldreinitativ Svertingstad

Det er planlagt nye omsorgsbustadar for unge innbyggjarar og foreldreinitiativ på Svertingstad, jf. FSK-002/24. Det skal byggast 6 bustadar som foreldreinitiativ, og 4 kommunale omsorgsbustadar med felles personalbase. Prosjektet vert påbegynt 1. halvdel av 2024 og er forventa ferdigstilt sommaren 2025.

3217 Foreldreinitativ Kverneland

Det er planlagt å bygga kombinert tilbod for foreldreinitiativ og barne- og avlastingsbustadar med felles personalbase. Det er sett av 71 millionar kroner i perioden og berekna inntekter frå sal og statstilskot frå Husbanken er på omlag 26 millionar kroner. Det vert arbeid med å finna ei eigna tomt til prosjektet, då grunnundersøkingar av tomta i Teodor Dahls veg viste at den ikkje var eigna for formålet.

3248 Rehabilitering vaskeriet på Bryneheimen

Prosjektet vart påbegynt i 2022 og skulle ha vore avslutta i 2023. På grunn av avvik i forbindelse med branntryggleik og at nytt brannkonsept måtte utarbeidast, er prosjektet noko forseinka. Det har kome til nokre ekstra kostnader i forbindelse med denne forseinkinga. Det har vore litt problem med nye maskinar og ein del feilmeldingar som det har vore vanskeleg å finna løysingar på.

3269 Småhus Re

Prosjektet gjeld kjøp av tomt, regulering og oppføring av fem småhus over nokre år framover. Reguleringsarbeid starta i 2021. Arbeidet har vorte forsinka på grunn av diskusjonar om plassering av bygga på tomta og mogleg makebytte med nabo, jf. ULK-107/22. Ny plassering er avklart i ULK-097/23 og arbeidet med reguleringsplanen held fram. Planlagt ferdigstilling av første byggetrinn er i 2026.

3271 Ombygging Vestbygget – eldre personar med psyk helse/rusutfordring

Vestbygget har vorte bygd om til omsorgsbustadar. Prosjektet vart påbegynt i 2022 og vart slutført hausten 2023.

3283 Sivdamheimen – sprinklaranlegg

Det var sett av midlar til sprinklaranlegg på Sivdamheimen i 2023 og 2024. Det syner seg vanskeleg å gjennomføra montering av dette med drift på bygget. Det vart derfor bestemt at dette skal sjåast på i forbindelse med utviding/bygging av ny sjukeheim.

3285 Småhus Rådhusparken

Det har sidan hausten 2023 vorte arbeidd med å få på plass to småhus i tilknytning til rådhusparken. Det er planlagt at prosjektet skal leggest ut på anbod 1. halvår 2024, og at småhusa skal vera på plass i løpet av sommaren 2024.

6.4 Kulturbygg og kulturanlegg

Kulturbygg og kulturanlegg		Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Regnskap hittil	Prosjekt- ramme
4309	Mindre ombyggingar kulturbygg	905	950		
4315	1900-huset - rehabilitering	619	800	619	1 000
4465	Storstova - oppgradering	1 409	1 000	1 409	8 850
4480	Kunstarleg utsmykking	303	500	1 668	6 550

4309 Mindre ombyggingar kulturbygg

Mindre oppgraderingstiltak på kulturbygg er i hovudsak utførte og omtalte i [ULK-011/24](#). Utval for lokal utvikling fekk der statusoversikt over utført arbeid i 2023.

4465 Storstova – oppgradering

Det vart sett inn nye, energisparande vindauge i fasaden på framsida av Storstova, samt at inngangspartiet vart oppgradert med mellom anna ny lyssetting og skilt.

6.5 Idrett og friluftsliv

Idrett og friluftsliv	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Regnskap hittil	Prosjekt- ramme
3801 Symjehall	5 962	6 000	10 678	315 000
3801 Symjehall - tilskot				-36 000
3805 Ny idrettshall Bryne	126 126	115 000	161 160	185 000
3805 Ny idrettshall Bryne - tilskot				-21 000
3807 Fotballbane Rosseland	10 292	13 500	11 150	18 800
3807 Fotballbane Rosseland - spelemidler				-2 000
3807 Fotballbane Rosseland - Rosseland ballklubb				-2 000
3808 Timehallen - rehabilitering	456	500	963	2 000
5932 Lys Eivindsholstjødna	2 813	0	2 874	1500

3801 Symjehall

Detaljreguleringsplanen og forprosjektet er utført i 2023, jf. KS-sak 032/23.

Prosjekteringsarbeid og anbudsbeskriving vart påbegynt hausten 2023. Det vert nå jobba med kostnadsreduserande tiltak, jf. [KS-sak 091/23](#). Det er planlagt at anbod skal sendast ut i 2024 med byggestart i 2025.

3805 Ny idrettshall Bryne

Prosjektet hadde oppstart i 2022 og er i stor grad slutført desember 2023. Overtaking 02.01.2024, men noko utarbeid står att grunna dårlege vêrforhold i oktober og november. Dette vart ferdig til påska 2024.

3807 Fotballbane Rosseland

Prosjektet består av å bygga fotballbane og oppgradera uteområdet til Rosseland skule. Revidert budsjett med tilleggsøyving på 7,8 millionar kroner, vart godkjent i KS-033/23. Fotballbanen er planlagt som ein 9-er bane, til bruk for skulen på dagtid og til Rosseland ballklubb til trening og kamper på kveldstid og i helger. Uteområdet vart ferdigstilt hausten 2023, mens ny kunstgrasbane vert ferdigstilt i april 2024.

3808 Timehallen – rehabilitering

I 2023 er det utført oppgraderingar av el-anlegg etter pålegg frå el-tilsynet, og utvendig reinhald av fasadane.

5903 Utbetring leikeplassar

Mindre oppgraderingstiltak på leikeplassar er i hovudsak utførte og omtalte i [ULK-011/24](#). Utval for lokal utvikling fekk der statusoversikt over utført arbeid i 2023.

5932 Lys Eivindsholstjødna

Prosjektet vart ferdigstilt første halvår 2023. Ramma vart auka til 1,8 millionar kroner i KS-047/22. Manglar utbetaling av 0,6 millionar kroner i spelemidler.

6.6 Veg og parkanlegg

Veg og parkanlegg	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Regnskap hittil	Prosjekt- ramme
5600 Bilar, maskiner og utstyr	3 140	2 000		
5610 Trafikksikring	1 116	800		
5610 Trafikksikring - tilskot	-495	-500		
5643 Utskifting av gatelys	6 888	6 000	12 614	13 500
5650 Parkeringsautomater	130	200		
5664 Asfaltering kommunale vegar	3 024	2 500		
5665 Storgata, Bryne - etablering og opparbeiding til gågate	272	0	1 500	17 000
5672 Brusikring etter bruk kontroll	86	400		
5674 Vassdragstiltak i Hå- og Orrevassdrag	473	600		
5678 Gangsti Undheim - Taksdal	306	0	3 682	3 300
5681 Ladestasjon for kommunale biler	859	500		

5600 Bilar, maskiner og utstyr

Det er i 2023 kjøpt inn bilar og maskinar for 3,1 millionar kroner. Meirforbruket skuldast innkjøp av ein mindre multimaskin etter at den gamle brann opp. Multimaskina vert brukt både til plenklipping, feiing og vintervedlikehald.

5610 Trafikksikring

Gjennomføringa av aktuelle trafikksikringstiltak følger i hovudsak godkjend handlingsdel av «Trafikksikkerheitsplan 2016–2025» kvart år, jamfør godkjend økonomiplan. Handlingsdelen av planen legg grunnlaget for søknad om trafikksikkerheitsmidlar frå fylkeskommunen kvart år. Samla utgifter i 2023 har vore 1 126 000 kroner. Det manglar framleis utbetaling frå fylkeskommunen.

5643 Utskifting av lysmaster

Alle gatelys er nå skifta til LED. Det står framleis att konvensjonelle lysanlegg på fotballbaner, ballbingar og andre uteområde. Desse vil verta skifta i åra framover. Straumforbruket er redusert frå 1,2 millionar kWh til 0,9 millionar kWh frå 2022 til 2023. Sjølv om talet på punkt aukar frå år til år, forventar ein framleis redusert energiforbruk for 2024.

5664 Asfaltering kommunale vegar

Aktuelle vegar som er reasfalterte i 2023, går fram av ULK-sak 011/24. Prosjektet må sjåast i samanheng med prosjekt 5672 Brusikring.

5669 Smieparken

Prosjektet har ei kostnadsramme på 9,8 millionar kroner, jamfør KS-sak 029/19. Rekneskapsførte utgifter ved utgangen av 2022 gjeld innløysinga av gnr. 1 bnr. 39 ved makeskifte inkludert dokumentavgift og offentlege kostnader, samt anleggsarbeid. Anleggsrekneskap vert levert i løpet av 2024.

5678 Gangsti Undheim-Taksdal

Prosjektet har ei kostnadsramme på 2,2 millionar kroner. Prosjektet har meirutgifter i 2022 og det pågår ein dialog mellom Lyse, fylkeskommunen og kommunen for å få på plass ei tilfredsstillande løysing. Resultatet av dialogen vil danna grunnlag for eventuelle nye

tilsvarande prosjekt. Time kommune ventar nå på teknisk godkjenning av utbetringsiltak frå fylkeskommunen.

6.7 Vatn, avløp og renovasjon

Vann, avløp og renovasjon	Rekneskap 2023	Budsjett 2023	Regnskap hittil	Prosjekt- ramme
5500 VA strakstiltak + vassmålarar offentleg nett	6 033	6 000		
5550 OV separering felleskummar	888	1 000		
5556 VA tiltak - Rossaland - kapasitetsutviding Kong Haakons gate	3 446	10 000	46 003	47 800
5558 Vatn og kloakkering Skjæret	4 514	5 000	15 648	
5558 Vatn og kloakkering Skjæret - refusjon				
5562 Sanering VA og OV leidningar - Eikeberget, Varden, Ørnahaug	6 343	6 800	16 849	14 800
5563 Sanering VA og OV leidningar - Kolheibrotet og Austbøvegen	19 099	25 000	25 547	31 000
5567 VA Stadion, Røsslyngvegen og Trallfavegen	353	0	1 596	23 700
5567 VA Stadion, Røsslyngvegen og Trallfavegen - refusjon				-10 000
5575 VA-tiltak, Reemarka, Bryne	17 037	4 000	39 484	31 000
5575 VA-tiltak, Reemarka, Bryne - refusjon	-7 796	0	-18 065	-23 600
5577 Sanering VA og OV Trallfavegen/Myrbrotet	5 392	4 700	16 349	19 200
5577 Sanering VA og OV Trallfavegen/Myrbrotet - refusjon	0	0		-7 800
5587 Vannledning Stemmen-Hognestad	467	3 500	486	3 500
5587 Vannledning Stemmen-Hognestad - refusjon	-1 140	-1 500	-1 140	-1 500
5589 OV under Jernbanen - auka kapasitet	10 228	13 000	10 228	13 000
5593 Skifta vassledning Reevegen før asfaltering	3 619	2 000		

5500 VA strakstiltak og vassmålarar offentleg nett

Prosjektet gjeld nødvendige utskiftingar av større teknisk VA-utstyr som brått vart defekt, lekkasjetetting samt innkjøp av vassmålarar til det offentlege vassnettet.

5556 OV-tiltak Rossaland-Kjeldevegen

Prosjektet har ei kostnadsramme på 49,3 millionar kroner. Prosjektet er avslutta, og det er forventa mindretgifter. Anleggsrekneskap vert levert i løpet av 2024.

5558 Vatn og kloakkering Skjæret

Formannskapet gjorde i [sak 005/21](#) vedtak om at kommunedirektøren skulle arbeida vidare med offentleg VA-anlegg frå Undheim til Skjæret. Time kommunestyret godkjente i [K-sak 043/22](#) 7,1 millionar kroner ekstra til det private avløpslaget og godkjente forprosjektet for tilknytning til Undheim i [K-sak 044/22](#) med ei netto løyving på 20,6 millionar kroner.

Prosjektet er i gang, men på grunn av krav om arkeologiske utgravingar frå fylkeskommunen, krav om søknad om dispensasjon for plankrav frå Statsforvaltaren og ein avgrensa byggeperiode av omsyn til fuglelivet (april-august), vert det ikkje starta på hovudgrøfta før hausten 2024. Prosjektet er forventa avslutta i løpet av 2024. Forseinkingane vil medføra auka utgifter til lønns- og prisstigning.

5562 VA sanering Eikeberget, Varden, Ørnahaugen, Bryne

Prosjektet er fullført med ein kostnad på 16,8 millionar kroner. I entreprisen var det lagt inn fjell i grøft for 600 av 650 grøftemeter. Likevel er fjellmengdene større enn kalkulert på grunn av djupare fjell. Saman med lønns- og prisauke gjer det at prosjektet har eit meirforbruk på 2 millionar kroner. Anlegget er ferdigstilt, og anleggsrekneskap vert lagt fram i 2024.

5563 Sanering VA Kolheibrotet, Austbøvegen, Linevegen, Bryne

Prosjektet har ei ramme på 31 millionar kroner og er ferdigstilt. Det er usemje med entreprenør om sluttoppgjer.

5575 VA tiltak Reemarka, Bryne

Prosjektet skjer etter anleggsbidragsmodellen, det vil seia at Time kommune står som utbygger og får refundert påløpte utgifter frå prosjekteigar. Ein del av anlegget er sanering av Slettavegen, Litle Åvegen og nytt OV-nett for Bryne der kommunen skal dekkja delar av utgiftene saman med utbygger. Anlegget vart ferdigstilt sommaren 2023. Det er usemje med entreprenør om sluttoppgjer. Anleggsrekneskap vert lagt fram for politisk behandling i 2024.

5576 VA tiltak Stemmen, Håland

Prosjektet har endra karakter til å ikkje omfatta sanering av Stemmen, men sanering av Olavegen, Auglendsvegen og oppdimensjonering av OV-nett i tråd med overordna plan. Overordna OV-plan frå Dr Øverland/Dr Blazy var ikkje klar før etter ferdigstilling av prosjektering for nytt bustadfelt og inngått utbyggingsavtale. Time kommune har derfor dekkja utgifter til oppdimensjonering. Vidare er delar av avsette midlar omprioritert til ny OV-kryssing under jernbanen hausten 2023 [K-sak 041/23](#). Sanering av Stemmen vert sett i samband med ny kryssing under fv223 og nytt OV-anlegg frå Stemmen til Martinssen. Prosjektrekneskap vert lagt fram for politisk behandling i 2024.

5577 Sanering VA-anlegg Trallfavegen/Myrbrotet, Bryne

Prosjektet pågår og kostnadsramma er 19,2 millionar kroner. Det er kalkulert med 7,8 millionar kroner i refusjon frå utbygging av Bavaria-tomta når ho vert realisert. Prosjektet er nødvendig for å få sjølvfall frå Bryne storhall. Anlegget er noko etter framdriftsplanen, men innanfor budsjett. Anleggsrekneskap vert levert i løpet av 2024.

5587 Vassleidning Stemmen-Hognestad

Prosjektet er ferdigstilt med mindreforbruk på grunn av samkøyring med Lyse.

5589 OV under jernbanen – auka kapasitet

Prosjektet er nesten ferdigstilt. Forventa at prosjektet vert fullført innanfor avsett ramme på 13 millionar kroner. Anleggsrekneskap vert lagt fram for politisk behandling i 2024.

6.8 Tomtesal

Utbygging	Rekneskap	Budsjett	Rekneskap	Prosjekt-
	2023	2023	hittil	ramme
5200 Anna Tomtesal	271	0		
5200 Anna Tomtesal	-124	-7 500		

5200 Anna tomtesal

Det var budsjettert med sal av tomter på Lyefjell. Desse vert lagt ut for sal i 2024 etter opparbeiding av VVA og leikeplass.

7 Brukartilfredsheit og tilbakemeldingar

Time kommune hadde planlagt å gjennomføra 19 brukarundersøkingar i løpet av 2023. Under er resultatet med tilhøyrande kommentar til undersøkingar som vart gjennomførte.

Oppvekst

Foreldreundersøkinga for barnehage vart sist gjennomført i 2022. Undersøkinga skal gjennomførast igjen i 2024.

Elevundersøkinga

Elevundersøkelsen - Grunnskole	Time 2021	Time 2022	Time 2023	Nasjonalt 2023
Trivsel	4,2	4,2	4,1	4,0
Støtte fra lærer	4,2	4,2	4,0	4,1
Støtte hjemmefra	4,2	4,1	4,1	4,1
Vurdering for læring	3,5	3,6	3,4	3,4
Læringskultur	4	3,8	3,8	3,7
Mestring	4	4	3,9	3,9
Motivasjon	3,5	3,4	3,3	3,3
Elevdemokrati og medvirkning	3,6	3,6	3,5	3,5
Felles regler	4,3	4,2	4,1	4,1
Utdanning og yrkesveiledning	4,1	4,1	3,8	3,8
Faglig utfordring	4,1	4	4,0	4,1
Mobbing på skolen	.	.	7,9	11,9

Kjelde: Utdanningsdirektoratet. 5 best, 1 dårlegast, tala viser svar gitt av elevar på 7. og 10.trinn

Elevundersøkinga syner for 2023 at elevane på 7. trinn gir tilbakemeldingar som er rett under eller over nasjonalt nivå på indikatorane trivsel, fagleg utfordring, støtte frå lærar, vurdering for læring og elevdemokrati og medverknad. På 10. trinn er tilbakemeldingane på eller over nasjonalt snitt på dei same indikatorane.

Meir inngåande funn frå undersøkingane og andre læringsresultat for 2023 vert presenterte i eigen Kvalitetsmelding og tilstandsrapport for Jærskulen 2023 og i tilhøyrande saksframlegg ([Sak ULE 018/24](#)) Resultata er òg tilgjengelege på Utdanningsdirektoratet si nettsida via [analysebrettet](#).

Foreldreundersøkinga

Foreldreundersøkelsen - grunnskole	Time 2021	Time 2022	Time 2023	Nasjonalt 2023
Motivasjon	4,1	4,2	4,2	4,2
Støtte fra lærerne	4,5	4,6	4,5	4,5
Trygt miljø	4,4	4,4	4,4	4,3
Dialog og medvirkning	4,5	4,6	4,5	4,5
Informasjon fra skolen	4,1	4,2	4,2	4,1
SFO	4,7	4,5	4,4	4,3
Læring og utvikling	4,1	4,1	4,1	4
Snitt totalt	4,3	4,4	4,3	4,3

Kjelde: Utdanningsdirektoratet. 5 best, 1 dårlegast. Tala viser svar gitt av føresette til elevar på 7. og 10.trinn.

Foreldreundersøkinga er frivillig for kommunane å gjennomføra. Det er derfor vanskeleg å samanlikna med nasjonalt og regionalt nivå. Svarprosenten på 7. trinn var på 57,5 % og for 10. trinn var den 38,6 %. Foreldre svarer som elevane på ein skala frå 1 til 5. Foreldre sine svar både på 7. trinn og 10. trinn ligg mellom 4,0 til 4,6 på dei tilsvarende indikatorar som elevane har svara på.

SFO-undersøkinga

Skulefritidsordning (SFO)	Time 2019	Time 2021	Time 2023	Noreg 2023
Resultat for brukarane	5,0	5,2	5,1	5,0
Trivsel	4,7	4,9	4,9	4,9
Brukarmedverknad	4,6	4,8	4,8	4,6
Respektfull behandling	5,3	5,4	5,4	5,3
Tilgjengelegheit	4,4	4,8	5,0	5,0
Informasjon	4,0	4,1	4,0	4,1
Fysisk miljø	4,4	4,5	4,6	4,5
Helhetsvurdering	4,7	4,9	4,9	4,8
Snitt totalt	4,6	4,8	4,9	4,8

Kjelde: Bedrekommune, 6 best, 1 dårlegast.

Time kommune har oppretthaldt det gode resultatet frå 2021. Time kommune ligg over eller likt med det nasjonale gjennomsnittet, med unnatak av «informasjon» der ein ligg 0.1 under nasjonalt gjennomsnitt med ein score på 4.0. Det er og den svakaste indikatoren for Time kommune. Det er størst framgang på indikatoren «tilgjengelegheit» som går fram med 0,2 til 5.0.

Brukarundersøking for Helsestasjon 0–5 år vart gjennomført i 2022, eit år seinare enn planlagt grunna pandemien. Ny undersøking vart ikkje gjort i 2023, men skal gjennomførast i 2024.

Time kulturskule hadde brukarundersøking i 2022 og skal gjennomføra ny undersøking i 2024.

Helse og velferd

Institusjon	Time 2019	Time 2023	Nasjonalt 2023
Resultat for brukeren	5,1	5,1	5,1
Trivsel	5,4	5,4	5,4
Brukermedvirkning	5,1	5,1	4,9
Respektfull behandling	5,6	5,6	5,4
Tilgjengelighet	5,2	5,2	5,1
Informasjon	5,0	5,0	4,9
Helhetsvurdering	5,5	5,5	5,4

Kjelde: Bedrekommune, 6 best, 1 dårlegast.

Brukarundersøkinga for institusjon vart gjennomført i perioden 17. oktober til 7. november. Resultat vart lagt fram i utval for Levekår i sak [014/24](#).

Personer med nedsatt funksjonsevne - Pårørendes perspektiv	Time 2023	Nasjonalt 2023
Resultat for brukeren	4,6	4,6
Trivsel	5,1	5,1
Brukermedvirkning	4,8	4,8
Respektfull behandling	4,7	4,7
Tilgjengelighet	5,2	5,2
Informasjon	4,9	4,9
Heilhetsvurdering	5,2	5,2

Kjelde: Bedrekommune, 6 best, 1 dårlegast.

Brukarundersøking for personar med nedsett funksjonsevne, pårørande perspektiv vart gjennomført i oktober. Resultat vart lagt fram i utval for Levekår 17.04.2024.

Dagsenter for personar med demenssjukdom	Time 2023	Nasjonalt 2023
Resultat for brukeren	5,4	5,3
Trivsel	5,6	5,5
Brukermedvirkning	4,7	5,0
Respektfull behandling	5,4	5,6
Tilgjengelighet	5,6	5,5
Informasjon	5,4	5,3
Heilhetsvurdering	5,7	5,6
Snitt totalt	5,4	5,4

Det er gjennomført brukarundersøking på dagsenter for personar med demenssjukdom i perioden 22.12.2022 – 23.01.2023. Resultat vart lagt fram i utval for Levekår i sak [31/23](#)

Brukarundersøking i Miljøtenesta	Ja	Nei	Vett ikkje
Sjølvbestemming	84 %	4,3 %	10 %
Trivsel	76 %	7 %	17 %
Tryggleik	34 %	45 %	21 %
Brukarmedverknad	83 %		17 %
Respektfull behandling	75 %	19 %	8 %
Informasjon	71 %	10 %	15 %
Heilhetsvurdering	90 %	3 %	7 %

Det vart gjennomført brukarundersøking i miljøtenesta i september 2023. Undersøkinga vart laga lokalt. Resultat vart lagt fram i utval for Levekår i sak [012/24](#).

Verksemda Helse og Rehabilitering vart flytta frå tenesteområdet Samfunn til tenesteområdet Helse og velferd hausten 2022. Det er ikkje gjennomført brukarundersøking i verksemda i 2023. Det er gjort fleire endringar i arbeidsmåtar og anna endringsarbeid som har vore prioritert. Brukarundersøking er planlagt i 2024.

Samfunn

Brukarundersøking av biblioteket, gjennomført i 2022, rapportert i 2023.

Bibliotek	Snitt Time	Snitt Noreg	Snitt Time 2019
Service	5,4	5,3	5,3
Brukarmedverknad	4,7	4,6	4,6
Bibliotekets utlånstilbod/utval	4,8	4,7	4,8
Bibliotekets lokale	5,1	5	4,9
Tilgjengelegheit	5	5	4,9
Informasjon	4,6	4,5	4,6
Heilskapsvurdering	5,4	5,3	5,3
Snitt totalt	5,1	5	5

Resultata er svært gode, og betre enn snittet nasjonalt, samt betre enn resultata for Time bibliotek i tilsvarende undersøking i 2019.

Brukarane er godt nøgde med bibliotektenestene. Samtidig gir undersøkinga eit godt grunnlag for det vidare arbeidet med å forbetra tenestene. Resultatet er lagt fram for Utval for levekår (ULE-021/23).

Brukarundersøking av kinoen er gjennomført i 2023, og vert rapportert i 2024.

Brukarundersøking av kulturhuset vert gjennomført i 2024.

Brukarundersøking av byggesaksavdelinga vert gjennomført i 2024 og rapportert i 2025.

Brukarundersøking av private reguleringsplanar vert gjennomført i 2025.

Brukarundersøking av avfall frå private hushald vert gjennomført i 2024.

Brukarundersøking av drikkevatn vert gjennomført i 2024.

Stab

Brukarundersøking for kommunen si internettsida vil verta gjennomført i 2024 i tråd med varsla justering i økonomiplan 2024-2027.

10-faktor medarbeidarundersøkinga vart gjennomført hausten 2023. Svarprosenten var på 80 %. Det er den høgaste svarprosenten kommunen har hatt. Time kommune har samla fått tilnærma likt resultat som ved førre undersøking. Alle faktorar har same skåre som i 2020, med unntak av meistringsorientert leiing som auka frå 4.1 til 4.2 og meistringsklima som auka frå 4.2 til 4.3. Samanlikna med Noreg ligg me likt eller høgare på alle faktorar

8 Status politiske vedtak og planstrategi

8.1 Restanseliste politiske vedtak

Oversikta nedanfor viser ei restanseliste for politiske vedtak i kommunestyret som førte til særskilt oppfølging frå administrasjonen si side. For desse sakene vert det rapportert på status ved utgangen av 2023. Verbalvedtak vedtatt i forbindelse med økonomiplanen for 2024-2027 er ikkje omtalt i lista under då dei gjeld.

Saksnummer/sak	Status
KS-060/23 Prosjekt 1111-Time rådhus, bygg C, ombygging av 3. og 4. etasje - Revidert budsjett etter anbod	
Kommunestyret ber kommunedirektøren i arbeidet med ny økonomiplan sjå på alternative løysingar til ei vesentleg lågare kostnadsramme for naudsynthe utbetringar av 3. og 4. etg. samt auking av kontor- og møteromskapasiteten på rådhuset.	Det vert utført ein enklare ombygging av 3. og 4. etg i løpet av 1. halvår 2024. Disse to etasjane vert då tilpassa bruken og behovet til HR, økonomiavdelinga og barnevernet.
KS-066/23 IVAR IKS - Valg og sammensetning av de styrende organ	
Time kommunestyre ber kommunedirektøren, i samråd med øvrige eierkommuner, igangsette ein revisjon av felles eierstrategi for IVAR IKS (2012), herunder oppdatere kriteriene for sammensetning av styret.	Eigarskapskontroll er bestilt hos Rogaland revisjon IKS og er forventa levert hausten 2025.
KS-083/23 Samarbeid med ukrainsk kommune	
